

**«Den som tager andens gods
er iche
bedre end een tyv!»**

**Ulovleg tileigning av annan manns eignedom.
Lovgjeving og
rettshandheving på tinget i Nordhordland sorenskriveri,
1664 – 1707**

Øyvind Hobberstad

Hovudfagsoppgåve

**Universitetet i Bergen / Høgskolen i Bergen
1997**

I startgropa

"Du har taget min gied til dig som ingen Ærlig mand, och den som tager andens gods er iche bedre end een tyv!"

Vi er på Radøy i Nordhordland ein maidag i 1704. Det er Johannes Qvidsteen som ausar vreiden sin ut over Magne Qvame. Magne tykkjer det er så ille å bli overhovla på dette viset at han like godt stemnar Johannes til tings for den skammelege skuldinga. Samstundes stemnar han Michel Qvidsteen til vitne. På sommartinget i Radøy skipreide i Nordhordland sorenskriveri, 18. juni 1704, står difor Michel fram i tingstova og fortel om skuldinga som han hørde at Johannes retta mot Magne – og ord for ord fører sorenskrivaren vitneutsegna inn i tingboka. Slik heng det saman at vi mest 300 år seinare kjenner til kontroversen mellom Johannes Qvidsteen og Magne Qvame – og at eg nyttar same kontroversen som innfallsvinkel i denne hovudfagsoppgåva i historie.

Kriminalitetshistorie er eit nytt forskingsfelt i Norge, men interessa for denne delen av historien har vore sterkt aukande dei aller siste åra. Ei viktig drivkraft i studiet av kriminalitet i tidleg nytid har vore det såkalla Tingbokprosjektet under leiing av Sølvi Sogner. Mellom anna er det skrive ei rekkje hovudfagsoppgåver med kriminalitetshistoriske tema dei siste åra. Men ingen av desse har ulovleg tileigning av annan manns eigedom som hovudtema.

"Den som tager andens gods er iche bedre end een tyv," ropar Johannes Qvidsteen til grannen. Utsegna kan høyrast nokså sjølvsgad ut, eller inkjeseiande. Men ser ein nærare på lovgjeving og rettspraksis på 1600- og 1700-talet, syner det seg at utsegna slett ikkje er sjølvsgad, og samstundes alt anna enn inkjeseiande. Vi oppdagar faktisk at mange som "tager andens gods", slett ikkje blir sette i bås med tjuvar. Det spenningsfeltet er det denne oppgåva fortel om.

Kvifor Nordhordland? Tingbøker er hovudkjelda mi, og tidsspennet er 44 år. Det tyder eit omfattande materiale. Tingbøkene for Nordhordland for den aktuelle perioden er tilgjengelege i dataversjon. Det inneber at materialet er handterleg, sjølv om det er omfattande. Skulle eg halda meg til originalprotokollane med sorenskrivarane si gotiske handskrift, ville hovudfags-rammen blitt for trong.

Lesaren vil kanskje tykkja det er eit heft og ei plage å støyta på mange og stundom lange tingboksitat i kronglete 1600- og 1700-tals sorenskrivarspråk. Når eg likevel har valt å sitera så mykje, er det av di oppgåva i stor grad byggjer nettopp på analyse av tingbokteksten. Det er elles knapt mogeleg å finna historiske kjelder som betre enn tingbøkene gjev oss høve til å koma nær innpå einskildmenneske og på tilhøve mellom individ i lokalsamfunnet i tidleg nytid. Denne sida ved tingbøkene er det lettast å ta vare på i den autentiske språkdrakta. I dei fleste tilfelle har eg òg valt å nytta tingbøkene sin skrivemåte av person- og stadnamn. Unnataka er namna på skipreidene som eg har skrive i vår tids språkdrakt.

Førsteamanuensis John Ragnar Myking lyt ta mykje av ansvaret for at eg har gitt meg i kast med dette temaet. I det eg låg i startgropa for eit toårig hovudfagsløp, teikna han på medrivande, entusiastisk måte ei tema-skisse innafor dette feltet – og eg visste kva retning løpet mitt måtte ta. Med kyndige råd og inspirerende innspel har Myking som rettleiar følgd meg gjennom heile løpet, utan dørstokk til kontoret, og til det ytterste villig til å stilla opp. Han skal ha takk for at han lokka meg inn i temaet, og for kunnig og triveleg følgje under vegs. Takk òg til førsteamanuensis Magne Angvik og hovudfagsgruppa på HiB for inspirerende sosialt og fagleg fellesskap, og til professor Anders Bjarne Fossen for verdifull sekundering i siste sving.

Lepsøy, 14. mai 1997

Øyvind Hobberstad

Innhald

startgropa	
1. Innleiing	5
1.1. Problemstillingar	5
1.2. Avgrensing – geografisk område og periode	6
1.3. Forskingsstatus ...	7
1.4. Reelle og registrerte saker	9
1.5. Kjelder og metode ..	12
1.6. Stigmatisering eller reintegrering	14
2. Tinget og aktørane	16
2.1. Tingsamlingane	16
2.2. Aktørane på tinget	18
3. "... paa sin ære och lempe toucheret..."	23
haver schieldt hannem for en tiuf..."	23
da bør hand at miste sin Ære..."	25
4. Lovgrunnlaget og tinget sitt formelle spelerom	30
4.1. Haldninga til ulovleg tileigning av annan manns eigedom fram til 1604	30
4.2. Christian IVs Norske Lovbok – ei vidareføring av Landslova	33
4.3. Mellom C IVs Norske Lovbok og C Vs Norske Lov	39
4.4. Tjuveri og ran i Christian Vs Norske Lov	40
4.5. Forordninga av 4. mars 1690 ..	44
4.6. Vedvarande, streng haldning ...	44
bøde och straffis efter Lougen" – Tinget sitt spelerom innafor lova si ramme	45
5. Kriminalitetskategoriar og val av aktuelle saker	49
5.1. Ulovleg skogshogst	50
5.2. Saker randsona	53
5.3. Dei aktuelle sakene ..	55

6. Rettshandhevinga på tinget	57
6.1. "Bøde Eftter Lougen for tag" ..	59
6.2. Språklege krumspring og tvetydig tåkeprat	67
6.3. Fut og anna folk	70
hannem iche heller derfor fuldKommen Sag er tillagt,..."	76
dog optages Sagen til neste ting..." ..	79
6.6. "... hafuer forholdet och schichit sig som en løsgenger..."	82
6.7. ". hand derfor ej er grandheffd..."	92
7. Det avgjerande er ikkje kva ein gjer, men kven ein er	98
7.1. Verdien på gjenstandane som vart ulovleg tileigna	98
7.2. Handlingsmønsteret ved sjøve brotsverket	99
7.3. Tilhøvet mellom brotsmannen og lokalsamfunnet	101
7.4. Mål og medviten strategi	104
Kart over skipreidene Nordhordland	106
Kjelder	107
Lover og lovsamlingar	107
Tingbøkene for Nordhordland 1664 – 1707. Lakuner	108
Litteratur	109

1. Innleiing

19. juli 1673 blir det halde tingsamling i Lindås skipreide i Nordhordland.¹ Same dagen blir Beritte Olsdater pågripen av Gutorm Lyren og fleire handfaste karar og dregen beint til tingstova, der futen fører henne fram for retten. Klagemålet mot Beritte er at ho har stole to skjorter frå Gutorm. Skjortene er "til deel sleden och aff groff strylerrit", skriv sorenskrivaren i tingboka. Før sola går ned den dagen Beritte stakk til seg Gutorm sine gamle arbeidsskjorter, er ho dømd for brotsverket. Dommen er livsvarig forvising frå Bergenhus len. Det blir presisert at ho må rømme straks og aldri koma attende til lenet. Viser ho seg på desse kantar att, vil ho "lide och straffis i Høyeste maader efter Lougen och Recessen", heiter det i dommen.

30. og 31. oktober 1689 er det haustting i Mjelde skipreide.² Her kjem det òg opp ei "skjorte-sak". Denne gongen gjeld det berre ei skjorte, men til gjengjeld var ho truleg ny då ho vart teken frå eigaren. Olle Aasen som åtte skjorta, la henne for "Aar og dag" sidan ut på marka til bleiking. Etter det såg han ikkje meir til skjorta si, før ho nyleg kom for dagen hjå Niels Brudvig. I mellomtida er skjorta "Worden vdsleet". Olle meiner skjorta var verdt to mark då ho kom bort, og krev at Niels betalar han så mykje i erstatning. I tillegg til erstatning for skjorta, meiner Olle at Niels bør betala sakskostnadene hans på ei mark og fire skilling. Noko straff utanom dette ser han ingen grunn til at Niels skal få. Det er sorenskrivaren samd med han i, og Nils blir dømd til å betala Olle erstatning og sakskostnader, til saman tre mark og fire skilling.

1.1. Problemstillingar

På 1600-talet og først på 1700-talet hender det ikkje så reint sjeldan at folk blir stemna til bygdetinget i skipreidene i Nordhordland for at dei på ulovleg vis har tileigna seg annan manns eigedom. Men det er stor variasjon i måten sakene blir handsama på og endå større variasjon i dei avsagde dommane. Beritte Olsdater blir ført til tinget med makt, utan at ho er blitt stemna med to vekers varsel, som lova krev, og blir dømd til livsvarig forvising frå lenet. Niels Brudvig møter fram godviljugt, etter lovleg stemning, og får ikkje annan dom enn at han må betala erstatning og sakskostnader. Beritte har stukke til seg to gamle skjorter og Niels ei ny. Grunnen til skilnaden i sakshandsaming og dom må finnast annan stad enn i verdien på klesplagg dei har teke.

Beritte er fødd i skipreida der ho vart dømd, men for eit par år sidan reiste ho nordover. Då ho stal dei to skjortene og vart dregen for retten, var ho nettopp komen tilbake til heimtraktene. Kan det tenkjast at folk i bygda ikkje lenger reknar henne som ei/ein av sine, slik dei utan tvil gjer med

¹ Tingbok nr. 13, folio 18b

² Tingbok nr. 23, folio 90b

Niels Brudvik? Av tingboka går det klart fram at Beritte *stal* skjortene frå Gutorm Lyren, og brotsverket hennar blir omtalt som *tjuveri*. I saka mot Niels Brudvig blir derimot ingen av desse orda nytta, korkje i stemninga, dommen eller sakshandsaminga elles. I stemninga heiter det berre at Niels Brudvig blir stemna "for Een schiorte Som Olle War fra Kommen...". Nils blir såleis aldri omtalt som tjuv.

I svært mange tilfelle er handlingsgangen slik at brotsverket, etter vår tids språkbruk og rettsoppfatning, må reknast som tjuveri. Ved dei fleste høve blir ord som "tjuv", "tjuveri" eller "stela" likevel ikkje nemnde i samband med rettssaka. Det ser rett og slett ut til å vera ein svært høg terskel i høve til det å stempla ei handling som "tjuveri" eller ein person som "tjuv". Det kan sjå ut til at bygdetinget og dei som stemnar sakene om ulovleg tileigning av annan manns eigedom, leitar etter utveggar for å unngå å kalla brotsverket for "tjuveri".

Men sjølv om det mest vanlege er at både citanten³ og dei andre aktørane på tinget unngår å setja tjuvstempel på nokon, finn vi ein del saker der den stemna utan atterhald blir kalla tjuv, og der brotsverket klart blir relatert til artiklar i tjuverilovgjevinga. Den høge terskelen mot det å stempla eit brotsverk som tjuveri, ser ut å vera heilt borte i desse sakene, og ingen ytrar eit ord til forsvar for den som får klagemålet mot seg med full tyngd. Når først tjuvstempelet er sett, kan òg dommen bli minst så hard som det lova gjev rom for.

I dette arbeidet vil eg undersøkje kva haldningar menneske som på ulovleg vis tileigna seg annan manns eigedom, vart møtte med i lokalsamfunnet, og korleis sakene mot dei vart handsama på bygdetinget. Kva seier lovene om ulovleg tileigning av annan manns eigedom, og kva spelerom hadde tinget innafor gjeldande lovgjeving og rettspraksis til å velja ulike reaksjonsmåtar? Korleis vart det spelerommet som fanst, utnytta til å styra rettshandhevinga slik at denne kunne tena gitte føremål, ønske eller behov? Kva hendingar, konstellasjonar og drivkrefter var det som avgjorde saksgangen i kvart tilfelle, og kva fortel desse sakene om haldningar som gjorde seg gjeldande i lokalsamfunnet? Med utgangspunkt i sakene mot Beritte Olsdater og Niels Brudvik er det nærliggjande å spørja om det avgjerande for saksgangen ikkje var sjølve brotsverket, men kven brotsmannen var, og det tilhøvet han stod i til lokalsamfunnet.

1.2. Avgrensing – geografisk område og periode

Den geografiske ramma for arbeidet er Nordhordland sorenskrivardøme, slik grensene for dette var fram til 1773.⁴ Sorenskrivardømet femner på denne tida om eit større område enn det som i

³ Saksøkjar i ei sivil rettssak blir kalla citant. Ordet er i bruk i norsk rettsspråk frå andre halvdel av 1500-talet, og på 1600-talet blir det ofte brukt i rettsreferat i tingbøkene. Ordet kjem av det latinske verbet citare, som tyder å saksøkja. NHL, s. 65.

⁴ Breistein 1984, s. 68

dag er Nordhordland. Gulen i Sogn og deler av noverande Midthordland høyrer på denne tida med til Nordhordland.⁵ På alle kantar av Bergen går grensene for sorenskrivardømet heilt inn til dei gamle bygrensene. Det inneber at Sandviken, Møhlenpris, Laksevåg og gardane kring Store Lungegårdsvatn høyrde til Nordhordland.⁶ Sorenskrivardømet var inndelt i 11 skipreider, og kvar skipreide var eige tinglag. (Meir om skipreidene i kap. 2.1. Kart som vedlegg bak i oppgåva.)

Perioden arbeidet femner om er 1664 – 1707. Den eldste tingboka vi har for Nordhordland dekkjer perioden 1642 – 1648. Jorunn Dobbe har skrive om registrerte brotsverk i Nordhordland mellom 1642 og 1655, innan alle brotsverkskategoriar, og har i det arbeidet mellom anna nytta tingbøkene som kjelde. Tingbøkene nr. 1 – 5 dekkjer denne perioden. Etter perioden Dobbe har skrive om, følgjer ei lang tingboks-lakune. Først frå 1664 har vi igjen tingbøker. Eg har difor funne det naturleg å velja 1664 som startpunkt for granskinga.

Eg har ønskt å arbeida med ein periode som gjer det mogeleg å sjå korleis saker om ulovleg tileigning av annan manns eigedom vart handsama både ut frå Norske Lovbok frå 1604 og ut frå Norske Lov frå 1687, og helst slik at det vart nokolunde like periodar under kvar av dei to lovene. Tingbøkene representerer eit omfattande kjeldemateriale, og er særleg omfangsrrike tidleg på 1700-talet. Når eg har sett sluttstrek ved 1707, er det for at materialet ikkje skal vera meir omfattande enn det som er mogelig å handtera innafor hovudfagsramma, samstundes som eg har fått nokolunde balanse mellom periodane under lova frå 1604 og lova frå 1687.

1.3. Forskingsstatus

Kriminalitetshistorie er eit heller nytt forskingsfelt, både i Norden og i Europa elles. I Norge er Hans Eyvind Næss si doktorgradsavhandling frå 1980 eit pionerarbeid innan kriminalitetshistorisk forskning. Som den første i landet gjer Næss kriminalitetshistorien til det sentrale temaet i eit større arbeid, og integrerer emnet i sosialhistorien.⁷ Næss sitt hovudemne er trolldomsprosessane på 1500- og 1600-talet, men i avhandlinga si gjer han òg greie for forskingsresultat som gjeld andre kriminalitetskategoriar.

Med boka «Kniven, ølet og æren» frå 1990 siktar Jørn Sandnes mot å gje eit meir samla oversyn over kriminaliteten i Norge på 1500- og 1600-talet. På grunnlag av sakefallslistene i lensrekneskapane har Sandnes utarbeidd ein kriminalitetsstatistikk for perioden 1549 – 1567.⁸ Av denne statistikken går det fram at slagsmål og vald er dei dominerande brotsverka i Norge, medan tjuveri er sjeldsynt. Sandnes samanliknar den norske statistikken med kriminalitetshistorisk

⁵ Dobbe 1995, s. 13 – 15

⁶ Breistein 1984, s. 68

⁷ Næss 1982

⁸ Sandnes 1990/1993, s. 46

forskning frå Sverige, i første rekkje Eva Österberg sine arbeid, og finn godt samanfall. Når han samanliknar med England og land på kontinentet, finn han derimot at det norske kriminalitetsmønsteret er svært ulikt det mønsteret vi finn i andre land i Europa. I kortform oppsummerer han dette slik: "Ute i Europa dominerer tyveri og eiendomsforbrytelser, i Norden vold."⁹ Sandnes meiner altså å kunna slå fast at tjuveri sjeldan førekom i Norge i tidleg nytid, og forklarar avviket i høve til andre land i Europa med skilnad i samfunnsstrukturen.¹⁰

Erling Sandmo har studert kriminalitetsmønsteret i Rendalen på slutten av 1700-talet, og hevdar at det ut frå tingbøkene kan teiknast eit ganske anna bilete av fortida enn det ein kan rekonstruera ut frå dei reint kvantitative kjeldene.¹¹ I tingbøkene frå Rendalen for den perioden Sandmo har studert, finn han 27 saker som gjeld ulovleg tileigning av annan manns eigedom. Eit kjeldemateriale som berre registrerer utgifter og inntekter i samband med domseksekusjon ville fanga opp berre to av desse sakene, og berre ei av dei ville bli rubisert som tjuverisak, skriv Sandmo. Sandnes sin kriminalitetsstatistikk frå 1500-talet er basert på nettopp eit slikt kjeldemateriale (sakefallslistene). Det kan difor vera grunn til å setja eit stor spørjeteikn ved påstanden hans om at det skjedde så få tjuveri i Norge.

Sandmo meiner det er problematisk å nytta ordet "tjuveri" som eit eintydig omgrep i ein konkret historisk samanheng. Ved å bruka ordet som samleomgrep på ei rekkje ulike saker, står ein i fare for å etablere ein heilskap eller kategori av saker som i utgangspunktet ikkje var der, eller som i det minste eksisterte på berre eitt nivå i diskursen, hevdar Sandmo.¹² Forklaringa på den låge tjuverifrekvensen er, i alle fall for ein del, ein medviten bruk av lovverket som gjorde det mogeleg å nytta ordet "ran" om brotsverk som vi ville venta å finna att i kjeldene som "tjuveri". Dei lokale aktorane brukte kategoriane "tjuveri" og "ran" i eit spel med styresmaktene og rettsvesenet, og denne bruken avdekkjer djuptliggjande sosiale strukturar, skriv Sandmo.¹³

Bodil Chr. Erichsen hevdar òg at skiljet mellom tjuveri og ran er uklart, og at saksøkjaren sjølv ofte avgjer kva slag tiltale som skal reisast.¹⁴ Men det å reisa tiltale som er tenleg i høve til det ein vil oppnå, krev kunnskap; elles kan saksøkjaren missa kontrollen over saksgangen.¹⁵ Erichsen peikar elles på at i høve til samtidig omtale av ein høg tjuverifrekvens, er tjuverisakene på tinget relativt få.¹⁶ Ei viktig årsak til dette er, i følgje Erichsen, at det å reisa sak kunne føra med seg høge kostnader for saksøkjaren. (Meir om dette i kap. 1.4.).

⁹ Sandnes 1990/1993, s. 58

¹⁰ Sandnes 1990/1993, s. 86ff

¹¹ Sandmo 1992, s. 118

¹² Sandmo 1992, s. 118f

¹³ Sandmo 1992, s. 96f

¹⁴ Erichsen 1993, s. 108

¹⁵ Erichsen 1993, s. 114f

¹⁶ Erichsen 1993, s. 127

Jorunn Dobbe har undersøkt kriminalitetsmønsteret i Nordhordland i perioden 1642 – 1655. Ho hevdar at bygdinget hadde lovheimel til å velja mellom to typar rettsforfølging når ein person på ulovleg vis hadde tileigna seg annan manns eigedom. Dei fleste slike handlingar vart ikkje rekna som tjuveri, men som "ulovleg tak", skriv Dobbe.¹⁷ Gjennom komparative studier av tingbøkene og sakefallslistene for same perioden, dokumenterer Dobbe at det ut frå kvar av dei to kjelde-rekkjene avteiknar seg svært ulike kriminalitetsmønster.¹⁸

1.4. Reelle og registrerte saker

Sjølv om ein tek i bruk alle tilgjengelege kjelder, er dei tifella av ulovleg tileigning av annan manns eigedom som ein kan få informasjon om, berre ein del av dei reelle tilfella. Korleis talet på registrerte brotsverk er i høve til talet på dei reelle, er det ikkje mogeleg å gje sikkert svar på. Fleire teoriar og meir eller mindre kvalifisert gissing er blitt presentert. Sandnes nemner høvestalet 1:5, eller kanskje endå til 1:10 som mogeleg storleikar.¹⁹ Viktigare enn høvestalet er i vår samanheng spørsmålet om i kva grad vi kan rekna med at dei registrerte brotsverka er representative for dei reelle.

For å finna svar på det spørsmålet, må vi først vita noko om kva som avgjer om eit brotsverk blir registrert eller ikkje. Fleire moment kan nemnast, men det viktigaste er dette: Dersom eit brotsverk kom opp som sak på tinget eller på anna vis førte til offentleg bot eller anna straff, er det god von om at saka kan ettersporast i kjeldene, og altså blir å rekna som registrert brotsverk. Om saka aldri kom opp på tinget eller på anna vis vart offentleg påtala og/eller straffa, er det svært liten sjansje for at saka kan finnast i tilgjengelege kjelder.

At skiljet mellom registrerte og ikkje registrerte brotsverk i hovudsak går her, heng nøye saman med dei kjeldene vi har tilgang til. Dei to hovudkjeldene er tingbøkene og sakefallslistene i lensrekneskapane. Berre desse kjeldene gjev oss nokolunde systematisk og samanliknbar informasjon for heile landet og for lange periodar. Andre kjelder, som dagbøker, visitasprotokollar, topografiske verk o.a. gjev meir spreidd og tilfeldig informasjon.²⁰ Det tyder at dei sakene der vi kan ha von om ei nokolunde systematisk kartlegging, er dei sakene som vart løfta fram i det

¹⁷ Dobbe 1995, s. 77f

¹⁸ Dobbe 1995, s. 21 – 27

¹⁹ Sandnes 1990, s. 21

²⁰ Som døme på slike kjelder kan nemnast:

Absalon Pederssøn Beyers dagbok frå Bergen 1552 – 1572

Peder Claussøn Friis: «Norriges oc Omliggende Øers sandfærdige Beschriffuelse», 1632

Reier Gjellebøl: Beskrivelse over Sætersdalen, 1771/1800

Oslo-lagmannen Nils Stubs «Optegnelsesbøger», 1572 – 1580

Oslo-bispen Jens Nilssøns visitasbøker, 1574 – 1597

offentlege rommet, på tinget, eller som i det minste kom ein representant for styresmaktene for øyra, slik at brotsmannen fekk si straff.²¹

Vi kan tenkja oss to hovudgrunnar til at ei sak der det er tale om ulovleg tileigning av annan manns eigedom, aldri kjem til tings eller kjem ein representant for styresmaktene for øyra: Det kan henda at brotsmannen er så "dyktig" at han aldri blir oppdaga; at han aldri blir mistenkt for brotsverket. Om ein ikkje har ein brotsmann, eller i det minste ein mistenkt å stemna, har det lite for seg å reisa sak på tinget. Den andre hovudgrunnen er viktigare i vår samanheng: Det kan henda at den fornærma, og eventuelt lokalsamfunnet, veit kven brotsmannen er, men gjer eit medvite val om ikkje å reisa sak på tinget eller melda saka til bondelensmann eller fut.

Bodil Chr. Erichsen har undersøkt kva kostnader ein som reiser sak må rekna med, eller i alle fall kan risikera. I utgangspunktet var det slik at kostnaden med å reisa straffesak skulle dekkjast av den som var skuldig i brotsverket. Men om den skuldige ikkje hadde midlar, laut den som reiste saka, sjølv dekkja sakskostnadene. Det galdt kostnad i samband med sjølv prosessen, men også arrestkostnad og eventuell kostnad med å eksekvera dommen. Erichsen har dokumentert at i dei tilfelle der brotsmannen var utan betalingsevne, kunne kostnadene for citanten bli svært høge. Ho meiner difor det er rimeleg å tru at mange *av økonomiske grunnar* let vera å reisa sak.²² I framstillinga si byggjer Eriksen dels på lover og andre dokument som gjeld for heile landet, men dels også på kjelder av meir lokal karakter. Kostnaden ved å reisa sak som ho dokumenterer, har difor beinveges relevans berre for det geografiske området granskinga hennar omfattar, altså Kristiania.

Jonas Liliequist har gitt det han kallar "en preliminär skiss" av kostnaden med å reisa sak i Sverige på 1600- og 1700-talet. "Dryga kostnader för målsägaren kan väntas leda till låga åtalsfrekvenser och en ökad benägenhet att "göra upp" utanför rättsapparaten", hevdar han.²³

Jorunn Dobbe har peika på at kostnaden med å reisa sak var vesentleg lågare i det området ho undersøker, altså Nordhordland, enn det Erichsen har dokumentert for Kristiania. Den store skilnaden i rettskostnader har, i følge Dobbe, sin grunn i skilnaden i samfunnsstrukturen i byen og på landsbygda. Det var til dømes liten grunn til å frykta at ein person med tilknytning til eit oversiktleg bygdesamfunn ville prøva å stikka seg vekk. Utan godt skottsmål frå tinglyden i det lokalsamfunnet der han er kjend, vil han ha lita von om å kunna etablere seg på ein ny stad. Flukt er difor knapt eit aktuelt alternativ for ein brotsmann som høyrer til i lokalsamfunnet, kanskje med unntak for dei tilfelle der han risikerer dødsdom. Kostnaden med å halda den mistenkte i arrest til

²¹ Å "avsona med futen" er ein måte å stå til rette for eit brotsverk, utan at det blir reist sak på tinget.

²² Erichsen 1993, s. 57 – 67

²³ Liliequist 1994, s. 16

saka er avslutta, kan difor i dei fleste tilfelle sparast i eit bygdesamfunn som det Dobbe har undersøkt.²⁴

I tingbøkene for Nordhordland for den perioden eg har undersøkt, finn vi heller sjeldan informasjon om at brotsmannen er arrestert før saka kjem opp, eller at han blir fengsla til saka eventuelt held fram i eit nytt rettsmøte. I sakene som gjeld ulovleg tileigning av annan manns eigedom, ser det ut til at omstreifarar alltid blir fengsla. Vi finn også døme på at mistenkte/skuldige som høyrer til i bygda, er sette i arrest før rettssaka, men det gjeld slett ikkje alle sakene; heller ikkje alle dei klare tjuverisakene. I 1679 finn vi til dømes ei klar tjuverisak der den skuldige ikkje er arrestert før saka kjem opp. "Fogden Stefnt Anders Knudsen Rise, som nu møtte og for retten bekiende...", heiter det i tingboka.²⁵ Anders seier seg skuldig i tre tjuveri. Magne Michelsen Settere som blir stemna av Sonneue Wiche for at han har stole ein sau, var ikkje arrestert før saka kom opp første gongen, og vart heller ikkje fengsla medan "Sagen optaget indtil Laugmandens Raadføring". Magne sin boslodd skal derimot vera i god forvaring til saka kjem opp att.²⁶

Bodil Chr. Erichsen skriv at det kan vera vanskeleg å skjelna mellom tjuveri og ulovleg tak, men hevdar at for tida etter 1660 ser det ut til at fengsling er eit rimeleg kriterium for å definera regulære tjuverisaker. Det ser ut til å vera godt samsvar mellom fengsling og bruk av termen tjuv eller tjuveri, skriv Eriksen.²⁷ Eit slikt samsvar finn eg ikkje i Nordhordland i perioden eg har undersøkt..

Her må leggjast til at det ikkje alltid er like enkelt å finna ut om brotsmannen har vore arrestert eller blir fengsla. Det vanlege er at når den skuldige er i forvaring, heiter det ikkje i tingboka at han blir stemna, men at han "Bleff i Rette ført"²⁸, at futen "Loed for retten førre"²⁹, eller liknande. Heilt konsekvent er dette likevel ikkje. Vi finn òg døme på at futen har "ladet indstefne"³⁰ ein person, sjølv om tingboka annan stad fortel at personen var under arrest.³¹ Vi må likevel rekna med at når så alvorlege verkemiddel som arrestasjon og fengsling blir tekne i bruk, vil det til vanleg gå fram av tingboka

I tillegg til at fengsling er mindre vanleg i eit bygdesamfunn som Nordhordland enn i Kristiania, hevdar Dobbe at sjølve prosesskostnadene var lågare på bygdetinget enn det Erichsen har dokumentert for Kristiania. Ho skriv difor at ein ikkje kan sjå høge sakskostnader som årsak til låg tjuverifrekvens i Nordhordland (og i andre bygdesamfunn), slik som Erichsen har gjort for

²⁴ Dobbe 1995, s. 83f

²⁵ Tingbok nr. 18, folio 31

²⁶ Tingbok nr. 12, folio 8 – 8b

²⁷ Erichsen 1996, folio 92

²⁸ Tingbok nr. 7, folio 1

²⁹ Tingbok nr. 22, folio 1685: 8b

³⁰ Tingbok nr. 29, folio 1705: 71b

³¹ Tingbok nr. 29, folio 1705: 68

Kristiania.³² Ut frå tingbøkene for Nordhordland for den perioden eg har undersøkt, er det heller ingen ting som tyder på at sakskostnadene er så høge at dei hindrar folk i å reisa sak. Om det var situasjonen, ville det knapt skje så ofte at bygdefolk utan nemnande formue reiste sak for skuld ei skjorte, ein stakk eller nokre fiskar.

Men det kan tenkjast andre omsyn enn dei økonomiske til at folk medvitande let vera å reisa sak, sjølv om det truleg vil vera vanskeleg å finna kjelder som gjev sikkert grunnlag for vurdering. Om vi kunne dokumentera dei, ville slike val kunna fortelja noko vesentleg om haldning og mentalitet i lokalsamfunnet. Særleg interessant ville det vera om vi kunne kartleggja eit mønster i tilhøvet mellom slike val og den sosiale posisjonen hjå aktørane. Næss skriv til dømes at ein kan tenkja seg at familie og nabolag vart samde om strengt lokale sanksjonar og måtar å ordna opp for tjuveriet på.³³ I det minste kan vi rekna med at det ikkje var berre slumpelukka som avgjorde om ei sak vart løfta fram i det offentleg rommet eller teken med i grava. Når det difor er slik at dei registrerte sakene berre er dei som kom styresmaktene for øyra, er det grunn til å tru at desse ikkje fullt ut er representative for hele saksmengda.

1.5. Kjelder og metode

Dei to viktigaste kjelderekkjene som det er aktuelt å bruka i eit arbeid som søkjer å kartleggja sider ved kriminalitetsmønsteret på 1500 – 1700-talet, er som nemnt tingbøker og sakefallslistar. Sakefallslistene er del av ein rekneskap. Berre saker der pengar går inn i eller ut av ein offentleg kasse er difor registrerte her. Dei fleste sakene som er nemnde, gjeld innbetaling av bøter. I tillegg kjem ulike former for kostnader ved rettshandhevinga. Andre former for straffereaksjon enn den reint økonomiske, blir ikkje synlege i sakefallslistene. Det inneber at det er ein del saker og sakskategoriar som vi ikkje finn spor av i denne kjelderekkja. Informasjonen om kvar sak er svært knapp. Vi får vita namnet på brotsmannen, heilt kort kva saka gjeld, og storleiken på den innbetalte bota. Bakgrunnen for brotsverket, eller den sosiale samanhengen den dømde stod i, får vi derimot ingen informasjon om. Sakefallslistene gjev i det heile eit mangelfullt grunnlag for å forstå korleis dei ymse lovbrota vart oppfatta i lokalsamfunnet.³⁴ Som kjelde for statistisk oversyn kan sakefallslistene vera viktige, men i eit studium av haldningar og mentalitet har dei liten verdi.

Heilt annleis stiller det seg med tingbøkene. Tingboka er bygdetinget sin protokoll, og i denne fører sorenskrivaren på 1600-talet "alt, hvis til tinge forrettis".³⁵ Ved kongeleg forordning av 15.

³² Dobbe 1995, s. 83f

³³ Næss 1985, s. 56

³⁴ Dobbe 1995, s. 18

³⁵ Store recess 3 – 19. Recessen si kjelde på dette punktet er Kongeleg forordning av 15.03.1633. I Norske Lov finn vi formuleringa "alt hvis til Tinge og for Retten forrefalder". Norske Lov 1 – 8 – 3

mars 1633 vart det påbode å føra tingbok ved underretten. Den første tida var tingboka den einaste protokollen sorenskrivaren førte. Tingboka tente difor fleire funksjonar, og er såleis ei svært innhaldsrik kjelde. Ved Norske Lov blir det forordna fleire særprotokollar for tinget³⁶, men heilt fram til utpå 1700-talet er tingboka ein svært innhaldsrik og mangslungen rettsprotokoll.³⁷

For eit kriminalitetshistorisk arbeid er det naturleg nok tingbøkene sitt referatet av brotsverkssakene som er mest interessant. Ofte gjev tingbøkene oss høve til å koma nær innpå livet til einskildpersonar og på tilhøve personar imellom i lokalsamfunnet. I mange saker blir det gjeve lange vitneforklaringar, ofte både grundige og detaljrike. Ikkje alle vitne held seg like nøkternt til saka, men som kjelde til studium av haldningar og mentalitet kan tingbøkene ha høg verdi, også i høve der ein kan stilla spørsmål ved det saklege nivået hjå aktørane på tinget. Referatet av brotsverkssakene er som nemnt den delen av tingbøkene som er mest relevant i eit kriminalitetshistorisk arbeid. Men også andre deler av den mangfaldige kjelderekkja gjev verdifullt innsyn i den aktuelle perioden, ikkje minst når det gjeld tilhøve i lokalsamfunnet og mellom lokalsamfunn, embetsmenn og styresmakter.

Jorunn Dobbe har ved konkrete eksempel synt at ein gjennom kvantifisering ut frå kvar av dei to kjelderekkjene, kan koma fram til svært ulike resultat. Med rette hevdar ho difor at ein vanskeleg kan trekkja vide konklusjonar og teikna generelle bilete på grunnlag av "statistiske beregninger basert på bare en kilde".³⁸

I dette arbeidet legg eg derimot ikkje kvantitativ analyse til grunn, og det er ikkje eit mål å få fullstendig statistisk oversyn over sakene om ulovleg tileigning av annan manns eigedom. Dobbe sin argumentasjon for å nytta begge kjelderekkjene har difor liten relevans for arbeidet mitt. Målet med arbeidet er å få innsikt i haldningar og mentalitet, og for det føremålet skil tingbøkene seg klart ut som den mest relevante kjelderekkja.

Tingboka for 1664 er nummer 6 i tingboksrekkja for Nordhordland sorenskrivardøme, og tingbok nr. 30 går fram til 1707. Det er såleis 25 tingbøker som høyrer med til den aktuelle kjelderekkja for perioden 1664 – 1707. I første delen av perioden er det ei tingbok for kvart år, medan vi mot slutten av perioden finn tingbøker som kvar dekkjer to til tre år. Tingboksrekkja for 1600- og 1700-talet er ikkje komplett. For perioden vår er det til saman ti lakuner. Lengste lakuna spenner over tre år (1691 – 1693), medan dei fleste lakuner gjeld periodar på mellom eitt og to år. For heile perioden er det lakuner på til saman mellom 13 og 14 år. Fullstendig oversyn over lakunene og periodane kvar tingbok dekkjer finst som vedlegg bak i oppgåva.

For perioden vår er tingbøkene avskrivne og tilgjengelege i dataversjon.³⁹ Det er i hovudsak desse datautskriftene eg har brukt. Originaldokumenta (i Statsarkivet i Bergen) har eg berre

³⁶ Norske Lov 1 – 8 – 4

³⁷ NHL, s. 343f

³⁸ Dobbe 1995, s. 23 – 28

³⁹ Avskrivingsarbeidet er utført ved Ætthistorisk institutt.

konsultert ved nokre få høve der eg har vore i tvil om det kanskje kunne vera feil eller mistyding i avskrifta. Ved alle slike kontrollar, har eg kunna konstatera at avskrivingsarbeidet er svært påliteleg utført. At tingbøkene er tilgjengelege i dataversjon, inneber ein uvurderleg lette i arbeidet. Å lesa dataversjonen på skjerm eller i utskrift er lettare og raskare enn å lesa sorenskrivaren si gotiske handskrift. Minst like viktig er det at dataavskrifta gjev høve til å ta i bruk datatekniske verkemiddel i arbeidet med kjeldene.

Eit moment som det er viktig å ta omsyn til når ein søker på ord eller namn i dataversjonen, er sorenskrivaren sin variable og ofte svært fantasifulle ortografi. Når ein må ta omsyn til at same ord eller same namn er skriva på ei rekkje ulike måtar, kan søk på gitte ord bli meir tidkrevjande enn ein skulle tru. Endå viktigare er at ein mest aldri kan vera viss på at ein ikkje har oversett aktuelle kasus, av di det kan vera nytta ein ortografi som ein ikkje har hatt fantasi nok til å søkja på. Med unntak av ein del brev, bygselsetlar og liknane som eg har kunna fara raskt over, har eg difor funne det nødvendig å lesa gjennom alle tingbøkene i samanheng.

Som nemnt er tingbøkene ei svært innhaldsrik og mangslungen kjelderekkje som gjev oss høve til å koma på nært hald av einskildpersonar, fellesskap og konfliktrar i lokalsamfunnet. Arbeidet mitt er i høg grad basert på analyse av tingboksteksten. Ut frå den tanken at tingboksreferatet av kvar einskildsak kan fortelja noko om haldningar og mentalitet, har eg kartlagt alle sakene om ulovleg tileigning av annan manns eigedom som vart handsama på tinget. Men sidan eg ikkje legg kvantifisering eller statistisk analyse til grunn for arbeidet, er det ikkje noko mål å få fullstendig oversyn over alle registrerte saker innan den aktuelle kriminalitetskategorien. Eg har difor ikkje funne det turvande å supplera kjeldematerialet med informasjon frå sakefallslistene.

1.6. Stigmatisering eller reintegrering

I boka «Crime, shame and reintegration» har John Braithwaite lagt fram ein teori om kontroll av kriminell åtferd. Sjølv om Braithwaite si bok ikkje er eit historisk, men eit sosiologisk arbeid, har fleire historikarar funne teorien hans relevant i høve til kriminalitetshistorisk forskning. Braithwaite startar ikkje på bar bakke, og forkastar ikkje alle andre teoriar. Tvert om tek han utgangspunkt i ei rekkje kriminalitets-sosiologiske teoriar, som "control theory", "subcultural theory", "differential association", "strain theories" og "labeling theory". "The key to synthesizing these potentially incompatible formulations is to inject a vital element missing in criminological theory – reintegrative shaming," skriv Braithwaite.⁴⁰ Menneske kan bli gjort til skamme på ein sterk, men klok og skjønnsam måte. Men skamkjensle kan òg bli skapt eller provosert fram på ein uklok og

⁴⁰ Braithwaite 1989, s. 4f

uproduktiv måte. Braithwaite sin intensjon er å finna fram til når det å vanæra eller gjera til skamme skaper kriminalitet og når skamkjensla verkar preventivt i høve til kriminell åtferd.⁴¹

"Yet shaming can be counterproductive if it is disintegrative rather than reintegrative. Shaming is counterproductive when it pushes offenders into the clutches of criminal subcultures; shaming controls crime when it is at the same time powerful and bounded by ceremonies to reintegrate the offender back into the community of responsible citizens." skriv Braithwaite.⁴² Han skjelnar mellom skam som fører til stigmatisering, utstøyting og stadfesting av statusen som avvikar, og skam som har ein reintegrerande verknad. Ved reintegrerande skam blir fellesskapsbanda som er knytte ut frå respekt eller kjærleik, tekne vare på. Dei negative sanksjonane blir avslutta, og den skuldige får tilgjeving, i staden for at villfaringa hans aukar ved at han i stigande grad blir støyt ut. Reintegrerande skam kontrollerer kriminalitet, medan stigmatisering presser overgriparane mot kriminelle subkulturar, hevdar Braithwaite.⁴³ Den beste staden å observera "reintegrative shaming" i praksis, er i ein familie der det rår kjærleik, skriv han. Familielivet lærer oss at det er mogeleg å skapa skamkjensle og nytta straff, samstundes som ein tek vare på banda som knyter saman i respekt.⁴⁴

Eva Österberg er mellom dei som har nytta Braithwaite sin teori i samband med kriminalitetshistoriske arbeid. Siktemålet med straffeutmålinga i seinmellomalderen og tidleg nytid var "att ge drabbade människor upprättelse och ge bråkmakare en varning – men den avsåg i regel inte att knäcka de åtalade." Berre om nokon gong på gong gjorde seg skuldig i alvorlege brotsverk, tok ein i bruk den ugjenkallelege reaksjonen; viste brotsmannen bort eller dømde han til døden. "Däremot var meningen vid lindrigare brott att återintegrera brottslingen i den sociala gemenskapen." skriv Österberg.⁴⁵

I tilknytning til Braithwaites teori er det nærliggjande å spørja om vi ut frå tingbøkene kan slå fast at tinget og lokalsamfunnet hadde ei medviten haldning til kva konsekvensar dommen fekk for brotsmannen. Kan vi spora ein aktiv og medviten bruk av tinget med det siktemål å stigmatisera og støyta ut den skuldige, og kan vi på andre sida konstatara ein aktiv bruk av tinget som gav brotsmannen hjelp til å bli reintegrert i lokalsamfunnet?

⁴¹ Braithwaite 1989, s. 1

⁴² Braithwaite 1989, s. 4

⁴³ Braithwaite 1989, s. 12f

⁴⁴ Braithwaite 1989, s. 56

⁴⁵ Österberg 1991, s. 162

2. Tinget og aktørane

Bygdetinget er ein institusjon med røter langt attende i tida. Ved kongeleg forordning vart det i 1590 slege fast at bygdetinget skulle vera regulær førsteinstans i det norske rettsvesenet. Forordninga innebar ei presisering av tinget sine funksjonar, og kompetansen og plasseringa i rettsapparatet vart fastslegen.⁴⁶

2.1. Tingsamlingane

I Norske Lovbok frå 1604 heiter det at "Ombudsmand eller hans fogit, skal holde ting, inden tredie vge effter hand kommer fra laugtinget hjem".⁴⁷ "Lavgting skal holdis huert aar vdi huer laugsogn paa de bestemte tider oc steder, som vdi huert laugsogn sædvaanligt verrit haffuer", er opningsorda i første artikkelen i Norske Lovbok.⁴⁸ Skal ein døma etter lista over tidspunkt for tingsamlingane som så følgjer, må det ha vore stor variasjon i kva sedvane dei ymse lagtinga har følgt. For nokre lagting blir fem årlege tingsamlingar tidfesta, medan det for andre lagting blir føreskrive berre ei eller to tingsamlingar for året. For Bergen lagting er ei samling tidfesta; den skal haldast "S. Botolphi" (17. juni).

I landvernsbolken heiter det at det skal haldast årlege våpenting som skal "begyndis kyndermysse, oc haffue ende midfaste tide".⁴⁹ Dei ulike tingfunksjonane vart gjerne ivaretekne på same tinget. Tingsamlingane kunne difor bli omtalte som "Almindelig Waaben och Sageting"⁵⁰, "Schatte og Sage Ting"⁵¹ eller "almindeligt Sommer Schatte Waaben och Sageting".⁵² Det vanlege var elles at tinget fekk namn etter årstida. I tingbøkene er tingsamlingane ofte berre kalla alminneleg vår-, sommar- eller haustting.

Ved kongeleg brev av 23. oktober 1634 vart det for storparten av landet forordna ting kvar månad, eller minst annakvar månad. Det synt seg raskt at så hyppige tingsamlingar var det i praksis ikkje mogeleg å gjennomføra.⁵³ Det tok lovgjevaren konsekvensen av då Norske Lov frå 1687 vart utarbeidd. Som vedlegg til Norske Lov er trykt ei «Tavle, paa hvad Tider Bøygde-Tingene i Norge holdis skal». ⁵⁴ I følgje denne tavla skal det haldast tre årlege tingsamlingar i kvart tinglag. I

⁴⁶ NHL, s. 58

⁴⁷ Norske Lovbok 1604/1855, tingfarebolken, kap. 7

⁴⁸ Norske Lovbok 1604/1855, tingfarebolken, kap. 1

⁴⁹ Norske Lovbok 1604/1855, landvernsbolken, kap. 7

⁵⁰ Tingbok nr. 8, folio 9b

⁵¹ Tingbok nr. 18, folio 35b

⁵² Tingbok nr. 29, folio 1704: 1b

⁵³ NHL, s. 59

⁵⁴ Norske Lov 1687/1982, s. 276 – 285

Nordhordland skal vårtinget i dei 11 skipreidene avviklast i perioden 4. – 26. februar, sommartinget mellom 13. juni og 1. juli og hausttinget i perioden 4. – 30. oktober.

I tida etter at den nye lova var innført, vart det til vanleg halde tre tingsamlingar i kvar skipreide, og som oftast er tidsavviket ikkje så stort i høve til tingtavla i lova. Men det hender at vårtinget ikkje er ferdig avvikla før langt uti april eller at det blir halde haustting i nokre skipreider første veka i desember. I 1700 og 1705 vart det halde berre to tingsamlingar i kvar skipreide.

Før 1687 vart tingsamlingane avvikla med mindre regularitet. Det veksla mellom to og tre tingsamlingar i året og tidspunkta for tingsamlingane skifta òg mykje i denne perioden. Både før og etter 1687 vart det i tillegg til dei ordinære tingsamlingane ofte halde ekstraordinære tingsamlingar i einskilde skipreider. Det kunne vera ulike grunnar til dette, men ofte var det særleg alvorlege brotsverkssaker som vart handsama på tingsamlingar utanom dei ordinære "terminusting".

Tingsamlingane i dei 11 skipreidene vart gjerne avvikla i rask rekkefølge. Ofte var det nok med ein dags tingsamling i kvar skipreide, og då var det ikkje uvanleg at heile ting-runden kunne gjerast unna på knapt to veker. I åra like før og like etter hundreårsskiftet hende det at tinget for to og to skipreider vart slegne saman. Det vart gjort "for beleyligheden Schyld",⁵⁵ skriv sorenskrivaren. Truleg var det seg sjølv og futen han då hadde i tankar; for ein del av lagrettemennene og allmugen måtte samanslåinga føra med seg at vegen til tings vart lengre. Når to skipreider heldt ting saman, vart likevel sakene som høyrde til i dei to skipreidene skilde frå kvarandre, og lensmann og lagrettemenn frå ei skipreide om gongen tok plass i tingstova.

Som oftast følgde futen og sorenskrivaren ei fast reiserute når det skulle haldast ordinært ting i dei 11 skipreidene. Rekkefølga var då denne: Herdla, Alenfit, Radøy, Lindås, Gulen, Eikanger, Hosanger, Mjelde, Arna, Skjold og Sotra. Stundom starta tingreisa med Skjold og Sotra, før ferda gjekk vidare til Herdla og Alenfit og heldt fram etter den vanleg ruta.

Frå slutten av 1600-talet hender det at det blir haldne egne tingsamlingar for Store Sandvigen, som var ein del av Arna skipreide. Etter kvart fekk Sandviken nærast status som eigen tinglyd. 5. – 6. november 1704 vart det halde haustting i Arna skipreide. Sist i referatet frå denne tingsamlinga står det at "Sandviigs sager beroer til Sandviigs ting Som berammis for Julen".⁵⁶ 15. desember same året vart det halde "Høste, Schatte och Sageting udi Store Sandviigen med Sandviigs tilhørende almue".⁵⁷ Då det på hausttinget i Arna i 1706 vart utnemnt nye lagrettemenn, vart det utnemnt to menn ekstra "til Rettens fornødenhed udi Sandviigen".⁵⁸ Tingsamlinga i Sandviken 4. desember 1706, vart kalla "ordinarie Aars Hosteting", og no heiter det at dette "Som SedWanligt" vart halde "udi Store SandViigen, med Sandviigs Almue".⁵⁹

⁵⁵ Tingbok nr. 28, folio 1703: 41b

⁵⁶ Tingbok nr. 29, folio 1704: 60b

⁵⁷ Tingbok nr. 29, folio 1704: 60b

⁵⁸ Tingbok nr. 30, folio 1706: 165

⁵⁹ Tingbok nr. 30, folio 1706: 165

2.2. Aktørane på tinget

Lagretten og sorenskrivaren⁶⁰ sin funksjon og posisjon på tinget endra seg på gjennomgripande vis i løpet av 1600-talet. Frå gammalt av var det lagretten som avsa dom på tinget. Då sorenskrivarstillinga vart oppretta ved kongeleg forordning av 31. juli 1591, vart det slege fast at lagretten framleis skulle ha plikt til å døma i alle saker.⁶¹ Alt frå først på 1600-talet hende det likevel at sorenskrivaren fungerte som lagretten sin meddommar, og ved kongeleg forordning av 23. oktober 1634 fekk han offisielt denne funksjonen.⁶² I tingbøkene står oftast berre "Afsagd", før dommen blir referert, utan at det blir nemnt noko om *kven* som dømmer eller har innverknad på dommen. Eit unnatak finn vi i tingbok nr. 28. Til hausttinget i Sartor skipreide i 1702 vart ei rekkje personar stemna for at dei hadde brukt ulovleg fiskereiskap.⁶³ I samband med saka vart det i retten lagt fram "een Extract af nogle domme, for lang tid siden passeret, om samme Stridighed". Mellom anna gjeld dette ei sak frå 1665 som vart "dømt af fordum Sorenschriver nu Salig Hans Hansen och 17 Laugrettismend".

Sorenskrivaren sin innverknad på dommen tiltok utetter hundreåret, og frå 1687 er han bygdetinget sin formelle og reelle einedommar i dei fleste sakene. Frå no av er lagrettemennene meddommarar berre i livs- og æressaker og i odels- og eigedomstvistar. I alle andre saker er lagretten sin funksjon sterkt redusert. Her "skulle de hossidde, som Vidne og til Vitterlighed om at hvis i Retten forrekommer, og skal da Sorenskriveren allene dømme".⁶⁴

Det er svært sjeldan tingbøkene fortel om klar usemje mellom sorenskrivaren og lagretten. Grunnen kan vera at dei sjeldan var usamde, at lagretten ikkje våga eller ikkje såg det føremålstenleg å dissentera openlyst, eller at sorenskrivaren rett og slett har late vera å protokollera usemje. Men det hende at lagretten protesterte; til dømes i Herdla skipreide i 1681. Til skattetinget 25. juli det året hadde futen stemna 11 menn i skipreida "formedelst deris Moedtuillighed og Gienstridighed". Grunnen var at dei ikkje ville skyssa futen på tingreisa hans tidlegare same året.⁶⁵ I samband med dommen i denne saka finn vi ei formulering som er svært uvanleg i tingbøkene: "... da Er Sorenschriuerens domb i denne Sag", les vi. Dommen er at kvar av dei 11 må betala ei bot på to mark sølv, i tillegg til å betala futen det han har betalt andre for å få skyss. Mot denne dommen protesterte ein samla lagrett, ikkje berre verbalt, men ved at dei "gich fra Tingbordet, sigende at de icke Kunde Vere i denne domb, men begierte at dermed motte beroe til Høstetinget".

⁶⁰ Meir om sorenskrivaren si rolle på tinget i innleiinga til kap. 5.

⁶¹ Lover og forordninger 1537 – 1605, s. 235f

⁶² NHL, s. 312f

⁶³ Tingbok nr. 28, folio 1702: 8 – 9

⁶⁴ Norske Lov 1 – 7 – 1

⁶⁵ Tingbok nr. 20, folio 24

Frå gammalt skulle lagretten vera ei gruppe på seks eller tolv menn som fungerte som eit fast kollegium.⁶⁶ Lova frå 1604 føreskriv 12 lagrettemenn i "store sager, som ere om lifff eller lemmelestelse, og slige store reffselse".⁶⁷ Tingbøkene syner at i praksis kunne talet på lagrettemenn variera svært mykje før 1687. I juni 1664 vart det halde ting i både Gulen⁶⁸ og Arna⁶⁹ med berre ein lagrettemann til stades, i tillegg til lensmannen. I september same året møtte 21 lagrettemenn til hausttinget i Radøy. Her bør rett nok leggjast til at det var på "Ledings Ting" at berre ein lagrettemann møtte. Ingen brotsverkssaker vart handsama på leidangstinga⁷⁰ i Gulen og Arna i 1604.

I 1685 vart ei tingsamling avlyst av di ingen lagrettemenn møtte fram. 28. juli det året "schulde werret Holdet et almindeligt Waar schatte og Sage ting" i Lindås skipreide.⁷¹ Fut, sorenskrivar, lensmann og "Begge schydtzschafferne"⁷² møtte fram, eller "Comparerede", som det heiter i tingboka. Men "som Huerchen En Eeneste Sorren Mand af schibbredet, Langt mindre Ringeste af Almuen effter Loulig tilliusing møtte", kunne tinget ikkje setjast. Dei tilreisande embetsmennene "motte alting Lade beroe, og med uforretted ærinde... der fra reyse".

I 1664 vart ei tjuverisak utsett "Efferdj iche nu war saa mange Laugrettismend tilstede som i Saagen Dømme Kunde".⁷³ Ni lagrettemenn møtte på dette tinget, i tillegg til lensmannen. I 1667 vart ein mann dømd til to års tvangsarbeid for tjuveri, med berre fem lagrettemenn til stades, i tillegg til to lensmenn.⁷⁴ I tillegg til at talet på lagrettemenn varierte mykje, kan det såleis sjå ut til at tinget ikkje hadde ei konsekvent haldning til kor mange som burde eller måtte vera til stades.

Dette vart annleis etter 1687. Etter Norske Lov skal lagretten ha åtte medlemmer.⁷⁵ På siste tingsamlinga kvart år skal oppnemnast lagrettemenn som skal fungera komande år.⁷⁶ Dette vart òg følgt opp i praksis. Når dei åtte lagrettemennene skulle oppnemnast, var det vanleg å oppnemna nokre som "tilforn har gjort deris LaugRettis eed", og så oppnemna så mange som var nødvendig "til talets fyldistgiørelse effter Loven".⁷⁷ Eiden skulle avleggjast berre "een Gang udi

⁶⁶ Seip 1957/1981, s. 144

⁶⁷ Norske Lovbok 1604/1855, tingfarebolken, kap. 4

⁶⁸ Tingbok nr. 6, folio 14

⁶⁹ Tingbok nr. 6, folio 14 – 14b

⁷⁰ Leidangen var opphavelig ei sjømilitær forsvarsordning, basert på at bøndene rusta ut skip og mannskap. I løpet av 1100 – 1200-åra vart leidangen omgjort til ein årleg skatt. Eit leidangsting på 1600-talet er såleis det same som eit skatteting. NHL, s. 197f

⁷¹ Tingbok nr. 22, folio 1685: 3

⁷² Meir om skaffaren si rolle på tinget i kap. 5.3.

⁷³ Tingbok nr. 6, folio 7 – 7b

⁷⁴ Tingbok nr. 9, folio 16b – 17b

⁷⁵ Norske Lov 1 – 7 – 1

⁷⁶ Norske Lov 1 – 7 – 2

⁷⁷ Tingbok nr. 28, folio 1702: 9b

hvers Livstid".⁷⁸ Det hende det vart halde ting med færre enn åtte lagrettemenn, men etter 1687 var dette sjeldan.

Lova frå 1604 seier ikkje noko om funksjonstida til lagrettemennene, men det var vanleg at same personane møtte som lagrettemenn på ei rekkje tingsamlingar. I følgje lova frå 1687 skal lagrettemennene oppnemnast etter manntalet for eitt år om gongen, "saa at de, som have tient et Aar, skulle ikke tiene igien, førend det er kommen omkring til dennem".⁷⁹ Tingbøkene syner at på dette punktet er tinget sin praksis ikkje i samsvar med lova. John Ragnar Myking har undersøkt rekrutteringa av lagrettemenn i Skjold skipreide i Nordhordland i perioden 1675 – 1750, og dokumenterer at ordninga med å oppnemna dei same lagrettemennene til nye periodar heldt fram lenge etter at Norske Lov var innført. Myking dokumenterer dessutan at lagrettemennene vart rekrutterte frå ein bygdeelite. Først frå 1746 vart den lovpålagde ordninga med årleg rullering etter manntalet gjennomført i Skjold.⁸⁰

Dei av aktorane på tinget som til vanleg blir nemnde og namngjevne i starten av referatet frå kvar tingsamling, er futen, lensmannen og lagrettemennene. På 1660-talet hender det at lensmannen blir nemnd som ein av lagrettemennene.⁸¹ Lensmannen er elles på fleire vis futen sin forlenga arm i lokalsamfunnet, og såleis ein representant for styresmaktene. Men han bur i bygda, og er i høg grad også ein representant for bygdeeliten.⁸² Mange bondelensmenn hadde ombodet i svært lang tid, og ofte vart dei rekrutterte frå same slekta gjennom mange generasjonar. Lensmannen er difor eksponent for både kontinuitet og kompetanse på bygdetinget.

Futen blir stundom nøkternt nemnd som "K. Ma. foeget Søren Nielsen",⁸³ men ofte blir han omtalt i frodigare vendingar, som til dømes "Konglig Majestets Fogit, HøyagtBarre Wijs og Welforstandige Mand Signeur Johan Torson".⁸⁴ Det er ikkje klare grenser mellom kva saker futen, eller eventuelt lensmannen stemnar og sakene der den fornærma parten sjølv må stemna. Men i ein del brotsverkssaker er det futen som både stemnar og legg ned påstand om straff.

Futen blir namngjeven, og ofte omtalt i så blømande vendingar at det kan ta både ei og fleire linjer i tingboka. Sørenskrivaren i Nordhordland namngjev derimot mest aldri seg sjølv, eller gjev

⁷⁸ Norske Lov 1 – 7 – 2

⁷⁹ Norske Lov 1 – 7 – 2

⁸⁰ Myking 1996, s. 179 – 183

⁸¹ Tingbok nr. 6, folio 1a. Om lensmannen sitt tilhøve til lagretten skriv J.A.Seip: "Lensmannen optrådte stadig sammen med lagretten, både på ting og på stevner. Han var med ved de fleste åstedssaker. Nettop i dette samvirke med lagretten kommer det frem at han stod bøndene nær. Han hadde jo også selv vært almindelig lagrettemann, og tydeligvis var man litt i villrede med hvorledes hans stilling egentlig skulde opfattes. I tingbøkene fra Jæren er skillet mellem lensmannen og lagretten trukket skarpere op enn i Ryfylke. I Ryfylke blir titelen ofte sløffet, og lensmannen regnes gjerne som medlem av selve lagretten." Seip 1957/1981, s. 141

⁸² "Lensmannen var alltid en bonde, og alltid en av de beste i bygden," skriv J.A.Seip. Seip 1957/1981, s. 140

⁸³ Tingbok nr. 6, folio 7

⁸⁴ Tingbok nr. 24, folio 85b – 86

seg personleg til kjenne i tingbøkene. Om vi ikkje visste kva funksjon han har på tinget, og at det er han som har ført tingboka i pennen, ville vi oftast ikkje kunna slutta ut frå tingboksreferatet at sorenskrivaren er til stades. Unnataka finn vi når det er vikar i embetet. Då hender det at mannen som fører protokollen gjev seg til kjenne: "... och ieg Hans Teiste som constitueret Sorenschriver udi Christian Abois sted".⁸⁵ På fleire tingsamlingar i 1666 var det "Oluff Poulsen beEdiget Procurator i Bergen" som var "Befuldmechtiget" i sorenskrivarens "Absentie".⁸⁶

Ikkje så sjeldan er det ein "Fuldmektig" som møter på vegner av futen. Det hender òg at to fullmektigar møter samstundes.⁸⁷ I 1705 møter ein som har fått meir prangande tittel: "Konglig Majestets Welbeschichede Vice fogded udi Nordhorlehns fogderie Signeur Søfren Trulsen Glad".⁸⁸ På tre tingsamlingar hausten 1706 var det faktisk sorenskrivaren som skjøtta futen sitt embete, samstundes som han òg var skrivar.⁸⁹ Futen hadde lovleg forfall, og det var "eftter hans begier" at skrivaren "hans function saalenge beoagtede". På i alle fall ei av desse tingsamlingane var ein mann som blir omtalt som "Fogdens fulmektig Nicolaj"⁹⁰ til stades, men han var tydelegvis ikkje betrudd å skjøtta futeembetet. Ei rekkje brotsverkssaker vart handsama på dei tre tingsamlingane. Kva konsekvensar det fekk at same mann var både fut og sorenskrivar, er det ikkje mogeleg for visst å seia noko om. I mange av sakene var det futen som hadde stemna brotsmannen, men i desse sakene vart det ikkje lagt ned straffepåstand. Dommen vart avsagt straks partane og vitna hadde gitt forklaringane sine.

I tillegg til dei som i kraft av si stilling er faste aktørar på tinget, hender det at høgare embetsmenn meir sporadisk møter fram til einskilde tingsamlingar.⁹¹ På hausttinget i Skjold i 1686 møtte til dømes "Høyædelbaarne Herr Justitz og Cancellijraad Sampt Amptmand Lauridtz Lindenow, Saa og Welbaarne Herr Cammer og Assistentz Raad Sampt LandCommissarius Hiort".⁹² (berre to personar!)

I perioden vår er det berre to personar som har formelt kongebrev på sorenskrivarembetet i Nordhordland. Hans Hansen fungerte som sorenskrivar frå 1659, men vart formelt utnemnd i embetet først i 1662. I 1685 fekk Christian Nicolai Aboe kongebrev på embetet, etter at han hadde "adjungeret" Hans Hansen i to år. Aboe måtte slutta som sorenskrivar i 1702, og vart formelt frådømd embetet i 1705. Hans Teiste vart konstituert som sorenskrivar i 1702, og først i 1708 vart ny sorenskrivar formelt utnemnd. Arent Baltzarsen gjekk då inn i embetet.⁹³

⁸⁵ Tingbok nr. 28, folio 1702: 1b

⁸⁶ Tingbok nr. 6, folio 9 – 10

⁸⁷ Tingbok nr. 22, folio 1686: 52

⁸⁸ Tingbok nr. 30, folio 1705: 5b

⁸⁹ Tingbok nr. 30, folio 1706: 139, 143 og 145b

⁹⁰ Tingbok nr. 30, folio 1706 148b

⁹¹ Etter kongebrev av 15.03.1633 har lensherren "under tiden" plikt til å vera med på tingsamlingane. Seip 1957/1981, s. 137

⁹² Tingbok nr. 22, folio 1686: 66

⁹³ Breistein 1984, s. 74 – 79

Seks menn sit i futeembetet i Norhordland i perioden: Søren Nielsen Fox frå 1662 til 1669, Peder Andersen frå 1669 til 1680, Falch Lauritzen Dalhoff frå 1680 til 1684, Johan Torson frå 1684 til 1695, Madtz Hansen Holm frå 1695 til 1704 og Søren Trulsen Glad frå 1704 til 1709.⁹⁴

⁹⁴ Hjeltnveit 1957, s. 177 – 206

3. " paa sin ære och lempe toucheret..."

Ein skal ikkje arbeida lenge med tingbøker og lover frå 1600- og 1700-talet før ein får ein sterk tokke av at desse dokumenta fortel om ei verd som er svært framand i hove til vår eiga tid. Ein oppdagar at det ikkje berre er språket som er framandsleg; tankegang og mentalitet skil seg òg mykje frå det vi sjølve kjenner oss heime i. Stundom oppdagar ein òg at ord og uttrykksmåtar har eit anna innhald enn det vi legg i dei same formuleringane i dag. I dette kapitlet vil eg mellom anna gjera greie for ein del omgrep og prinsipp som det er viktig å ha oversyn over om ein skal skjøna det livet som ovrar seg på bygdetinget. Kapitlet byggjer på nyare forskning og på eldre rettshistorisk litteratur, i tillegg til mitt eige studium av tingbøker og eldre lover.

3.1. "... haver schieldt hannem for en tiuf..."

1600- og 1700-talets nordhordlendingar hadde eit omfattande og variert repertoar av skjellsuttrykk, utnamn og saftige karakteristikkar som dei kunne ta i bruk dersom dei av ein eller annan grunn kjende trong for å ramma eit medmenneske med eit verbalt åtak.⁹⁵ Eit systematisk studium av dette skjellsordsrepertoaret og måten det vart nytta, ville kunna gje oss interessante gløtt inn i fleire sider ved det samfunnet der vokabularet var i bruk.

Eitt skjellsuttrykk som ofte vart nytta, og som i særleg grad hadde stigmatiserande kraft, var ordet tjuv. Stundom var skuldinga meir konkret, som "Smalletiuff"⁹⁶, "Machreel tiuff"⁹⁷ eller "En penninge tiuf og en Korn tiuf"⁹⁸. Det var også vanleg å hengja på ei ekstra skuldning i same

⁹⁵ Som døme på dette repertoaret nemner eg eit lite utval av dei uttrykka som er nemnde i saker som vart reiste på bygdetinget i Nordhordland:

Tingbok nr. 7, folio 29 : "..hand haffuer schielt hende for en Troid Dieffuel.."

Tingbok nr. 8, folio 8b: "..sagde hand hafde Løjet som en schielmb och Var en schielmb.."

Tingbok nr. 8, folio 28b: "..hand Kaldet hende en Troid Konne.."

Tingbok nr. 13, folio 14: "..hand Kaldet hende en Kagstrygen Hoere.."

Tingbok nr. 18, folio 33b: "..Kaldet hannem Boch i it Bryllup.."

Tingbok nr. 21, folio 41: "..formedelst hand schal hafue schieldt hans Kone for En Hore og hannem for En Hore Hest og at hans Kone motte Vere lige som En Tig og Eie hualpe huer 2 Maanit.."

Tingbok nr. 21, folio 10: "..hafde lignet hannem Ved En Tørch og Hedning.."

Tingbok nr. 27, folio 70b: "..schielte for En Hunsvot.... og Sagde Erich Køs mig i Refven.."

Tingbok nr. 27, folio 128b: "..Saa Mogens Sagde, du tøches Weent, om Smoche tøsser.."

⁹⁶ Tingbok nr. 16, folio 9b

⁹⁷ Tingbok nr. 27, folio 1701: 131b

⁹⁸ Tingbok nr. 27, folio 1701: 113

slengen; då kunne skjellsuttrykket bli "en Tiuf och en Snader",⁹⁹ "en Tiuff och bedrager"¹⁰⁰ eller "en Tiuf och Lopppehund".¹⁰¹ Vi finn òg reine skjellsordstiradar som "en gammel tiuf, og En gammel Hoore Hest"¹⁰² eller "en Tiuff, schielm och Judasis broeder, och at alle de som har Rød haar och scheg, ere schelmer".¹⁰³

Om vi held oss til verbale åtak, var det å bli skulda for å vera tjuv, noko av det verste som kunne ramma eit menneske. Difor var det òg så viktig å kvitta seg med skuldinga; å få slege fast at ho var falsk, og at alt som var sagt kunne kjennast "dødt och Magtisløst".¹⁰⁴ Dette kunne skje ved at kontroversen vart løfta fram i det offentlege rommet, på bygdetinget.

Vi har grunn til å tru at eit verbalt åtak der eit menneske blir skulda for å vera tjuv, ikkje alltid treng å referera til ei konkret, tid- og stadfesta hending, der den som set fram skuldinga, verkeleg trur at den skuldinga blir retta mot, har stole ein konkret gjenstand. Skuldinga kan også bli framsett meir generelt, utan at den som kjem med skuldinga nemner eller tenkjer på eit konkret tjuveri. Det å skulda eit menneske for å vera tjuv, har meir karakter av ei skulding om at den det gjeld, er eit dårleg og ærelaust menneske, ein uverdigg «mindremann».

Når det å bli skulda for å vera tjuv, er eit så alvorleg åtak på integriteten til eit menneske, heng det sjølv sagt nøye saman med den haldninga som både lovgjevar og lokalsamfunn har til det å vera tjuv. Både reine tjuverisaker og saker som blir reiste mot ein person fordi han har skulda ein annan for å vera tjuv, vil kunna kasta lys over lokalsamfunnet si haldning til tjuveri. Denne siste sakstypen er blitt kategorisert på ulike måtar av forskarane. Det vanlegaste er å operera med ærekrenking som eigen kategori, og plassera sakene der, slik som til dømes Hans Eyvind Næss gjer i ein artikkel om kriminalitetskategoriar.¹⁰⁵ Jørn Sandnes nyttar kategorien «verbale forbrytelser»,¹⁰⁶ medan Bodil Chr. Erichsen brukar nemninga «verbale ærekrenkelser» som spesifisering under kategorien ærekrenking.¹⁰⁷

I tingbøkene for Nordhordland for perioden eg undersøker, finn vi om lag 80 saker der personar blir stemna for at dei har skulda andre for å vera tjuv. Sakene er nokså jamt fordelte over heile perioden. Det er tydeleg at den som får tjuvskulding retta mot seg, ser det slik at æra er truga.¹⁰⁸ Difor kan vi finna formuleringar som at ein person blir stemna "for utilbørlig Schieldsmaal paa Æren, nemblig for tyV och Racher".¹⁰⁹ Det vanlege er at den som er blitt skulda for å vera tjuv,

⁹⁹ Tingbok nr. 8, folio 31

¹⁰⁰ Tingbok nr. 12, folio 30b

¹⁰¹ Tingbok nr. 13, folio 32b

¹⁰² Tingbok nr. 27, folio 1701: 112

¹⁰³ Tingbok nr. 13, folio 33

¹⁰⁴ Tingbok nr. 29, folio 1704: 61b

¹⁰⁵ Næss 1994, s. 41

¹⁰⁶ Sandnes 1990, s. 46

¹⁰⁷ Eriksen 1993, s. 141

¹⁰⁸ Meir om fenomenet ære i kap. 3.2.

¹⁰⁹ Tingbok nr. 30, folio 1706: 74b

sjølv stemnar den skuldige. Men vi finn òg ei rekkje døme på at futen stemnar. Det tyder på at tjuvskuldinga og **åta**ket på æra ikkje er ei sak som berre vedkjern dei som beinveges er involverte, men at kontroversen også rører ved den sosiale fellesskapen.¹¹⁰

Det hender at **saka** endar med at den stemna blir dømd til å betala ei mindre bot. Meir vanleg er det at brodden i **skuldinga** blir fjerna, utan at det blir avsagt dom. I nokre saker skjer det ved at den stemna **heilt nektar** for at han har retta noko skulding mot citanten; i andre saker orsakar han seg med at **det han** har sagt, ikkje var meint som tjuvskulding. Svært ofte skjer det at den stemna trekkjer **skuldinga** tilbake og gjer "offentlig erchlering och afbedelse".¹¹¹ Hovudsaka for citanten er at **det blir** offentlig proklamert på tinget at han "bliver ved saadant Sladder iche hereftter mere end tilforn i nogen maade paa sin ære och lempe toucheret mens bør eragtis for een Ærlig mand och dette Snach iche Komme ham til hinder i nogen maade".¹¹²

3.2. "... da bør hand at miste sin Ære..."

At det å bli råka av skjellsuttrykk, blir sett på som så alvorleg at ein må gjera alt som er mogeleg for å kvitta seg med det stampelet som uordet set, heng saman med samtida sitt syn på ære. For 1600- og 1700-talsmennesket knyter spørsmålet om ære seg til ein konkret tilstand, der det ikkje finst glidande overgangar, og der det har vidtrekkjande konsekvensar for personen, om han høyrer til kategorien «Ærlig» eller «Wærlig».

Spørsmålet om ære høyrer ikkje heime i den private sfære; ære er ein offentlig storleik. Den som blir rekna for å vera «wærlig», er sett utafor den sosiale fellesskapen i lokalsamfunnet. Æra er "den integrerande kraften, det symbolvårde med vilket varje individ måste vara utrustad för att accepteras inom skåret, socknen, etc."¹¹³ Som følgje av dette kunne ein "förlora sin position i gruppen och därmed i tillvaron, just genom att ens ära ifrågasattes".¹¹⁴ Om ein person blir utsett for ærekrenkjande ord eller framferd, kan ikkje skaden gjerast god att berre ved at partane gjer opp seg i mellom. Fordi ærekrenkinga er eit åtak som har konsekvensar for den sosiale fellesskapen, må saka løftast fram i det offentlege rommet, om skaden skal kunna bøtast.¹¹⁵

Ei sak frå Arna skipreide i 1703 kan illustrera dette: 16. juli dette året blir det halde sommaring i skipreida. Siuver Nielsen Qvame har stemna Mogns Hougland på grunn av nokre "fornermelige ord" Mogns skal ha sagt. Saka var også oppe på vårtinget 22. mars same året, men då møtte ikkje Mogns. Men til sommaringet har han møtt fram, og han "erbøed sig gjerne for Retten at

¹¹⁰ Jfr. kap. 3.2.

¹¹¹ Tingbok nr. 30, folio 1706: 103b

¹¹² Tingbok nr. 28, folio 1703: 79

¹¹³ Ågren og Johansson 1994, s. 125.

¹¹⁴ Ågren og Johansson 1994, s. 153.

¹¹⁵ Ågren og Johansson 1994, s. 125.

bede Siuver Nielsen om forladelse... och erclerede hannem at hand iche udi nogen maade enten med Sandhed Kunde vide eller sige noget ont eller usømmeligt paa Hannem." I dommen heiter det at fordi Mogns Houglund har bedt Siuver "om forladelse... och *Ercleret hannem for een ærlig mand i alle maade* Saa forblifver det derved, saa, at *Samme talte ord af Mogns Houglund, iche Kommer citanten Siuver Nielsen Qvame til nogen æris forKleinelse i nogen maade...*"¹¹⁶

Ei erklæring frå retten er det som skal til for å ta brodden av ei skulding som går på æra laus. Brørne Erich og Gudmun Are Klet fekk ei slik naudsynleg erklæring i ei sak som den eldste av brørne reiste på bygdetinget i Gulen hausten 1704. I dommen frå denne saka heiter det: "... ey heller er af saadan importantz, at nogens ære derfor Kand nærgåis... och bør dend aldrig nevnis eller Komme Erich och hans broder Gudmund Are Klet, til nogen præjudice eller forKleinelse paa deris ærlige nafn og rygte i nogen maade."¹¹⁷

Å reisa saka på tinget og på den måten kvitta seg med skuldinga, kjendest tvingande nødvendig for den som hadde fått ei skulding som gjekk på æra laus, retta mot seg. Det går fram av den saka som lensmannen Iver Esem i Eikanger skipreide reiste mot Elling Solberg i Mjelde skipreide i 1704 – 1705. Solberg har skulda lensmannen for tjuveri, og Iver Esem stemnar først Solberg til haustinget i Mjelde i 1704, "Saasom citanten till *sin æris conservation* denne beschyldningssag *er nødtvungen at paatale och udføre*." Solberg møtte ikkje fram, og saka kom opp på ny på sommartinget i Eikanger året etter.¹¹⁸

Det verbale åtaket som laut løftast fram i det offentlege rommet for at æra skulle gjenopprettast, kunne vera ei skulding om å vera "Tiuff", "Hore", "Troid Dieffuel" eller "Tørch og Hedning".¹¹⁹ Men åtaket kunne òg vera ei beinveges skuldinga om å vera ærelaus. Ei slik sak vart reist på tinget i Gulen den 16. juni 1677. Oluf Du(e)sund stemna då Knud Anduig "formedelst hand schal hafue schielt hannem for en u-erlig mand". Knud orsaka seg med at han var drukken, og sa at han ikkje kunne minnast at han "hafue schielt hannem i nogen maader". Han la til at han "iche veed Oluf Duesund andet at beschylde, end som en Erlig Mand vel Sømmer och anstaar". Som konklusjon på saka, føyer sorenskrivaren til i tingboka: "Derfor bør Huis som kand vere passerit, iche at komme enten af parterne til hinder eller schade i nogen maader".¹²⁰

Å gje ei eksakt og god forklaring på kva ære innebar i det samfunnet vi omtalar her, er inga liketil oppgåve. Erling Sandmo er mellom dei som i nyare forskning har gått grundigast inn på omgrepet, men ein klar definisjon har han ikkje funne fram til. Det står att å nå fram til ein definisjon av ære som er smidig nok til å knyta saman alle dei situasjonstypene der æra er ein sterk faktor, samstundes som definisjonen er rigid nok til å vera analytisk brukbar, skriv

116 Tingbok nr. 28, folio 54b og 87

117 Tingbok nr. 29, folio 41b

118 Tingbok nr. 29, folio 54b og 118bf

119 Jfr. kap. 3.1. og note 95.

120 Tingbok nr. 16, folio 7b

Sandmo.¹²¹ Han nyttar omgrepa *rettsleg ære* og *sosial ære*, og hevdar at det kan henda ikkje er meiningsfullt å leita vidare etter kva æra "var": "Det kan tenkes at den ble påkalt bare i situasjoner hvor den ble krenket eller truet."¹²²

Spørsmålet om ære er sentralt i mange av sakene som vart reiste på tinget. Det gjeld saker som det er naturleg å kategorisera som ærekrenkingssaker, men også ein del andre saker. Ein person kan bli *dømd* ærelaus ved ei rettssak, og dette er ein dom som får alvorlege følgjer for den dømde. Erling Sandmo har gjort greie for dette, og hevdar at det å vera dømd ærelaus "var en *de facto* tilstand som det var umulig å befinne seg i".¹²³ "Vid äran kunde en persons hela existens angripas", hevdar Ågren og Johansson.¹²⁴ Den som er ærelaus kan ikkje vera vitne, formyndar eller faddar. Han kan ikkje få borgarskap i ein by eller bli teken opp i eit handverkarlaug, og han kan ikkje sjølv stemna ein annan person til tings. Han er «mindre mann».¹²⁵

I tingbøkene finn vi uttrykk som "å lide på sin ære" og "å miste sin ære" for det å bli dømd ærelaus. Etter Chr. Vs Norske Lov var hovudstraffa for handlingar som førte med seg tap av ære, ei bot på tre mark, "og regelen var at denne boti drog æreløyse etter seg", skriv Knut Robberstad.¹²⁶ Norske Lov har eit kapittel «Om Æresager» der det mellom anna heiter: "Overskielder mindre Mand, som allerede er dømt til sine tre Mark, eller Ond Qvinde, nogen med ærrørige Ord,.."¹²⁷ Det blir og beinveges uttrykt i lova at ein kan bli dømd ærelaus.¹²⁸

Jorunn Dobbe har peika på at Norske Lov av 1687 omtalar tremarksbota på liknande måte som Norske Lovbok av 1604 omtalar firemarksbota. Dobbe meiner difor det er truleg at bota som førte til tap av ære, i løpet av 1600-talet gjekk over frå å vera fire mark til å bli på tre mark.¹²⁹ Vi finn firemarksbota som straff for ærekrenkjande skuldinger alt i Landslova.¹³⁰ Norske Lovbok frå 1604 set ei bot på fire mark som straff for fleire brotsverk som vedkjem æra, og det var naturleg "at denne Bod maatte antage en særlig odiøs Karakter; man finder ogsaa, at den i og for sig har været betragtet som vanærende, uden Hensyn til Forbrydelsens Beskaffenhed", skriv Fr. Brandt.¹³¹ Jon Skeie er samd i at firemarksbota generelt vart oppfatta som infamerande alt like etter lova av 1604,¹³² men hevdar at dette kan vera etter dansk førebilete.¹³³ I Norske Lovbok er «Wærlig sag» m.a. omtalt i kapittel 21 i mannhelgebolken.

¹²¹ Sandmo 1994, s. 81f.

¹²² Sandmo 1994, s. 82.

¹²³ Sandmo 1992, s. 57

¹²⁴ Ågren og Johansson 1994, s. 153

¹²⁵ Robberstad 1947, s. 16

¹²⁶ Robberstad, 1947, s. 16

¹²⁷ Norske Lov 6 – 21 – 5

¹²⁸ Norske Lov 6 – 21 – 8

¹²⁹ Dobbe 1995, s. 58

¹³⁰ Landslova IV – 24

¹³¹ Brandt 1883, s. 26 – 37

¹³² Skeie 1910, s. 82

¹³³ Skeie 1937, s. 137.

Eit viktig trekk ved tankegangen om utskjelling og ære, er at ein rekna det slik at den som set fram ei skuldning mot ein annan person, sjølv får skuldinga retta mot seg med full tyngde, dersom han ikkje kan prova at skuldinga er rett. Så konkret blir dette oppfatta at han blir rekna for sjølv å bli det han har skulda den andre for å vera. I Norske Lov er dette uttrykt slik: "Kalder mand anden Tyv, Horesøn, Forræder, eller anden ubeqvems Ord;... da blive hand selv den samme Mand, med mindre hand den anden saadan Gierning skilligen overbevise kand..."¹³⁴

At denne tankegangen var levande i lokalsamfunnet, finn vi mange døme på i tingbøkene. 3. juli 1703 vart det halde sommarting i Radøy skipreide. Ole Tolleshaug har stemna Knut Ytre Sæbø "for hand Schulde hafve tillagt hannem tyveri... burde for saadan Sigtelse lide tilbørlig domb och straf effter Loven, enten at beviise sin Sigtelse eller blifve self det samme".¹³⁵ I ei sak som var oppe på hausttinget i Gulen i 1704, finn vi ei liknande formulering: "... bør dømmis efter loven och blive dend samme, som hand har Schyldt dem for."¹³⁶

Den same tankegangen kjem tydeleg til syne i ei sak som vert reist på tinget i Arna den 21. juni 1677. Futen stemnar tre personar "formedelst Schielderj". I tingboksreferatet heiter det at Oluf Quamme møter på vegner av kona si, og seier at "Mogns hafde schielt hende først for en Sladertasche, der paa suarede hun hannem at hand schulde bliffue en tiuff, Indtil hand det beuiste". Inger Pedersen som er stemna i same saka, sa at "Mogns først schielte hende for en tiuff, huorpaa hun schielte hannem igien for en tiuff, Indtil hand beuiste, at hun er en Thiuff".¹³⁷

Jorunn Dobbe har, i materialet frå Nordhordland som ho har undersøkt, funne døme på at innstemna personar sjølv har fått velja mellom å avsona med futen eller betala bot på fire mark.¹³⁸ Dobbe har dokumentert at det hende den stemna valde å avsona med futen og betala *det doble av firemarksbota*. Poenget var nok å unngå tap av ære, og så viktig var dette at ein gjerne kunne betala for det.¹³⁹

Eit spørsmål som kan reisast med bakgrunn i dei kjeldene eg arbeider med, er om retten kan idøma ei bot som etter regelen automatisk fører til tap av ære, samstundes som retten tek atterhald om at dette ikkje skal skje i den konkrete saka. Vi finn ei slik sak i tingbok nr. 8: 29. mars 1666 blir det halde tingsamling i Arna skipreide.¹⁴⁰ Oluff Espell blir stemna for retten av grannen Mogens Espell "Anlangende schielderie Hand paa Mogens schall Haffue begaaet". Det blir ført vitne for at klagemålet er sant; Oluff har mellom anna kalla grannen sin "Een Tiuffue pose". Oluff nektar for at skuldinga er sann, "Mend om Nogen Misfeyll Kunde Wære paa Færde,

¹³⁴ Norske Lov 6 – 21 – 6

¹³⁵ Tingbok nr. 28, folio 78b

¹³⁶ Tingbok nr. 29, folio 40b

¹³⁷ Tingbok nr. 16, folio 12

¹³⁸ Perioden Dobbe har undersøkt, er 1642 – 1655. Det er såleis firemarksbota som fører til tap av ære i den aktuelle perioden.

¹³⁹ Dobbe 1995, s. 64 og 84

¹⁴⁰ Tingbok nr. 8, folio 12

da ehr det Schied I Druchenschab". "Mens formedelst Langwarig VnderHandling, och Dannemends¹⁴¹ forbøn schyld bleffue de Wenner och Well for ligte for Retten, Sampt schall Oluff Espell bøde for hans forseelse 4 March Solff, *dog icke Onde March*." Det er rimeleg å tolka dette slik at fire-marksbota automatisk ville føra til tap av ære, om ikkje atterhald er teke, men at retten har høve til å ta slikt atterhald. Rettsreferatet i den konkrete saka tyder på at brotsmannen har sympati i lokalsamfunnet. Var dette måten han kunne bergast frå å falla utafor fellesskapen?

Ei liknande sak finn vi i 1690. Den infamerande bota er då på tre mark. Den 28. mars dette året er bygdetinget samla på Askeland i Radøy skipreide.¹⁴² Futen har stemna Guttorm Dalland for noko smør som han etter eit skipsforlis har "fonden og Siden fordult". Trass i at Guttorm "Beretter og ved Eed forklarar icke at hafve vildet fordult Sagen og det er af ringe verdj Som er Bierget", blir han dømd til å bøta tre mark sølv til kongen. Men så føyer sorenskrivaren eit viktig atterhald til dommen: " ... dog Her ved Hans Ere v-forKrenchet og det formedelst Laugrettis forBøns schyld". Det blir altså uttrykkeleg presisert at dommen ikkje fører til tap av ære for Guttorm, trass i at den bota han blir ilagd til vanleg automatisk er infamerande. Eit viktig poeng å merkja seg her, er at Guttorm si ære blir berga som følgje av eit initiativ frå lagretten

Det ser ut til å vera heller sjeldan at tinget tek slikt atterhald i samband med bøter som til vanleg er infamerande. Det er truleg grunnen til at fenomenet, så langt eg kjenner til, ikkje er nemnt i nyare avhandlingar. Men i boka «Om ærekrenkelser efter norsk ret», frå 1910, nemner Jon Skeie konkrete saker der det blir presisert at bota er "4 Mark onde"¹⁴³ og ei appelsak der dommen i underretten var "4 Mark sølffs bøder, om onde eller gode vides icke".¹⁴⁴

¹⁴¹ Uttrykket «dannemann» har gammalnorsk opphav, og tyder dugande eller dyktig mann. Nemninga blir generelt nytta om aktverdige, heiderlege menneske. NHL, s. 69

¹⁴² Tingbok nr. 24, folio 15b – 16b

¹⁴³ Skeie 1910, s. 68 og 82

¹⁴⁴ Skeie 1910, s. 82

4. Lovgrunnlaget og tinget sitt formelle speleroom

I dette kapitlet vil eg gjera greie for kva haldningar til ulovleg tileigning av annan manns eigedom som kjem til uttrykk i eldre lovgjeving, frå landskapslovene og Landslova i mellomalderen og fram til lovgjevinga på 1600- og 1700-talet. Hovudpoenget med denne gjennomgangen er å undersøkje dei lange linjene i lovgjevinga innan denne kriminalitetskategorien. Fortel lovene om haldningar som er stabile over lang tid eller kan vi spora vesentlege haldningsendringar? I fall lovene vitnar om endra haldningar, kan vi då spora retning og konsekvens i endringane, til dømes i form av ei gradvis utvikling mot meir humane straffer? I siste delen av kapitlet vil eg særleg retta søkjelyset mot tinget sitt speleroom innafor lovene sine formelle grenser.

4.1. Haldninga til ulovleg tileigning av annan manns eigedom fram til 1604

Så langt tilbake i norsk historie som vi har kjennskap til lovgjevinga, har tjuveri vore sett på som eit særleg alvorleg brotsverk. Tjuveriet vart ikkje berre oppfatta som meir alvorleg enn dei fleste andre brotsverk. Så hesleg var tjuven si åtferd at ein nærast såg bort frå at eit fribore menneske kunne gjera seg skuldig i ei slik handling. Berre trælen kunne tenkjast å vera tjuv.¹⁴⁵

At tjuveri vart sett på som brotsverk av eit særleg uakseptabelt slag, kjem tydeleg til uttrykk i straffereaksjonane som vart nytta. Offentleg straff på liv eller lemer vart oppfatta som ein reaksjon som var i strid med den friborne mannen sin personlege rett. Slik straff kunne difor til vanleg berre nyttast mot dyr og træl. Likevel fanst det einskilde brotsverk som ein meinte vitna om eit så forakteleg sinnelag at den skuldige ikkje hadde krav på å bli teken hand om som fri mann. Det er i første rekkje tjuveri som blir rekna for å vera eit slikt ualminneleg skammeleg brotsverk. "For tyveri blev den frie mann behandlet som en træl", skriv Jon Skeie.¹⁴⁶ Trolldom, unaturlege laster (abnorm seksualitet) og gift kvinne sin utruskap mot mannen kjem òg i denne kategorien.¹⁴⁷

Ein tjuv som vart gripen med tjuvegodsset på seg, vart rekna som fredlaus, og hadde ikkje høve til å oppnå forlik eller avsona ved hjelp av bøter. I dette stykket kjem tjuven i klasse med drapsmannen som blir gripen på tinget. I eldre tid kunne den som vart utsett for eit alvorleg brotsverk i einskilde høve ha rett til å hemna seg på staden ved å ta livet av brotsmannen. Denne retten vart etter kvart sterkt avgrensa, men Gulatingslova nemner to brotsverk som er så

¹⁴⁵ Brandt 1883, s. 65

¹⁴⁶ Skeie, 1937, s. 70

¹⁴⁷ Brandt 1883, s. 8

alvorlege at den fornærma har rett til på staden å ta livet av brotsmannen. Det eine av desse brotsverka er tjuveri/ran.¹⁴⁸

Lenge vart lovene førte vidare frå generasjon til generasjon berre ved at lovseiemannen sa fram det aktuelle lovstoffet på tinget. Først kring år 1100 tok ein til å skriva lovene ned.¹⁴⁹ Gulatingslova og Frostatingslova kjenner vi storparten av gjennom eksisterande handskrifter. Det meste av den austnorske lovboka er gått tapt.¹⁵⁰

Dersom verdien på tjuvegodset var svært låg, vart nemninga "hvinska" nytta, i staden for tjuveri. Denne nemninga kan omsetjast med "nasking". Frostatingslova kallar brotsverket hvinska når verdien av det stolne er mindre enn ein "thveite". I følgje Jon Skeie gjekk det truleg 8 thveiter på ein penning. Ein ørtung er lik 10 penningar.¹⁵¹ Etter Frostatingslova førte ikkje hvinska anna straff med seg enn at den skuldige for ettertida var rettslaus, og dessutan vart kalla "hvinn" (naskar).

I tillegg til at straffa etter dei gamle landskapslovene er gradert etter verdien på tjuvegodset, er det òg ulike straffer for ulike kategoriar brotsmenn. Etter Gulatingslova skulle ein innfødd træl som stal halshoggast, medan tjuven slapp unna med pisking dersom han var utanlandsk. Ei friboren kvinne som stal vart landsforvist. Straffa for ei innfødd trælkvinne eller frigjeven kvinne, var ved første gongs tjuveri at ho miste det eine øyra. Stal ho igjen, rauk det andre øyra, og tredje gong miste ho nasen. "Da heder hun stúfa og núfa og kan siden stjæle saa meget hun vil", i følgje Fr. Brandt sitt referat av Gulatingslova.¹⁵²

Eit handskriftfragment av den austnorske lovboka tyder på at det på Eidsivatinget og Borgartinget vart nytta graderte botestramer for tjuveri. Men Brandt dreg i tvil om handskriftet på dette punktet er autentisk. Det grunngjev han med at det andre stader i same handskriftet blir nemnt tilsvarende straffereaksjon som i dei andre landskapslovene.¹⁵³ Den austnorske lovboka presiserer elles at tjuven skal avrettast ved hending.¹⁵⁴ I følgje Gulatingslova skal ein træl som siktar ein fri mann for tjuveri drepast, dersom den friborne nektar seg skuldig.¹⁵⁵

Etter denne korte og fragmentariske gjennomgåinga av tjuveri-paragrafane i dei gamle landskapslovene, kan ein ved første augekast få inntrykk av at straffa for tjuveri i sterk grad var gradert, og ikkje i alle tilfelle særleg streng. Dette er likevel ei for rask slutning. Den som var sagt rettslaus i samfunnet på denne tida, hadde truleg i røynda lita von om å overleva særleg lenge. Betre utsikter hadde knapt den som var blitt øyre- og naselaus.

¹⁴⁸ Brandt 1883, s. 13

¹⁴⁹ Jon Skeie hevdar at det meste av Gulatingsboka må vera skriva mellom 1050 og 1100. Skeie 1937, s. 40

¹⁵⁰ Holmsen 1961, s. 185f

¹⁵¹ Skeie 1937, s. 68

¹⁵² Brandt 1883, s. 98

¹⁵³ Brandt 1883, s. 98

¹⁵⁴ Brandt 1883, s. 33

¹⁵⁵ Brandt 1883, s. 92

Konklusjonen så langt blir difor at tjuveri i det gamle norske samfunnet blir sett på som eit av dei mest alvorlege brotsverk som kan nemnast, og som ei så hesleg gjerning at det er nærast utenkjeleg at ein friboren mann kan gjera seg skuldig i slikt. Den som likevel gjer seg til tjuv, har med det lagt for dagen eit så forkasteleg sinnelag at han har stilt seg utafør samfunnet og ikkje lenger har krav på det vern som så å seia er eit vilkår for å overleva.

Mange av tjuveriartiklane i landskapslovene var i ferd med å bli uaktuelle alt på den tida då lovene vart nedskrivne. Nett i dei hundreåra då dei første lovhandskriftene vart til, tok trælehaldet i Noreg slutt.¹⁵⁶ Ein viktig skilnaden mellom landskapslovene og Magnus Lagabøtes lovverk er at træljar ikkje lenger eksisterer som sosialrettsleg kategori hjå Magnus Lagabøte. Som tidlegare nemnt rekna ein i det gamle samfunnet tjuveri som eit brotsverk som berre træljar kunne tenkjast å gjera seg skuldige i. På 1200-talet er det tydeleg at ein tenkjer annleis om dette. Sjølv om det knapt finst træljar i landet på 1270-talet, då Landslova vart utforma, har lovgjevarane meint det framleis var trong for lovregulering av tjuveri. Landslova frå 1273 inneheld difor ein eigen tjuvbolk.

Landslova har med meir lovstoff frå Gulatingslova enn frå dei to andre landskapslovene. I tillegg er det kome til ein del nytt stoff. Ein skilnad i høve til dei gamle lovene er elles at lovparagrafane i Landslova har fått meir allment juridiske formuleringar. Dei viktigaste endringane er likevel at Landslova opnar for at kongen sine ombodsmenn i sterkare grad enn før får høve til å gripa regulerande inn i livet til den einskilde, samstundes som det blir gjennomslag for eit meir humant og sivilisert syn på brotsverk og straff.¹⁵⁷

Christian IVs Norske Lovbok frå 1604 er i hovudsak ei omsetjing av Landslova, og tjuvbolken i lova frå 1604 skil seg svært lite frå den tilsvarande bolken i Landslova. Eg vel difor å ikkje gå nærare inn på tjuverilovgjevinga i Landslova her. I staden trekkjer eg fram einskilde punkt der det er skilnad mellom dei to lovene i samband med at eg i kapittel 3.2. gjer greie for tjuvbolken i lovboka frå 1604.

Hallager og Brandt skriv at lova frå 1273 ikkje vart endra på vesentlege punkt i resten av sjølvstendeperioden. Dei rettarbøtene vi har etter kongane frå denne perioden, syner at dei "kun med Varsomhed have villet indføre noget egentlig Nyt og mest indskrænket sig til nærmere at forklare og bestemme de ældre Retsregler".¹⁵⁸

Etter 1387 er det knapt aktuelt i det heile å endra den norske lova, og det kjem elles få forordningar som gjeld tjuveri. Sjølv i åra etter reformasjonen i 1536, som er den delen av perioden mellom Landslova og Norske Lovbok då det var størst trong for nye lover og forordningar, finn vi få endringar som gjeld tjuverilovgjevinga.

Den einaste forordninga frå perioden mellom reformasjonen og Norske Lovbok som seier noko vesentleg nytt om tjuveri, er frå 1562. Forordninga gjeld på kongen sine slott og gardar, på stader

¹⁵⁶ Danielsen, Dyrvik, Grønlie, Helle og Hovland 1991, s. 51f

¹⁵⁷ Holmsen 1961, s. 279

¹⁵⁸ Norske Lovbog 1604/1855, s. III

der kongen eller hoffet oppheld seg, i kjøpstadene og på adelen sine setegardar. Av dei 47 punkta i forordninga, er det fem punkt som særleg gjeld tjuveri. Etter forordninga av 1562 er straffa for tjuveri gradert etter verdien på tjuvegodset, men det er inga skjelning mellom første gongs tjuveri og gjenteken handling. Den som stel ein mark eller meir, skal hengjast. Er verdien på tjuvegodset mellom ein halv og ein mark, skal tjuven hudstrykast eller missa eit øyre. Er verdien av det stolne mindre enn ein halv mark, er straffa avhengig av kven tjuven er. Er han ein "verhaftig" mann (væpnar), skal han visast bort frå garden eller festningen. Er han "drenge eller ikke verhaftig", skal dei andre drengene hudstryka han.¹⁵⁹

4.2. Christian IVs Norske Lovbok – ei vidareføring av Landslova

Den lova som vart opplesen på herredagen i Bergen i 1604, og deretter, med nokre mindre endringar stadfesta av Christian IV og utgjeven i namnet hans same året, kan knapt kallast ei ny lov. "Det var den umsette Landslovi, med noko umarbeiding; og so vart nokre av rettarbotene og kongsskipingane sette inn i teksti", skriv Knut Robberstad. Han legg til at omsetjinga hadde mange feil, til liks med den omsetjinga av Landslova til dansk som fanst frå før, og at denne ufullkomne omsetjinga av den gamle Landslova sjølv sagt ikkje var noko tidhøveleg lovbok i 1604.¹⁶⁰

Dei gamle norske lovene er redigerte kasuistisk. I staden for generelle reglar, gjev lovene konkret omtale av ei rekkje typiske døme på lovbrøt, og nemner så kva straff brotsmannen i kvart tilfelle har gjort seg fortent til. Lovene frå 1604 og 1687 er òg kasuistiske, sjølv om dei ikkje i like sterk grad som dei eldre lovene har karakter av komprimerte kriminalforteljingar.

Norske Lovbok frå 1604 er inndelt i åtte bolkar. Den åttande og siste er tjuvbolken, eller «Tyffue Balcken». I denne bolken finn vi det aller meste som gjeld tjuverilovgjevinga. Bolken er inndelt i 17 kapittel. Dei fire siste gjer greie for det såkalla medeid-instituttet, og har såleis ikkje meir samanheng med tjuveri enn med andre brotsverk.

Sjølv om Norske Lovbok, til liks med eldre norske lover, i hovudsak er ordna kasuistisk, har einskilde avsnitt av lova meir generell karakter. For tjuvbolken gjeld dette i første rekkje kapittel 1. Her er dei generelle tjuveristraffene lista opp. Straffa for tjuveri er gradert etter verdien på tjuvegodset, men elles utan omsyn til kva ein har stole. Dei andre kapitla har eit meir markant kasuistiske preg. "Tager mand falcke eller høg bunden i sin rede...", heiter det til dømes i kapittel 8, eller "Ganger nogen i anden mands abildgaard, kolhaffue eller løghaffue, vdi hans rugsæd, ertes eller bøtter, eller aalden..." i kapittel 10.

¹⁵⁹ Lover og forordninger 1537 – 1605 , s. 78f

¹⁶⁰ Robberstad 1943, s. 76

I tillegg til gradering etter verdien på tjuvegodsset, blir straffa i følgje kapittel 1 også gradert etter om det er tale om førstegongs tjuveri eller om tjuven er dømd for tilsvarande brotsverk ein eller fleire gonger tidlegare. Kapittel 1 opererer med ei tre-delt verdigradering: tjuveri av verdi på ein øre sølv, tjuveri av verdi på ei mark sølv og tjuveri av verdi på "en marck fuld verd". Denne graderinga samsvarar med verdigraderinga 1 øre, 1 halv mark (4 øre) og 1 mark (8 øre) som vi finn i Landslova.¹⁶¹

For "ringe" tjuveri (verdi 1 øre sølv) har lova ein straffeskala med fire trinn: Første gong det skjer skal tjuven førast til tinget og hudstrykast. Førstegongstjuv kan kjøpa seg fri for tre mark sølv. Stel han andre gong, skal han hudstrykast og brennemerkjast på kinnet. Framleis kan han kjøpa seg fri for straff, men no er prisen seks mark sølv til kongen. Tredje gong han stel, blir han hudstroken og taper all eige til kongen.¹⁶² For tredje gongs tjuveri kan han ikkje kjøpa seg fri. Blir han teken fjerde gong for "ringe" tjuveri, blir han dømd frå livet.

For "stort" tjuveri blir den skuldige dømd fredlaus, om han ikkje kan kjøpa seg fri for åtte ørtungar og tretten mark. Stel han igjen, blir han dømd frå livet.

Ein tjuv som stel "en marck fuld verd" har forbrote all si eige. I tillegg får han "slik straff konningens befalingsmand hannem paalegger, oc beholde sit liff". Om han stel igjen, "da haffuer hand forgiord land oc løszøre, oc sit liff til met".

Fleire stader i lova heiter det at tjuven kan "løse sig", eller kjøpa seg fri. I praksis var dette truleg sjeldan ein realistisk utveg. Dei som stel, er oftast i den situasjonen at dei ingen ting har å kjøpa seg fri med.

Ingen av tjuveribrotsverka som er nemnde i kapittel 1 blir straffa med firemarksbot. Det blir heller ikkje uttrykkeleg sagt noko om at den skuldige taper æra, og uttrykket "mindremann" er ikkje nytta i dette kapitlet. At tap av ære ikkje er eksplisitt uttrykt i lova, må likevel ikkje tolkast som prov på at brotsverka som er omtalte her, ikkje fekk denne konsekvensen.

Firemarksbota er elles nemnd ei rekkje gonger i andre kapittel i tjuvbolken. I følgje kapittel 2 er det firemarksbot for å sleppa fri ein tjuv for saka er komen opp på tinget. I følgje kapittel 3 får også den som dekkjer ein tjuv denne bota. Etter kapittel 6 og 7 er det firemarksbot for den som

¹⁶¹ Mark, øre og ørtung er eigentleg vekteiningar. Ei mark sølv var (i følgje utrekning av riksarkivar Steinnes) på 214,32 gram. Det gjekk tre ørtungar på ein øre og åtte øre på ei mark. Ei mark var øvste pengeeining, og pengeeininga vart inndelt på same måten som vekteininga. Opphaveleg var pengeeininga mark lik ei vektmark reint sølv. Frå midt på 1000-talet vart det prega myntar som var undervektige. Ein tok difor til å skjelna mellom "tald mark" og "vegen mark". På 1100-talet var verdien på tald mark om lag det halve av vegen mark. På 1200-talet vart verdien av pengemarken redusert til kring tredelen av ei vektmark sølv. Uttrykket "en marck fuld verd" som vi finn i Norske Lovbok, tyder såleis ei vektmark sølv. Skeie 1937, s. 68

¹⁶² I dei fleste utgåvene av Landslova heiter det her at han må bøta 6 mark sølv, dersom han har så mykje.

ikkje kan sverja seg fri for klagemål om tjuveri eller heleri, og etter kapittel 8 skal den som stel jaktfuglar dømast til firemarksbot.

Kapittel 11, der det er tale om å stela "hunde, katte, kniffue eller belte", kan ved første augekast sjå ut som eit konkret døme, på linje med dei som tidlegare er nemnde frå kapittel 8 og 10. Men i røynda kan dette like gjerne tolkast som eit fjerde trinn på den verdiskalaen som tek til i kapittel 1. Katt, hund, kniv og belte er nemnde som døme på ting eller dyr "som mindre er end øris verd". Det er verdt å merkja seg korleis dette fjerde og lågaste trinnet er plassert i høve til dei tre første trinna. Det er skilt markert ut frå dei andre trinna ved at det er plassert langt ute i tjuvbolken, til skilnad frå dei første trinna som vi finn i det innleiande, generelle kapitlet. Straffa er svært mild, sett i høve til straffene som skal idømast når verdien av tjuvegodset er høgare.

Kapittel 11 i lova frå 1604 er parallelt med kap. 10 i Landslova. Der blir nemninga "hvinska" (nasking) nytta om det å stela noko som har lågare verdi enn ein øre. I Landslova blir såleis dette "lågaste verditrinnet" distansert frå dei tre høgare trinna ved at det er nytta ei anna nemning om handlinga enn "tjuv/tjuveri" som er brukt i kapittel 1. I Norske Lovbok finn vi ikkje nemninga "hvinska" eller tilsvarende uttrykk, men handlinga blir heller ikkje her rekna som tjuveri utan at verdien av det som er teke/stole har ein viss minsteverdi.

At det finst ein slik minsteverdi, ser vi av kapittel 13. Dette kapitlet fortel korleis den som finn noko som ein annan har mista, skal gå fram for ikkje å få tjuv-stempel på seg. Han må "liuse det op" (kunngjera funnet) same dagen, elles blir han rekna som tjuv, "om det er saa megitt verd, at det kand kiendis at vere tyffsag". Kapittel 10 handlar mellom anna om det å stela i annan manns frukthage eller åker. Her heiter det: "Tager hand til øris verd eller mere: da forfølgis hand derfor, som for anden tyffueri".

Lova gjer det altså tydeleg at det å stela noko som har lågare verdi enn ein øre, er eit brotsverk som prinsipielt kjem i ein annan kategori enn å stela noko som har høgare verdi. Dette blir markert ved at brotsverket er omtalt i eit eige kapittel, ved at straffa er vesentleg lågare, og ved at brotsverket ikkje blir stempla som tjuveri. Lova reknar altså ikkje alltid det å tileigna seg annan manns eigedom som tjuveri. Her finst ei opning for ulike vurderingar av ulovleg tileigning. Den opninga kan tinget ha nytta seg av, og etter kvart "utvida" og rive laus frå lova sin minsteverdi. (Sjå meir om "smitteeffekt" i kap. 4.7.)

Det aller meste av det som er sagt om tjuveri i Norske Lovbok, er naturleg nok samla i tjuvbolken. Men vi finn også nokre aktuelle utsegner andre stader i lovboka. Først og fremst gjeld det eit par konkrete kasus i landsleigebolken. Det eine finn vi i kapittel 15. Kapitlet handlar om å gjera skade på annan manns hest eller reiskap. Den som gjer slik skade, må bøta fem mark sølv til kongen, erstatta det han har skada, "oc der til slig affuinds bod, som sex skellige mend dømme, effter sagens leilighed".

Om han ikkje berre gjer skade, men stel "jern aff ploug eller harffue", får straffa ein annan karakter. For det første skal den som åtte jernet ha tre-dobbel erstatning, og dessutan "sex øre sølff i tagebod". Den skuldige må også betala bot til kongen. Bota er no fire mark sølv. Vi merkar oss at lova her nyttar verbet "stiel" om brotsverket, men at den skuldige må betala "tagebod".

Dette er elles ein av dei stadene i Norske Lovbok som tyder på at når firemarksbota blir nytta, er det ikkje den økonomiske verdien som er hovudsaka. Firemarksbota har ein annan karakter enn andre bøter. Den tre-doble erstatninga som eigaren får når det er tale om tjuveri, sett i høve til erstatninga for å gjera skade på reiskapen, tyder på at tjuveriet blir vurdert som meir graverande enn skadeverket. Likevel er bota til kongen fem mark sølv for skadeverket, men fire mark sølv for tjuveriet. Ei jamføring med det tilsvarane kapitlet i Landslova¹⁶³ gjev likevel ikkje støtte til dette resonnementet. Her er også bota til kongen fem mark sølv for skadeverket, men to mark for tjuveri. Vi kjenner elles ikkje til at ei bot på to mark fører med seg tap av ære.¹⁶⁴

I kapittel 56 i landsleigebolken finn vi òg eit tjuveri-kasus. Kapitlet gjev oversyn over rettar og plikter i samband med jakt og fangst. Midt i kapitlet finn vi eit kort avsnitt som handlar om tjuveri av dyr frå annan manns "gildre".¹⁶⁵ Den som blir fråstolen dyret skal ha dobbel erstatning, "oc konningen fire marck sølff for tyffnit".¹⁶⁶

I tillegg til desse to tjuveri-kasusa i landsleigebolken, finn vi einskilte formuleringar i ulike lovbolkar som gjev små gløtt av korleis haldninga var til tjuveri, og til den som gjorde seg skuldig i dette brotsverket. I følgje kapittel 2 i mannhelgebolken er det å hemna tjuven mellom dei brotsverka som blir stempla som nidingsverk eller ubotamål.¹⁶⁷ Lengre ute i kapitlet heiter det at "De som lade deris lifff for tyfferj... slige folck skal ingen bod forgiffuis, huad heller de dræbis aff konningens ombudsmand , eller anden de haffue brut imod." I kapittel 17 i mannhelgebolken blir det presisert at "tyffue, oc andre miszdædere" kan ein "sagesløs" binda, om ein har vitne på at ein ikkje på anna vis kan føra brotsmannen til "ombudsmand".

Vi finn elles eit par døme på at fenomen som har fått breiare omtale eller er plasserte i ein større samanheng andre stader i lovboka, er kort nemnde i tjuvbolken. I kapittel 10 i tjuvbolken heiter det at den som legg seg "vnder anden mands quæg oc dier det", han har ikkje rett til skadebot om han blir skadd under denne operasjonen.¹⁶⁸ Noko straff for sjølve handlinga er elles

¹⁶³ Magnus Lagabøtes Landslov VII – 17

¹⁶⁴ Meir om bøter som fører til tap av ære i kap. 3.2.

¹⁶⁵ Gilder er ei fangstinnretning, gjerne ei felle, mest brukt til pelsdyr som røyskatt, rev og bjørn . NHL, s. 112

¹⁶⁶ Etter Landslova (VII – 57) er bota ei mark.

¹⁶⁷ Ubotamål er brotsverk som vart straffa med fredløyse, og som ikkje kunne avsonast med bøter. Andre ord som vart nytta om ulike kategoriar ubotamål er nidingsverk, skjendselsdrap eller skjemdarvig og halseløs gjerning. Den som hadde gjort seg skuldig i ubotamål, vart kalla ubotamann. Gjerninga som gjorde ein mann til ubotamann, blir kalla ubotagjerning eller ubotaverk. NHL, s. 356

¹⁶⁸ I Landslova IX – 9 heiter det at "den mand eier ingen retsbot", det vil seia at han er rettslaus.

ikkje nemnd. Kapittel 35 i landsleiebolken handlar i hovudsak om å gjera skade på eller drepa annan manns husdyr. I siste avsnittet i dette kapitlet heiter det at den som mjølkar annan manns kyr "miste sin hud", om han då ikkje gjer det "for hungers skyld". Eit anna døme gjeld den som finn noko som ein annan har tapt. I kapittel 13 i tjuvbolken heiter det at den som held eit slikt funn løynt, er å rekna som tjuv. Kapittel 11 i odelsbolken handlar langt på veg om det same, men her gjeld det eksplisitt gods som er grave ned i jorda.

Sidan det i kapittel 1 blir rekna opp generelle straffeskalaer for tjuveri, kan ein undra seg over at lovgjevarane har funne grunn til i andre kapittel i tjuvbolken, og dels i andre bolkar, å nemna konkrete døme på tjuveri, slik som til dømes i kapitla 8 og 10. Endå større grunn til undring gjev det at straffene for dei konkrete tjuveria som er nemnde, ikkje alltid samsvarar med dei generelle straffene i kapittel 1.

Alt i kapittel 2 finn vi ei straffeforfølgning som det er vanskeleg å få til å harmonera med dei generelle tjuveristrafene i kapittel 1. Her er det tale om å "skaffe bøddel til at reffsze hannem"; "... saa oc til alle tyffue", blir det lagt til. Vidare er bøndene pliktige til "at følge hannem til retterstedit". Alt gods som blir teke hjå tjuven, tilfell den som har fakka han, "om icke anden kunde sig det tilvinde",¹⁶⁹ medan "all anden hans løszøre" tilhøyrer kongen. Det er ikkje direkte uttrykt at det her er tale om dødsstraff, sjølv om nokre av formuleringane som er nytta gjev assosiasjonar i den retning.

Men går vi til det parallelle kapitlet i Landslova, er det ingen tvil om kva straff det er tale om. Der heiter det: "Men ombudsmanden skal skaffe en mand til at dræpe ham og saaledes med alle tyver. Men bønderne er skyldig at følge tyven til døden,...".¹⁷⁰

Det ser altså ut til å vera dårleg harmoni mellom dei einskilde kapitla i tjuvbolken. For å finna ei mogeleg forklaring på dette, er det naturleg å sjå nærare på samanhengen mellom Norske Lovbok og Landslova, og vidare på korleis eldre norske lover vart til, og korleis dei endra seg over tid. Både for dei lovkunnige som sa fram dei aktuelle lovbolkanane på tinget i tida før lovene vart nedskrivne, og for dei som seinare skreiv lovene ned, var det i prinsippet slik at dei fletta inn rettarbøter eller nye lover der desse høyrde naturleg inn i samanhengen, samstundes som dei utelet avsnitt som var oppheva eller forelda.

Ein kunne såleis tenkja at lovbøkene inneheld ei korrekt attgjeving av lovene, med det innhaldet som var gjeldande på det tidspunktet avskrifta vart ført i pennen, "men dette er ingenlunde Tilfældet", skriv Fr. Brandt. Brandt nemner fleire årsaker til at han vurderer situasjonen slik. Avskrivarane har ikkje tilstrekkeleg juridisk innsikt og kritikk til påliteleg å kunna vurderer kva som er gjeldande rett. Stundom har dei mistydd kjeldene, eller ikkje skjøna tilhøvet mellom dei. Brandt konstaterer òg at avskrivarane i nokre tilfelle har ført opp nye lovbod ved sida av dei som er

¹⁶⁹ "... om det ikke bevidnes at tilhøre andre", heiter det i Landslova.

¹⁷⁰ Magnus Lagabøtes Landslov IX – 2 – 1

oppeha. I dei eldste lovbok-avskriftene finn vi ofte "Bestemmelserne anførte paa ganske upassende Steder; Gjentakelser og Modsigelser i samme Lov, som ikke i Virkeligheden kan have fundet Sted i Retten", skriv Brandt.¹⁷¹

Som før nemnt er Norske Lovbok i hovudsak ei omsetjing av Landslova, men med nokre endringar som er komne inn som følgje av nyare rettarbøter. I forordet til lova heiter det at "alle baade gamle oc nye rettebøder, ingen vndertagendis (...) de ere indførde vdi lowen, en huer artikkel til den bog oc capittel, som den bequemligst kunde henførís". Som følgje av dette treng ikkje dommarane lenger halda greie på ei rekkje rettarbøter, men berre halda seg til sjølve lova, heiter det i forordet.¹⁷²

Men sjølv om planen for arbeidet med Norske Lovbok var god, vart "Udførelsen højst maadelig", skriv Hallager og Brandt, og legg til at Norske Lovbok, vurdert som omsetjing av Landslova, vrímlar av feil.¹⁷³ Det var gjort forsøk på å omsetja Landslova til dansk også før Christian IV si tid. Knut Robberstad peikar på at Norske Lovbok i hovudsak byggjer på den gamle omsetjinga, "og har mange mistak sams med den".¹⁷⁴

Når vi vurderer tilhøvet mellom dei ulike kapitla i tjuvbolken, er det særleg grunn til å sjå nærare på straffe- og bøtesystemet. I introduksjonen til utgåva frå 1855 kommenterer Hallager og Brandt også dette. Dei hevdar at heile det gamle bøtesystemet kritikkløust er overført frå Landslova, "men i forvansket Tilstand".¹⁷⁵ I rettshistorieboka si frå 1880 skriv Brandt at mykje som for lengst var "ugjældende" og "tildels i Strid med Lovens egne Bud" er blitt ståande i Norske Lovbok. Det gjeld mellom anna rettargangsmåten og bøtesystemet.¹⁷⁶

Etter at Hallager og Brandt har peika på ei rekkje veike sider ved den lovboka som ber Christian IV sitt namn, legg dei til at det slett ikkje er sikkert at skaden dei mange forvanskingane fører med seg, er så stor som ein skulle tru, "og at navnlig de antikverede Lovbestemmelserne blot blev staaende paa Papiret, ligesaa ugjældende efter som før, idet man for saa vidt vedblev i Anvendelsen at praktisere Retsinstitutionerne paa samme Maade som hidtil".¹⁷⁷

Under arbeidet med tingbøkene er det ei viktig oppgåve å prøva å avdekka kva deler av det straffesystemet vi finn i tjuverilovgjevinga, som bygdetinget har kjent seg forplikta på og har dømt etter, og om det eventuelt kan påvisast at tinget har sett på andre deler av lova som "antikverede" og "ugjældende".

At tjuveri blir sett på som eit svært alvorleg brotsverk, går tydeleg fram av dei straffene som lova krev. Men alvoret i brotsverket kjem òg fram på fleire andre måtar i lova, ikkje minst i

¹⁷¹ Brandt 1880, s. 3 og s. 29

¹⁷² Norske Lovbog 1604/1855, s. 5

¹⁷³ Norske Lovbog 1604/1855, s. XXI

¹⁷⁴ Robberstad 1943, s. 76

¹⁷⁵ Norske Lovbog 1604/1855, s. XXII

¹⁷⁶ Brandt 1880, s. 55

¹⁷⁷ Norske Lovbog 1604/1855, s. XXIII

retningslinjene for korleis både vanlege menneske og kongens ombodsmenn skal té seg om tjuven blir fanga og/eller tjuvegodset funne. Desse retningslinjene finn vi i kapitla 2 – 7 i tjuvbolken. Ein hovudregel er at ingen må skjula tjuveriet, eller på noko vis, aktivt eller passivt, hjelpa tjuven med å sleppa unna. Både den som skjuler tjuveriet (kapittel 3) og den som hjelper han til å sleppa unna (kapittel 2) skal dømast til firemarksbot.

I denne samanhengen må òg eit forbod mot å yta assistanse til tjuven som vi finn i kapittel 43 i landsleigebolken nemnast. Kapitlet handlar om "fergesteder, fergemend, oc ferge at holde". Her heiter det at ein ferjemann som "videndis" fører ein tjuv over elva, skal hudstrykast og kallast tjuven sin "staldbroder". Lova gjev ikkje rom for at tjuven og den han har stole frå kan koma til ei minneleg ordning seg i mellom. Om nokon på ein slik måte skulle ønskja å visa miskunn mot ein tjuv, risikerer han sjølv å få tjuvstempel og bli idømd mindremannsbot. Den strenge reaksjonen mot den som skjuler ein tjuv, må forståast ut ifrå at lova reknar at han "dølger konningens ræt" (kapittel 3).

I kapittel 3, 4 og 7 i tjuvbolken blir det gjort greie for rettane den har som tjuven har stole frå. Kapittel 3 og 4 fortel korleis ein skal gå fram for å få tjuvgodset tilbake, og kapittel 7 slår fast at den tjuven har stole frå, har rett på full erstatning "aff den skyldigis boe". Han har òg rett til å få dekkja av buet dei utgiftene han har hatt for å leita etter tjuvegodset.

Retten til å få erstatning for det ein er blitt fråstolen er altså klart slegen fast i Christian IVs Norske Lovbok, og kjem ikkje inn som noko prinsipielt nytt først ved Christian Vs Norske Lov, slik Bodil Chr. Erichsen hevdar.¹⁷⁸ Som tidlegare nemnt finn vi òg døme på at Norske Lovbok gjev rett til både dobbel¹⁷⁹ og tredobbel erstatning.¹⁸⁰ Prinsippet om at den som er fråstolen noko, har rett til erstatning frå tjuven sitt bu, er heller ikkje ei nyskaping i norsk lovgjeving i 1604. Alle dei lovformuleringane frå Norske Lovbok som det er vist til her, har parallelle formuleringar i Landslova.

4.3. Mellom C IVs Norske Lovbok og C Vs Norske Lov

Også i perioden mellom Christian IVs Norske Lovbok i 1604 og Christian Vs Norske Lov i 1687 var det stor aktivitet på lovgjevings-området. Både under Christian IV og under etterfølgjaren hans Frederik III kom det ei rekkje forordningar. Nokre av desse galdt berre for Danmark, men det kom òg mange kongelege forordningar som hadde relevans for begge rika.

Dei viktigaste forordningane frå denne perioden er samla i Christian IV sine to recessar, Lille Recess frå 1615 og Store Recess frå 1643. Store Recess er inndelt i tre hovudbolkar med

¹⁷⁸ Erichsen 1993, s. 109f

¹⁷⁹ Norske Lovbok 6 – 56

¹⁸⁰ Norske Lovbok 6 – 15

nemningane første, andre og tredje bok. Tredje bok har overskrifta "Om hvis Norge serdelis vedkommer". I utgangspunktet var det særleg denne boka som vart gjort gjeldande i Norge, i tillegg til ein del einskildkapittel i dei to første bøkene, der tilhøve i Noreg konkret er nemnde.¹⁸¹

Når det gjeld kor vidt Store Recess elles var gjeldande lov i Norge, vart dette spørsmålet fleire gonger reist i samtida, utan at det nokon gong vart gitt eit endeleg og autoritativt svar. Det er likevel ingen tvil om at Store Recess fekk stor innverknad på norsk rettspraksis, ikkje minst i samband med handsaming av lovbrott som ikkje var direkte nemnde i C IVs Norske Lovbok. Det er ikkje uvanleg at det blir vist til Store Recess i dommar avsagde i norsk rett i denne perioden.¹⁸² I tillegg til den innverknad Store Recess hadde på norsk rettshandheving mellom 1643 og 1687, lyt nemnast at recessen er ei av hovudkjeldene for den nye lova som kom i 1687.

Det gjekk ikkje lang tid etter at Norske Lovbok var publisert, før styresmaktene som skulle handheva lovene opplevde lovboka som svært ufullkomen og utilstrekkeleg. Alt i 1619 gjorde kanslar Jens Bjelke framlegg om at det skulle gjevast ut ein recess "hvori Lovens Utydeligheder og Trykfejl kunde rettes". Fleire andre initiativ vart tekne for å få ei klarare og meir tidhøveleg lovgjeving i Noreg, og det vart sett fram ønske om betre samordning av dansk og norsk lovgjeving.¹⁸³

Men for lovgjevinga som gjeld ulovleg tileigning av annan manns eigedom, blir det ikkje gjort vesentlege endringar i perioden mellom dei to store norske lovene frå 1600-talet. I Store Recess finn vi eitt kapittel som gjeld tjuveri.¹⁸⁴ Kjelda for dette kapitlet i recessen er i hovudsak ei kongeleg forordning frå 1636. Forordninga gjeld tjuveri "paa cronens grunde", og det blir presisert at den som blir teken for "ringe" tjuveri, ikkje skal straffast på livet, korkje første gong eller om han stel igjen. Lovendringa blir grunngeven med at pengeverdien er redusert, og at det er uforsvarleg "it menneskes lif saa ringe at skatte".

4.4. Tjuveri og ran Christian Vs Norske Lov

Under Frederik III og Christian V vart det gjort eit omfattande arbeid for å modernisera og samordna lovene i dei to rika. Resultatet av dette arbeidet var at vi fekk Danske Lov i 1682 og Norske Lov i 1687. Størst mogleg samordning med Danske Lov var ein viktig leietråd i det avsluttande arbeidet med Norske Lov.

¹⁸¹ I første bok gjeld dette ein del artiklar i kapittel 4: "Om kirkernis forsvarer oc deris tilsiun". I andre bok gjeld det m.a. ein artikkel om "Løsactighed i forbudne led" (2 – 5 – 3) og nokre artiklar i kap. 8, 12, 19, 26 og 28.

¹⁸² Brandt 1880, s. 59.

¹⁸³ Brandt 1880, s. 59f

¹⁸⁴ Store Recess 2 – 14

Christian Vs Norske Lov er redigert på ein annan måte enn C IVs Norske Lovbok. Dei kapitla som det med moderne språkbruk er naturleg å kalla strafferetten, er i hovudsak samla i sjette og siste lovbok: "Om Misgjerninger". Kapittel 17 i sjette bok handlar om tjuveri, men for å få oversyn over heile den delen av lovgjevinga som gjeld ulovleg tileigning av annan manns eigedom, lyt vi òg sjå på kapittel 15: "Om Ran".

Det ein aller først legg merke til ved ei rask samanlikning mellom tjuvbolken i C IVs Norske Lovbok og tjuverikapitlet i C Vs Norske Lov, er at tjuverilovgjevinga er redigert på svært ulike måtar i dei to lovene. Men ser ein nærare etter, oppdagar ein fleire døme på at både prinsipp og formuleringar frå C IVs lov er overførte godt som uendra til den nye lova. Det gjeld til dømes den detaljerte utgreiinga om korleis ein skal gå fram for å følgja spor etter tjuven.¹⁸⁵ Tjuverikapitlet i Norske Lov er inndelt i 43 artiklar. Medan dei generelle straffereglane er plasserte heilt framme i Christian IVs lov (og i Landslova), finn vi dei tilsvarande straffereglane i artiklane 33 – 40 i Norske Lov.

Det er store likskapstrekk mellom straffereglane i dei to lovene, og det er vanskeleg å gje eit eintydig svar på om straffene blir skjerpa eller mildna. Ei viktig endring er at det etter Norske Lov til vanleg ikkje er dødsstraff, korkje for stort eller lite tjuveri. Unnataket gjeld den som bryt seg ut "af Jern og Fængsel", og så blir teken for tjuveri. Den som gjer det, "straffis med Galgen". Eit anna unntak gjeld "Skovfinner" som "ej sætte sig ned i Bøjgden, og skatte og skyld, som andre Undersaatter". Desse skal takast til fange og "have forbrut Livet", sjølv om brotsverket deira elles berre er at dei har gjort litt skade på annan manns eigedom.¹⁸⁶ Ei viktig endring er òg at tjuven etter Norske Lov, korkje ved stort eller lite tjuveri kan kjøpa seg fri frå primærstraffa ved å betala bøter.

Etter Norske Lov går grensa mellom "ringe" og "stort" tjuveri ved ein verdi på tjuve lodd sølv. Denne verdien blir eksemplifisert ved tjuvegods "saasom Hest, Hoppe, Stud, Koe". For både lite og stort tjuveri blir straffa skjerpa ved oppatt-taking. Ved lite tjuveri er det fire trinn, ved stort tjuveri to.

Ved lite tjuveri er straffa første gong "udi Fængselet at miste sin hud". Ved andre gongs tjuveri er straffa å "miste sin Hud paa Kagen" (kagstryking), i tillegg til at tjuven blir brennemerkt på ryggen. Tredje gong er straffa igjen kagstryking, i tillegg til at tjuven då får brennemerke på panna. Stel han fjerde gong, ventar ny kagstryking. Dessutan skal tjuven igjen "brændis med Tyvsmerke", og så sendast på livsvarig tvangsarbeid på Bremerholm "eller andenstæds". Ved stort tjuveri er straffa første gong kagstryking og brennemerking på panna. Andre gong ventar ny kagstryking og brennemerking, og dessutan livsvarig tvangsarbeid.

¹⁸⁵ Norske Lovbok 8 – 6 og Norske Lov 6 – 7 – 14

¹⁸⁶ Norske Lov 6 – 17 – 30

Etter at desse generelle straffene er rekna opp i artiklane 33 – 39, blir det lagt til i artikkel 40 at den som blir dømd for tjuveri, i tillegg til dei nemnde straffene, er skuldig til å betala til den han stal frå "Igiæld og Tvigæld, det er først saa meget, som hand stal fra hannem, og dernæst dobbelt saa meget". For det tredje har han "forbrut sin Hovedlodd til sin Husband". Uttrykket "hovedlodd" er synonymt med "boslodd". Det tyder heile eigedommen, unnateke jord¹⁸⁷, og vil såleis i nokre høve vera ei betydeleg tilleggsstraff.

Bøter er i det heile ikkje nemnde som straff i desse artiklane. Derimot er ei bot på tre mark oppgjeven som straff ved konkrete kasus andre stader i kapitlet.¹⁸⁸ Men straffene for tjuveri er i dei aller fleste tilfelle infamerande, uavhengig av om tjuven får tremarksbot eller ikkje. For dei aller fleste tjuveri er kagstryking ein del av straffa. Kagstryking er offentleg hudstryking (pisking), utført av bøddelen,¹⁸⁹ og er infamerande.¹⁹⁰ Berre første gongs lite tjuveri blir ikkje straffa med kagstryking, men med "udi Fængselet at miste sin Hud". Med omsyn til fysisk smerte og lidning er det truleg liten skilnad på kagstryking og hudstryking i fengselet. Likevel er det ein vesentleg prinsipiell skilnad mellom desse to straffene. Hudstryking i fengselet er ikkje offentleg, og blir ikkje utført av bøddelen. Denne straffa fører difor i prinsippet ikkje med seg tap av ære.¹⁹¹

Skeie skriv at pisking er den form for lekamsstraff som oftast blir nytta, og at denne straffemetoden hadde tre grader: kagstryking, pisking i fengsel og ris (som i einskilde høve kunne nyttast som straff mot born). Pisking i fengselet vart truleg utført med same reiskap og med like mange slag som kagstryking, men "det gjorde naturligvis en meget stor forskjell at avstraffelsen ikke skjedde offentlig, og at eksekutor var en fængselsbetjent, ikke bøddelen".¹⁹²

På liknande vis som i Christian IVs lov finn vi også i Norske Lov mange døme på at tjuveri er omtalt andre stader i lovboka enn der hovudtyngda av tjuverilovgjevinga er samla. Nokre av desse døma har parallellar i C IVs lov. Det gjeld til dømes den som finn noko som ein annan har mista, og held dette skjult¹⁹³, den som stel frå annan manns dyrefelle¹⁹⁴ og ferjemannen som hjelper ein tjuv over elva.¹⁹⁵

Som peikepinn på kor alvorleg tjuveriet blir vurdert også i Norsk Lov, tek vi med nokre døme på kva konsekvensar brotsverket får for den skuldige, i tillegg til sjølv straffereaksjonen. I 1. bok blir det slege fast at tjuven ikkje "skal staa til troende" som vitne i ei rettssak.¹⁹⁶ Kapittel 18 i 3. bok gjev reglar som regulerer truloving og ekteskap. Her heiter det at dersom ein av dei to gjer seg

¹⁸⁷ NHL, s. 48

¹⁸⁸ Norske Lov 6 – 17 – 14, 28 og 41

¹⁸⁹ NHL, s. 147

¹⁹⁰ Erichsen 1993, s. 94

¹⁹¹ Erichsen 1993, s. 94

¹⁹² Skeie 1937, s. 145

¹⁹³ Norske Lov 5 – 9 – 2

¹⁹⁴ Norske Lov 5 – 10 – 7

¹⁹⁵ Norske Lov 3 – 11 – 8

¹⁹⁶ Norske Lov 1 – 13 – 20

skuldig i tjuveri etter at paret er trulova, gjev dette den uskuldige parten lovleg grunn til å krevja trulovinga oppheva.¹⁹⁷ Om dei to er gifte, er det derimot ikkje lovleg skilsmålsgrunn at ein av dei gjer seg skuldig i tjuveri. Men blir den skuldige landsforvist eller dømd fredlaus og "ikke bekomme deris Fred igien af Øvrigheden inden tre Aar", då kan den uskuldige parten gifta seg på ny.¹⁹⁸

Sjølv om dei nemnde endringane i straffene er viktige, kan vi knapt seia at Christian Vs Norske Lov representerer ei prinsipielt ny vurdering av tjuveri i høve til tidlegare lovgjeving. Om alle endringane representerte enten ei eintydig skjerping av straffene, eller eventuelt like eintydig gjekk i retning av mildare straffer, ville ein med større rett kunna snakka om ei prinsipielt ny vurdering. Men ei slik konsekvent og eintydig linje i straffeendringane finn vi altså ikkje. Samanlikna med andre land i Europa representerer Norske Lov likevel "for sin tid en human tyverilovgivning".¹⁹⁹

I tillegg til tjuverikapitlet (kap. 17), har misgjerningsboka i Norske Lov eit kapittel til som omhandlar ulovleg tileigning av annan manns eigedom; kapittel 15 «Om Ran». I ranskapitlet er det 23 artiklar. Alt i første artikkelen blir det slege fast ei generell straff for ran. Artikkelen har denne ordlyden: "Hvo som begaar Ran, betale lgjeld og Tvigjeld, det er først saa meget, som Ranet er, og dernæst dobbelt saa meget, og derforuden bøde sine tre Mark".

Resten av ranskapitlet gjer nærare greie for konkrete døme, og i fleire artiklar møter vi uttrykk som "da vorder hand Ransmand derfor" eller liknande. I tillegg til i første artikkelen er tremarksbota konkret nemnd tre gonger, i artikkel 14, 18 og 19. Elles ser det ut til at dette underforstått er den generelle bota for ran.

I artikkel 6 finn vi uttrykket "Agerran". Frå og med denne artikkelen og til og med artikkel 17 (kanskje også 18 og 19) blir det gjort greie for ulike konflikhtar knytte til eigedoms- og bruksrett av jord, og dessutan konflikhtar i samband med arbeid, avling og trevirke i tilknytting til jorda. Dette kan tyda på at ran blir rekna som ein brotsverkskategori med særleg relevans til konflikhtar av denne typen.²⁰⁰

I tillegg til nemninga "Agerran", finn vi òg nemningane "Haandran" (art. 2) og "Boeran" (art. 3). Håndran blir det kalla når einkvan tek eit klesplagg eller noko anna som ein annan har på seg eller i hendene. Blir dyr eller ting tekne frå annan manns gard, blir det kalla boran. Dette er gamle nemningar som vi òg finn i dei aller eldste lovene. Men i landskapslovene representerer nemningane ei gradering mellom ulike brotsverk som vi ikkje lenger finn i Norske Lov. Dei ulike ransnemningane, og i særleg grad boran, som er det grovaste, blir òg nytta om langt meir alvorlege brotsverk i dei gamle lovene enn i Norske Lov.²⁰¹

¹⁹⁷ Norske Lov 3 – 18 – 14 – 6

¹⁹⁸ Norske Lov 3 – 18 – 16 – 6

¹⁹⁹ Hansen 1993, s. 201

²⁰⁰ I 3. bok i Norske Lov finn vi òg nemningane "Ran paa Hænder" (3 – 12 – 21), "Lokkeran" (3 – 12 – 21) og "Jordran" (3 – 13 – 1). Nemningane er nytta om handlingar som langt på veg er parallelle med "Agerran".

²⁰¹ Brandt 1883, s. 105 – 112.

I 6. bok i lova frå 1687 finn vi òg eit kapittel «Om Røveri» (kap. 16). Erichsen skriv at dette kapitlet "inneholder skjerpede tyveristraffer i spesielt graverende tilfeller".²⁰² Kapitlet handlar om landevegsrøveri, om å røva frå ein som har lide skipbrot, om å røva eigedom frå ein som er drepen og om innbrot og tjuveri i kyrkje. Etter mi vurdering er det ikkje den ulovlege tileigninga av annan manns eigedom som er i fokus ved desse brotsverka. Det avgjerande for sakshandsaminga og straffeutmålinga i desse sakene er derimot det grusomme (art. 1 og 2), det groteske (art. 3) og krenkinga av det heilage (art. 4).

I tingbøkene eg arbeider med, finn vi berre ei sak som naturleg fell inn under røverikapitlet. Den skuldige i den saka vart dømd for "Moerd og brand og Røfuerj". Dommen: "Lefuendis at Parteris og hans hofuit og hænder paa En Stage og Hans Krop leggis pa Steyle".²⁰³

4.5. Forordninga av 4. mars 1690

Som tidlegare nemnt må tjuverilovgjevinga i Norske Lov reknast som human, om vi samanliknar med samtidig lovgjeving i andre land i Europa. Forarbeida til lova syner at kommisjonen som utarbeidde Norske Lov i nokre tilfelle også vurderte strengare straff for tjuveri. Lovkommisjonen gjorde framlegg om dødsstraff for innbrotstjuveri, men framlegget vann ikkje fram.²⁰⁴

Men alt i 1690 kom det ei kongeleg forordning som representerer ei kraftig skjerping av tjuveristraffene. Straffeskjerpinga blir grunngeven med at tjuveri er blitt eit aukande problem, og at ein fryktar problemet vil bli endå større om ikkje straffene blir strengare. Forordninga frå 1690 innfører dødsstraff for stort tjuveri og for den som stel på ny etter at han tidlegare er blitt brennemerkt som tjuv. I tråd med framlegget som lovkommisjonen la fram før Norske Lov vart endeleg utforma, blir det frå 1690 òg innført dødsstraff for den som gjer innbrot om natta. Dei skjerpa tjuveristraffene som vart innførte med forordninga av 1690, vart ståande heilt til tjuveristraffene igjen vart reduserte ved ei ny forordning i 1789.²⁰⁵

4.6. Vedvarande, streng haldning

Konklusjonen etter denne gjennomgangen blir at dei lange linjene i lovgjevinga ber preg av stabilitet, langt meir enn av endring. Einskilde endringar vart gjennomførte under vegs, men sett i samanheng gjev desse ikkje uttrykk for ei haldningsendring som fører konsekvent i ei gitt retning.

²⁰² Erichsen 1993, s. 106

²⁰³ Tingbok nr. 20, folio 1 – 3

²⁰⁴ Hansen 1993, s. 203

²⁰⁵ Hansen 1993, s. 204

Ved innføring av ei ny lov vart det gjort einsskilte endringar som førte til mildare straff for ulovleg tileigning, samstundes som det vart gjort andre endringar som innebar straffeskjerping. Dessutan kunne ei konkret brotsverksstraff som på eitt tidspunkt vart gjort mildare, i neste omgang bli skjerpa igjen.

Hovudinstrykket er at lovene fortel om haldningar som langt på veg var stabile gjennom fleire hundre år. Dei lange linjene som avteiknar seg, er at ulovleg tileigning av annan manns eigedom frå landskapslovene si tid og heilt fram til slutten av 1700-talet, vart sett på som alvorlege brotsverk som fortente streng straffereaksjon, og at straffene vart graderte etter frekvens og verdi.

Kven sine haldningar er det så som kjem fram i lovene? Lovene frå 1273, 1604 og 1687 ber alle kongen sitt namn, og er dels både initierte og forma av kongen og hans vilje. Slik sett speglar lovene styresmaktene si haldning. Men som vi har sett, er det stor grad av stabilitet frå Landslova og fram til 1700-talet, og Landslova bygde igjen på landskapslovene. Landskapslovene vart utforma på det gamle tinget, av folket sine representantar. Av dette kan vi slutta at sjølv om Norske Lovbok frå 1604 og Norske Lov frå 1687 gjev uttrykk for styresmaktene sine haldningar, har dei like fullt også eit folkeleg grunnlag. Vi må heller ikkje gløyma lovene si makt til å prega haldningar. Særleg sterk må vi rekna med at lovene si haldningsskapande makt er når dei gjennom fleire hundre år gjev uttrykk for stabile haldningar. For perioden vår har vi difor grunn til å tru at det lovene seier om ulovleg tileigning av annan manns eigedom, samsvarar godt med haldningane hjå både styresmaktene og folket i skipreidene.

4.7. "... bøde och straffis eftter Lougen" – tinget sitt formelle spelerom

I kapittel 6 vil eg ut frå studiet av tingbøkene sjå korleis tinget sitt spelerom er i den praktiske handhevinga av saker som gjeld ulovleg tileigning av annan manns eigedom. Som basis for dette studiet av rettspraksis, vil eg her gjera greie for kva ramme tinget reint formelt, "eftter Lougen", arbeider innafor.

Vurdert einssidig ut frå ordlyden i lovene, har tinget på 1600- og 1700-talet i svært liten grad høve til å bruka skjønn i samband med rettshandhevinga. Strafferamme, slik vi kjenner det frå vår tids strafferett, er eit godt som ukjent fenomen i lovene på denne tida, slik det òg er i norsk mellomalderlovgeving. Christian IVs Norske Lovbok frå 1604 og Christian Vs Norske lov frå 1687 er kasuistisk redigerte, på liknande vis som dei eldre lovene er. For kvart av dei konkrete brotsverka som er omtalte i lovene, ofte nokså detaljert, er det oppgitt ein eksakt straffereaksjon. Dersom ein person blir kjent skuldig i eit brotsverk, er det såleis i prinsippet avgjort kva straff han

skal ha. Omgrep som formildande eller straffeskjerpande omstende har difor i prinsippet ikkje nokon plass i rettshandhevinga i denne perioden.

For tjuveri fastset rett nok lovene frå både 1604 og 1687 graderte straffer, men det er ei gradering ut frå verdien på tjuvegodset, og ut frå om det er første gong personen stel, eller om han har gjort seg skuldig i dette brotsverket tidlegare. Det er difor reint prinsipielt tale om ulike brotsverk, kvart med tilhøyrande fastlagt straffereaksjon. Straffe-graderinga i tjuvbolken (1604) og tjuverikapitlet (1687) er såleis ikkje strafferammer, i vår tids tyding av ordet.

Torleif Hansen har peika på at ved brotsverk som ikkje er dekkja i dei kasuistisk redigerte lovene, må domstolen avgjera sakene ved analogisk tolking.²⁰⁶ Ved slike brotsverk kan ein tenkja seg at det er noko større rom for skjønn; truleg meir i valet av kva kasus i lova brotsverket kan reknast analogt med, enn i fastsetjing av straffa når analogien først er fastslegen. Men i slike tilfelle skal ein ikkje sjå bort frå at retten nettopp legg vekt på den straffereaksjonen lova fastset for dei ulike brotsverka som kan vera aktuelle å vurdera som analoge, før analogien i den aktuelle saka blir fastslegen.

Sjølv om hovudregelen i eldre lovgjeving heilt avgjort er at ein eksakt straffereaksjon er føreskriven for kvart brotsverk, er dette likevel ikkje eit konsekvent gjennomført prinsipp. Vi finn einskilde døme på at sjølve lovteksten opnar for at tinget eller lokalsamfunnet kan bruka skjønn.

Det første dømet eg vil nemna finn vi så tidleg som i landskapslovene; i tjuveriartiklane der. Hovudregelen i både Gulatingslova og Frostatingslova er at tjuveri alt ved første gongs brotsverk blir straffa med døden. Men dersom verdien av det stolne er mindre enn ein ørtung, kan tjuven ha von om å berga livet, sjølv om han heller ikkje i det tilfelle slepp lett unna. Brotsmannen får då hovudet sitt snauraka, innsmurt med tjøre og overstrødd med fjør. Etter den handsaminga må tjuven springa ein distanse på ni bogelengder, medan tilskodarane på begge sider fritt kan kasta stein og torv på han. Overlever han dette løpet, er han fri, men rettslaus.²⁰⁷ Skeie poengterer at "det lå alltid i tingmennes makt å avpasse kastingen etter sitt ønske", og peikar på at dei etter Gulatingslova kan velja mellom torv og stein, medan Frostatingslova seier at kvar kan kasta med det han vil.²⁰⁸ Så langt attende som i landskapslovene finn vi altså ei opning for at lokalsamfunnet, representert ved tingmennene, kan avgjera om tjuven skal missa livet eller ikkje.

I tjuvbolken i lova frå 1604 er det opna for ei viss vurdering under eitt punkt i kapitlet som listar opp dei generelle tjuveristraffene. Første gong ein mann stel "til en marck fuld verd", heiter det at han har forbrote all si eige, "*oc lide slig straff konningens befalingsmand hannem paalegger*".²⁰⁹

Nokre døme på valfridom med heimel i lovteksten finn vi òg i Norske Lov av 1687. I prinsippet gjeld valfridommen her i eit par høve citanten sin måte å stemna saka på, men vi kan gå ut ifrå at

²⁰⁶ Hansen 1993, s. 19

²⁰⁷ Brandt 1883, s. 97f

²⁰⁸ Skeie 1937, s. 113

²⁰⁹ Norske Lovbok 8 – 1

citanten korkje før eller under tingsamlinga tek avgjerdene sine i eit vakuum. Spelerom for den som stemnar er difor spelerom for tinget. I lova finn vi to døme på at han kan velja om han vil stemna den skuldige for ran eller for tjuveri. Det eine dømet, som gjeld ulovleg skogshogst, finn vi i artikkel 16 i ranskapitlet. "... da tiltalis hand for Ran, eller Tyverj", heiter det der. "Meningen må være at tilegnelsen skal bedømmes som ran når den er åpenlys, som tyveri når gjerningsmannen har gått hemmelig frem", skriv Skeie om denne artikkelen.²¹⁰ Etter mi meining gjev ikkje ordlyden i artikkel 16 grunnlag for denne tolkinga, sjølv om dette elles er den vanlege måten å sondra mellom tjuveri og ran. (Sjå nedafor.)

Det andre dømet finn vi i artikkel 21 i tjuverikapitlet. Her er det endå meir eksplisitt uttrykt at citanten fritt kan velja om han vil stemna for ran eller tjuveri, utan at han treng å grunnge valet ut frå omstende ved sjølve brotsverket. Artikkel 21 har denne ordlyden: "Tager vejfarendis, eller anden Mand noget Korn, eller Høe, bort af Ager, eller Eng, da maa den, der Ageren, eller Engen, ejer, søge hannem der tog, enten for Ran, eller Tyveri, hvilket hand vil."

Det er stor semje mellom rettshistorikarar om at ran og tjuveri ikkje er identiske brotsverk, men at kvart av dei tvert om har særlege kjennemerke som skil dei klart frå kvarandre. Brandt skriv til dømes at tjuveri er "hemmelig Tilegnelse af anden Mands Ting"²¹¹, medan ran er "enhver retsstridig aabenlys Tilegnelse af Andres Formues-gjenstande..."²¹² Ein annan stad i dei rettshistoriske førelesingane sine poengterer Brandt skilnaden mellom dei to brotsverka endå sterkare: "Man finder derfor, at visse betegnende Omstændigheder ved Gjærningen af Loven selv er tagne i Betragtning ved Ansvarets Bestemmelse, eller endog er afgjørende for selve Forbrydelsens retlige Karakteristik. Saaledes var hemmelig eller aabenlys Fremgangsmaade Skjelnemærket mellom Mord og simpelt Drab, samt mellom Tyveri og det mindre straffbare Ran;..."²¹³ L. Nørregaard definerer dei to brotsverkskategoriane på same vis som Brandt.²¹⁴

Erling Sandmo skriv at Norske Lov av 1687 held fast på skilnaden mellom ran og tjuveri, og med svært ulike straffer for dei to brotsverka. Men Sandmo poengterer at lova ikkje spesifiserer kva som er ran og kva som er tjuveri. "Dette åpner for en fleksibel, arbitrær rettspraksis, der såvel den fornærmede part som retten hadde muligheten til å velge hvorvidt de ville se på en gitt handling som ran eller som tyveri", hevdar Sandmo.²¹⁵

Etter mi meining legg Sandmo for stor vekt på lova sin manglande spesifisering av dei to brotsverka. Det finst ein skilde spesifiserande signal i lovteksten. Det klaraste, som gjeld handran, finn vi i artikkel 2 i ranskapitlet. Les vi lova lausriven frå den historiske konteksten, er det likevel sant at vi ikkje finn ei fullstendig spesifisering av kva som er ran og kva som er tjuveri. Men

²¹⁰ Skeie 1937, s. 175

²¹¹ Brandt 1883, s. 97

²¹² Brandt 1883, s. 105

²¹³ Brandt 1883, s. 47

²¹⁴ Sandmo 1992, s.99f

²¹⁵ Sandmo 1992, s. 99

dersom dei to omgrepa tidlegare var så fast definerte som det Nørregaard, Brandt og Skeie hevdar, må vi rekna med at lovgjevarane ikkje såg noko behov for at brotsverksomgrepa skulle spesifiserast nærare i lova. Det at omgrepa ikkje er definerte i lovteksten, kan vi såleis ikkje utan vidare tolka slik at dei ikkje har eit fast innhald i lova frå 1687.

I Norske Lov finn vi òg omtalt nokre få brotsverk der straffa ikkje er oppgitt, eller der det er opna for at dommaren kan idøma ei alternativ straff. Vi finn ingen døme på dette i tjuveri- og ranskapitla, men skal kort nemna nokre døme frå andre lovkapittel. I kapitlet "Om Helligbrøde" heiter det: "Al letfærdig og forargelig Legen om Jul, eller andre Tider, og Fastelavns Løben forbydis strengeligen, og *bør alvorligen at straffis*."²¹⁶ I første bok i lova finn vi eit kapittel som handlar om "Skikkelighed for retten". Dersom nokon av partane i ei sak ter seg i strid med den respektfulle framferd retten krev, skal dei straffast "*efter Sagens Omstændighed, og deris Stands og Vilkers Beskaffenhed*", heiter det der.²¹⁷ I sjetten bok finn vi ti "hustavler". Den sjuande lyder slik: Handler nogen Husbond tyrannisk og Uchristelig med sin Hustrue, og det hannem skiellig overbevisis, da straffis hand med Bremmerholm, *eller annen høj Straf efter hans Stand og Vilker*."²¹⁸

Vi finn altså døme på at lova gjev rom for valfridom. Men dette er sjeldsynte unntak frå hovudregelen om eksakt fastlagd straff for kvart brotsverk. Likevel kan det henda at konsekvensen av at unntaka finst, er større enn ein i første omgang skulle tru. Finst det eitt døme på slik valfridom i lova, så er ikkje ideen om valfridom reint prinsipielt ekskludert. Å utvida området der ein regel er gyldig eller blir teken i bruk, er lettare enn å etablera eit heilt nytt prinsipp i rettshandhevinga. Ein skal difor ikkje sjå bort frå at i situasjonar då tinget har bruk for eit større spelerom enn det reint formelt har etter lova, kan unntaka ha ein viss "smitteeffekt" til andre kasus enn dei er knytte til i lova.

Bruk av arbitrære bøter er ein måte tinget nyttar for å utvida spelerommet i høve til den snevre ramma som lova definerer. Jon Skeie skriv at når dommaren av ein eller annan grunn finn at den infamerande firemarksbota er for hard, idømer han i staden arbitrære bøter. Ofte skal desse bøkene betalast til fattighus eller hospital. Frå 1660-talet er dette ein vanleg praksis.²¹⁹ Men tinget finn også andre måtar å utvida det reelle spelerommet i høve til det ein kan lesa seg til i lova. Lovbok-teksten speglar ikkje røyndommen; fortel einast korleis lovgjevaren meiner at røyndommen burde vera. "Den lov og rett som verkeleg rådde i bygd og by", vil eg gjera nærare greie for i kapittel 6. Så tidleg som i 1934 slo medlemmer av den Rettshistoriske Kommissjon fast at til det bruk er tingbøkene eit "sers verdfullt kjeldetilfang".²²⁰

²¹⁶ Norske Lov 6 – 3 – 11

²¹⁷ Norske Lov 1 – 12 – 7

²¹⁸ Norske Lov 6 – 5 – 7

²¹⁹ Skeie 1910, s. 84ff

²²⁰ Næss 1981, s. 781

5. Kriminalitetskategoriar og val av aktuelle saker

I eit kriminalitetshistorisk arbeid har ein ofte bruk for å definera ulike brotsverkskategoriar; gjerne også å systematisera kategoriane. I studiet av brotsverk i tidleg nytid kan ein ikkje utan vidare nytta verdinormer frå vår eiga tid som målestokk eller kriterium for vurdering og kategorisering. Ei beinveges samanlikning med kriminalitetskategoriar og nemningar slik vi finn dei i gjeldande straffelov, er lite tenleg.

Eit studium av nyare artiklar og avhandlingar om kriminalitets-historiske emne frå 1500 – 1800-talet syner at forfattarane har valt ulike definisjonar og ulike inndelingsmønster for dei brotsverkskategoriane dei har studert. Denne mangelen på sams definisjonar gjer det vanskeleg å beinveges kunna samanlikna avhandlingane, samstundes som det demonstrerer at det ikkje finst klare og eintydige svar på alle spørsmål som gjeld definisjonar og inndeling. Det er gjort forsøk på å koma fram til ei sams kategorisering, utan at ein kan seia at dette til no har lukkast.²²¹

I eit arbeid som dette, der vi konsentrerer oss om berre få brotsverkskategoriar, går vi klar dei fleste problema som knyter seg til definisjon og inndeling av det samla brotsverksspekteret som vi finn omtalt i kjeldene. Dette er difor ikkje plassen for ei inngåande drøfting av kategoriseringsspørsmålet. Men sjølv i eit studium som i utgangspunktet berre skal femna om ulovleg tileigning av annan manns eigeidom, slepp vi ikkje heilt unna spørsmålet. Også i dette arbeidet er det nødvendig å finna fram til kriterier for kva saker som skal takast med i granskinga.

Ein kunne tenkja seg eit utvalskriterium der ein tek utgangspunkt i gjeldande lover på 1600-talet. Ein kunne då finna fram til eit grunngeve utval av kapittel og artiklar i lovene, og avgrensa granskinga til dei brotsverka som er omtalte i desse lovartiklane. Men sidan det berre sjeldan, særleg i første delen av perioden vår, står noko i tingboksreferatet om kva lovartiklar brotsmannen blir dømd etter, er dette likevel ikkje ein farbar veg.

Det ser faktisk ut til å vera vanskeleg å finna noko anna utvalskriterium enn beint fram å leita etter konkrete ord og uttrykksmåtar i tingboks-referatet som vitnar om at ein eller fleire aktørar på tinget har vurdert brotsverket som ei eller anna form for ulovleg tileigning av annan manns eigeidom. Mellom dei aktuelle orda ein då lyt sjå etter, er substantiva "tjuv" og "tjuveri" og verbet "stela". Vidare substantivet "tag" og verbet "ta" og substantiva "ran" og "ransmann". (Det syner

²²¹ Under ein konferanse om historisk kriminologi i Helsingfors i august 1993 presenterte til dømes Hans Eyvind Næss eit framlegg der han deler "tilnærmet alle enkeltlovbrudd som erfaringsmessig fremtrer som frekvente i kilde-materialet" inn i seks hovudkategoriar. Næss sitt framlegg førte til kvass debatt, og i følgje Bodil Chr. Erichsen lir Næss si kategorisering "av svakheter, som ikke skiller seg vesentlig fra dem han vil til livs".

Næss 1994, s. 28 – 44 og Erichen 1994, s. 45 og 58.

seg at brotsverk svært sjeldan blir omtalte som "ran" i tingbøkene som er med i denne granskinga, både før og etter 1687.)²²²

I tillegg til å leita etter slike "nøkkelord", lyt ein vera vaken for at aktuelle saker kan vera omtalte i tingbøkene, utan at desse spesielle orda er nytta. Heile vegen må det vera rom for vurdering etter skjønn, både der dei nemnde nøkkelorda er nytta, og der vi ikkje finn dei.

5.1. Ulovleg skogshogst

I arbeidet med å finna fram til dei sakene som bør vera med i dette arbeidet, er det ei gruppe saker som krev særskild vurdering. Det er sakene der det er tale om illegitim eller omtvista bruk av jordeigedom, skog eller annan fast eigedom. Tingbøkene syner at det vart reist ei rekkje slike saker på bygdetinget i perioden vår. I klart fleirtal mellom desse er saker der ein eller fleire personar blir stemna for ulovleg skogshogst, eller for "Wlouglig Schouff Hug", "ulovlig Schougerhugst" eller "u Loulig schouhugster", for å nemna nokre av formuleringane vi finn i tingbøkene.

Eit grundig studium av desse sakene krev oversyn over eigedoms- og bruksrettar på kvar gard. Å skaffa seg slikt oversyn vil vera ein tidkrevjande prosess, om vi i det heile kan finna tilstrekkelege kjelder.

Den mest aktuelle straffa for illegitim bruk av jord eller skog var truleg landnamshot.²²³ Ved dei høve der denne bota vart nytta, må ein gå ut frå at brotsverket vart relatert til andre deler av lovene enn tjuvbolken i lova frå 1604 eller tjuveri- og ranskapitla i lova frå 1687. I lova frå 1604 er det nokre kapittel i landsleigebolken som er særleg aktuelle, i første rekkje kap. 19 og 20. I lova frå 1687 gjeld det ein del artiklar i kapitla 12 og 14 i tredje bok. Frå 1690 har vi til dømes ei sak der citanten meiner det som har skjedd er brot på Norske Lov 3 – 14 – 34.²²⁴

Like fullt står det fast at brotsverk av denne typen også blir ramma av konkrete ledd i tjuverilovgjevinga, både i lova frå 1604 og lova frå 1687. Vi har òg døme i tingbøkene på at ulovleg skogshogst vart oppfatta som brot på tjuverilovgjevinga, i det minste av nokre av aktørane på tinget.

²²² Eg har tidlegare gjort greie for korleis 1600- og 1700-talet sin varierte og fantasifulle ortografi kompliserer det å finna fram i dataversjonen av tingbøkene ved å søkja på visse ord.

²²³ Landnam er "en bot som skulle betales av saksøkte for urettmessig benyttelse eller utilbørlig behandling av fast eiendom eller tilhørende gjenstander". NHL, s. 192

På hausttinget i Lindås i 1675 vart til dømes ein mann dømd til å bota landnam for ulovleg skogshogst. Tingbok nr. 14, folio 23b

²²⁴ Tingbok nr. 24, folio 53 – 54

I 1700 stemnar til dømes futen to bønder til bygdinget i Herdla for at dei har hogge ulovleg i skogen hans på Haaøen.²²⁵ Futen sin påstand er at dei to bør dømmast etter artikkel 28 i tjuverikapitlet. Dei skuldige ber "om Naade, og iche om Retten", og både "Fogdens Kiereste" og lagretten ber for dei to bøndene. Resultatet er at dei ikkje får tremarksbot, slik det er heimel for etter artikkel 28, men i tingboksreferatet blir det likevel slege fast at om dei held fram med ulovleg skogshogst, bør dei straffast etter artikkel 28.

I 1701 kom det opp ei liknande sak på tinget i Mjelde skipreide.²²⁶ Også i denne saka meinte futen at dei skuldige måtte dømmast etter artikkel 28 i tjuverikapitlet. Resultatet i dette tilfellet var at "parterne effter tilraadelse Blefve for Eenede Saaledes" at kvar av dei stemna personane skal betala "udj forvolden omKostning 4 march danske" til citantane. Også i dette tilfellet vart såleis resultatet for dei stemna eit heilt anna enn det futen la ned påstand om. I staden for tremarksbot, blir partane samde om at kvar av dei skuldige skal betala, ikkje bot, men "forvolden omKostning". I tillegg blir storleiken sett til fire mark, ikkje dei infamerande tre mark – endå straffereaksjonen knapt ville vera infamerande når det er tale om erstatning og ikkje bot.

Same året kom det opp ei sak om ulovleg skogshogst i Hosanger skipreide, der futen også la ned påstand om at dei skuldige "Burde Bøde effter Loven hver Sine 3 march".²²⁷ Dommen blir om lag den same som i saka i Mjelde. Det blir inga tremarksbot, men kvar av dei skuldige blir dømde til å betala fem mark til citanten; altså også i dette tilfellet erstatning, men inga bot. Det blir lagt til at dette er reaksjonen "denne Sinde"; dersom dei oftare hogg ulovleg, må dei vera budde på å "Straffes Effter Lowen".

Endeleg skal i denne samanhengen nemnast ei sak frå hausttinget i Mjelde skipreide i 1686.²²⁸ Stiftsskrivaren Harman Gaarmand stemna då Gudmund HougsBerg for at han utan løyve har hogge ved i skogen. Lensmannen og ein person til som har "Besigtiget" skogen, meiner det kan vera tale om kring 30 lass ved. Gudmund vedgår at han "Hafde noget Lidet Huget til Huus Behof, formedelst Hand Ingen schoug Sielfr Hafde til Sin paa Boende gaard", men så mykje som 30 lass er det ikkje tale om. Monsieur Jens Jenssen som møter på vegner av stiftsskrivar Gaarmand, meiner at Gudmund "Burde at vorde anseeit der for Som for anden tiufverj", så mykje meir sidan den aktuelle skogen vart fredlyst for tre år sidan. Gudmund ber for seg, og viser til at han har sju umyndige born. Resultatet blir at Gudmund blir pålagt å betala erstatning for det han har hogge ulovleg, men at han elles går fri. Jens Jensen si utsegn i denne saka er interessant. Når han seier at Gudmund sitt brotsverk bør bli vurdert som anna tjuveri, seier han samstundes implisitt at ei slik vurdering ikkje er vanleg eller sjølvsgd. Ulovleg skogshogst kjem altså til vanleg ikkje i klasse med "anden tiufverj".

²²⁵ Tingbok nr. 27, folio 1700: 79 – 79b

²²⁶ Tingbok nr. 27, folio 1701: 126b – 127b og 1701: 137b

²²⁷ Tingbok nr. 27, folio 1701: 114b – 115

²²⁸ Tingbok nr.22, folio 1686: 64b – 65

Sjølvs om dei sakene som her er nemnde, er eit altfor spinkelt grunnlag til å trekkja vidtrekkjande konklusjonar på, gjev dei ein peikepinn om at det på tinget er lita stemning for å stempla ulovleg skogshogst som tjuveri. Sjølvs om futen ved nokre høve ønskjer å døma desse sakene etter tjuverilovgjevinga, distanserer lagretten og sorenskrivaren seg frå denne tankegangen.

Heilt eintydig er dette likevel ikkje. I ei sak frå Gulen i 1704 – 1705 finn vi døme på at det ikkje er berre futen som reknar ulovleg skogshogst som tjuveri. På hausttinget i 1704 stemna Lasse Sætnæs Laers Røe fordi han hausten før "hafde taget 1 1/2 faun huggen weed".²²⁹ For dette meinte Lasse Sætnæs at Laers Røe "burde straffis som for tyvnet".²³⁰ Eg tolkar tingboka slik at det her er tale om ein stabel ferdig hoggen og oppkappa ved, og ser det som truleg at å ta/stela denne kan ha blitt vurdert annleis enn sjølv å hogga ulovleg i annan manns skog. Laers Røe "benektede at hand iche havde taget veden". For at citanten skal få høve til å stemna vitne som han "beraaber sig... til beviislighed mod Laers Røis benegtelse", blir saka utsett. Saka kom ikkje opp på sommartinget året etter, men til hausttinget i 1705 blir Laers Røe igjen stemna.²³¹ I tingboksreferatet no heiter det at Lasse Sætnæs har skulda han for "at hand Schulle staalet fra hannem". Det blir ikkje uttrykkeleg sagt at Laer Røe stemnar Lasse Sætnæs kontra, men truleg må referatet oppfattast slik at det er dette som i røynda skjer. Laer Røe møter i retten, og nektar for at han har teke veden "och som hand saa Schammelig for Retten er Sigtet och beskyldt for een tyVesag". Denne skuldinga kan ikkje Røe ha hengjande på seg. Difor "paastoed hand tilbørlig domb ofver citanten, efter Loven, samt sine tinggang och omkostning igien Schadisløs".

Underleg nok har citanten igjen "forsømbt at føre och indstefne" vitna. Sidan "dette er een Aresag, och Paadet citanten, Sig iche Schal have at besverge ofver at hand udi saa Wigtig sag med retten ofverillis", blir saka igjen utsett til neste ting; då skal endeleg dom fellast, heiter det i referatet. Men dette er det siste tingboka fortel om saka. Ho kom ikkje opp på tinget fleire gonger. Grunnen får vi ikkje vita, men samstundes med at saka vart utsett andre gongen, blir det uttrykkeleg opna for at "parterne midlertid udi mindelighed... Kand foreenis". Dette kan tyda på at retten drog i tvil om det var grunn til å stemna Laers Røe for tjuveri. I alle fall er det tydeleg at det ikkje var om å gjera at han skulle bli dømd for eit slikt brotsverk. Vi merkar oss elles at Lasse Sætnæs vart oppnemnd som lagrettemand på hausttinget i 1704, og at han møtte i dette vervet på hausttinget i 1705. Trass i denne posisjonen får han ikkje gjennomslag i retten for at Laers Røe bør stemplast som tjuv.

Ei sak frå Lindås i 1705 – 1706 skal òg kort nemnast.²³² Saka gjeld "een Eeg" som Knud Grimstad skal ha hogge ulovleg. For dette blir han stemna av Borge Ryland, som meiner Knud

²²⁹ Tingbok nr. 29, folio 1704: 42 – 42b

²³⁰ Den vekslinga mellom formuleringane "taget" og "tyvnet" som vi finn i denne saka, er verdt å leggja merke til, men dette poenget blir drafta annan stad i oppgåva.

²³¹ Tingbok nr. 30, folio 1705: 17

²³² Tingbok nr. 30, folio 1705: 15 – 15b, 1706: 59 – 59b og 1706: 112

bør dømast etter art. 27 og 28 i tjuverikapitlet. Saka kom opp på tinget tre gonger, før ho til slutt enda med forlik. Då saka vart utsett første gongen, var det for at "dend hugne Stub af dannemend som ere upartische midlertid besigtis och Wurderis". Men dette skal berre skje "dersom parterne om denne ringe sag iche udi mindelighed Kand foreenis inden neste ting". Sorenskrivaren nyttar altså formuleringa "denne ringe sag". Det er det lite truleg han ville gjera dersom han meinte det var grunnlag for å døma Knud Grimstad etter dei to artiklane i tjuverikapitlet.

Ut frå måten denne typen saker er refererte i tingbøkene, festar det seg i det heile eit inntrykk av at tinget ikkje reknar sakene om illegitim eller omtvista bruk av jord og skog som tjuverisaker, eller som parallelle med andre saker som gjeld ulovleg tileigning av annan manns eigedom. Eg finn det difor naturleg å ikkje ta desse sakene med mellom dei som skal gjerast til gjenstand for eit systematisk studium. Når endelege konklusjonar skal trekkjast, vil det likevel vera naturleg å vurdere det inntrykket frå sakene om ulovleg skogshogst som eg her har gjort greie for, i høve til resultatane frå arbeidet med dei sakene som blir meir systematisk granska.

5.2. Saker i randsona

Med eit så avgrensa saksfelt som det som høyrer inn under dette arbeidet, kunne ein tru det ville vera lett å finna fram til dei aktuelle sakene, og eventuelt gruppera dei på ein tenleg måte. Men etter kvart som eg har arbeidd med dei 25 tingbøkene, er konklusjonen blitt at det slett ikkje er uproblematisk å avgjera kva saker som bør reknast som "ulovleg tileigning av annan manns eigedom", og kva saker som ikkje høyrer naturleg inn under denne nemninga, og som følgeleg ikkje skal inkludrast i undersøkinga.

Eitt problem er at ein del saker er komplekse, og at fleire saker blir vikla inn i kvarandre under sakshandsaminga på tinget. Ved dei høve der ein del av sakskomplekset gjeld ulovleg tileigning, har eg som hovudregel teke saka med. Men vurderinga av desse sakene er stundom vanskeleg, særleg når det ikkje går klart fram av tingboksreferatet kva element i saka som i sterkast grad styrer saksgangen og er avgjerande for utfallet av saka. I nokre saker er problemet at ordlyden i tingboka er så lite klargjerande at det beint fram er vanskeleg å finna ut kva saka gjeld. Men denne problemstillinga er særleg aktuell i saker der referatet er svært kortfatta. Desse sakene vil difor sjeldan vera særleg eigna til å kasta lys over haldningar som gjer seg gjeldande på tinget.

Ein del saker endrar karakter i løpet av tingsamlinga. I andre saker kjem brotsverket og brotsmannen i nytt lys frå saka kjem opp første gong, til ho blir stemna på ny. Stundom er stemninga ikkje eintydig, og ulike aktørar på tinget kan prøva å "vri" saka i ulike retningar.

For å teikna opp litt klarare grenser for det sakfeltet som ligg til grunn for arbeidet, nemner eg her ein del sakstypar som eg meiner høyrer til i randsona, og som eg vel å halda utafør den systematiske granskinga. Dette gjeld saker som blir reiste mot personar som har teke "sit godtz lgien fra en tiuf".²³³ Det gjeld vidare saker der einkvan er stemna for å ha "Kiøbslaget med En tiuf"²³⁴ eller "Kiøbt godz"²³⁵ frå ein tjuv eller "en Ombløber".²³⁶ Vidare held eg utafør ei sak om "nogen Arff som dem ej schal were scheid Rett"²³⁷, og ei sak om "noget Ringe Wrag goedtz" som finnaren "iche i Tide Aabenbarede".²³⁸ Saka som Poul Herløvehr reiste mot grannen Anders, "fordj den Rumppe, som Er schoren af Citantens hest, er funden udj Anders Sin floor",²³⁹ held eg òg utafør. Endeleg let eg vera å inkludera sju saker der personar blir stemna for at dei har flytta eller fjerna merkesteinar.

Det kunne forsvarast å ta med alle, eller i alle fall dei fleste av desse sakene, sjølv om ikkje alle kan seiast beinveges å gjelda ulovleg tileigning av annan manns eigedom. Gjennom handsaminga av sakene kjem det likevel fram sider ved lokalsamfunnet og tinget sine haldningar til tjuveri og anna ulovleg tileigning.

Det utvalet av saker som eg tek med i den systematiske granskinga, er ikkje meint som det definitive svaret på kva saker som bør kategoriserast som "ulovleg tileigning av annan manns eigedom". Denne nemninga er eit samleomgrep som høyrer heime i vår eiga tid, og som ein difor må vera varsam med å pressa "fortidige handlingsmønstre"²⁴⁰ inn i. Dersom sakene i randsona gav grunnlag for andre konklusjonar enn dei sakene som blir inkluderte, ville det vera viktig å teikna opp meir definitive grenser. Men så langt eg har studert desse sakene, er det ingen ting som tyder på at eit nærare studium av dei ville rokka ved dei slutningar som kan trekkjast på grunnlag av det sakstilfanget som blir gjort til gjenstand for meir systematisk studium.

Sidan dette arbeidet ikkje byggjer på statistisk oversyn over sakene, ser eg det heller ikkje som særleg viktig kategorisk å kunna slå fast kor mange saker om ulovleg tileigning av annan manns eigedom som vart reiste på tinget i Nordhordland i den perioden eg undersøker. Difor er dei tala eg opererer med i neste del-kapittel, heller ikkje meint å vera eksakte eller udiskutable.

²³³ Tingbok nr. 27, folio 1699: 26

²³⁴ Tingbok nr. 26, folio 1696: 36

²³⁵ Tingbok nr. 27, folio 1700: 71b

²³⁶ Tingbok nr. 14, folio 23

²³⁷ Tingbok nr. 12, folio 9b

²³⁸ Tingbok nr. 10, folio 26

²³⁹ Tingbok nr. 27, folio 1701: 135

²⁴⁰ Sandmo 1992, side 97

5.3. Dei aktuelle sakene

Ut frå dei utvalskriteria eg har gjort greie for tidlegare i dette kapitlet, blir 90 saker med i det sentrale sakstilfanget. Dette er dei sakene som eg definerer som "ulovleg tileigning av annan manns eigedom", og som er refererte i dei 25 tingbøkene for Nordhordland som er tilgjengelege for perioden 1664 – 1707. Talet refererer til saker som vart førte på tinget. Mange av sakene kom opp på tinget to eller fleire gonger, og i nokre saker vart to eller fleire personar stemna.

Etter ei samla vurdering vel eg å rekna 40 av dei 90 sakene som tjuverisaker. Grenseoppgangen i høve til dei resterande 50 sakene er ikkje uproblematisk. Ein god del av dei 40 sakene må kunna kallast eintydige tjuverisaker. Men i tillegg finst det ein del saker der brotsverket blir omtalt som tjuveri av ein eller fleire av aktørane på tinget, men der stemninga, dommen eller andre deler av sakshandsaminga på tinget er slik at ulike kategoriseringar kan forsvarast. Ei nærare utgreiing om dette blir gitt i kap. 6. Sakene eg reknar som tjuverisaker, er dei som er presenterte i kap. 6.4., 6.5., 6.6. og 6.7.

Dei resterande 50 sakene er då tileigningssaker der vi må nytta andre nemningar om brotsverket. Det er vanskeleg å finna eit ord som høver som samlenemning for alle desse sakene. Det har vore vanleg å skjelna mellom tjuverisaker og ranssaker. I vår samanheng er "ran" ei nemning som ikkje høver særleg godt. Undersøkinga spenner over tidsrommet 1664 – 1707, medan ran er ein brotsverkskategori som det er naturleg å operera med berre etter 1687; og sjølv i siste delen av perioden vår blir dette ordet berre unnataksvis nytta i tingbøkene for Nordhordland. Den nemninga som oftast blir nytta i tingbøkene i tileigningssaker der brotsverket ikkje blir stempla som tjuveri, er "tak" eller "ulovleg tak". Noko godt uttrykk er dette likevel ikkje, sidan nemninga korkje er ein juridisk term i lovene frå 1604 og 1687, eller har nokon naturleg plass i moderne språkføring. Der det er nødvendig å samla alle desse sakene under ei nemning, endar eg difor opp med å omtala dei som "dei andre tileigningssakene", eller å forklara på anna vis kva saker det gjeld.

Sakene er jamt fordelte over perioden. I løpet av dei 24 åra frå 1664 til 1687 (lova frå 1604) er det 52 saker; 25 av dei er tjuverisaker. I 20-årsperioden frå 1688 til 1707 er det 38 saker; av dei er 15 tjuverisaker.

Det er vanskeleg å sjå at den nye lova som vart gjort gjeldande frå om lag midt i perioden, har ført til nemnande endring i måten tileigningssakene vart handsama, eller på tinget si haldning, bortsett frå at det sjølv sagt blir nytta nye lovtilvisingar, i den grad slike tilvisingar er tekne med i tingbøkene.

Husdyr, båtar og båtutstyr, fisk og fiskereiskapar, klesplagg, reiskapar og kjøkkenutstyr er det som oftast blir stole eller teke på ulovleg vis. Når det gjeld buskap, er det særleg annan manns sau mange ser litt for langt etter, men det er òg ein og annan som prøver å skaffa seg ei geit, ei

ku eller ein hest på uærleg vis. Med eitt unnatak er det ingen markert skilnad på kva gjenstandar brotsmannen stel og kva han tileignar seg på ulovleg vis, utan at det blir stempla som tjuveri. Unnataket gjeld pengar, smykke og andre verdigjenstandar. I dei aller fleste tilfelle der det tekne/stolne har karakter av verdigjenstand, blir brotsverket rekna som tjuveri.

6. Rettshandhevinga på tinget

Når ein med tingbøkene som hovudkjelde vil prøva å kasta lys over dei problemstillingane som er nemnde i kap. 1.1., er det ein føresetnad at ein går så djupt som råd er i konkrete saker som blir handsama på tinget. I dette kapitlet vil eg difor referera ein del saker temmeleg utførleg og med bruk av ein god del sitat frå tingbøkene, samstundes som eg prøver å analysera dei i relasjon til dei nemnde problemstillingane.

Kjeldetilfanget er omfattande. For at eit stort materiale skal bli meir handterleg, er det difor nødvendig å finna ein føremålstenleg måte å dela stoffet inn på. Ei kronologisk inndeling kunne vera ei løysing, men er knapt den beste. Ein viktig grunn til at eg ikkje vel å analysera sakene i kronologisk rekkefølge, er at det er vanskeleg å finna ei periodeinndeling som peikar seg naturleg ut. Rett nok markerer Christian Vs Norske Lov eit viktig skilje i norsk lovgjeving og rettsliv, og dette skiljet kjem om lag midvegs i perioden eg arbeider med. Men for sakene om ulovleg tileigning av annan manns eigedom fører den nye lova likevel ikkje til noko markert skilje i den praktiske rettshandhevinga på tinget. Når eit viktig mål med inndelinga er å gjera stoffet meir handterleg, ville ei to-deling dessutan knapt kunna vera meir enn eitt steg på vegen.

Eg meiner difor at ei tematisk inndeling er meir fruktbar. Av det følgjer at eg prøver å nærma meg dei nemnde problemstillingane ut frå nokre del-tema som det, med utgangspunkt i den tematiske inndelinga av sakene, er mogeleg å kasta lys over. Ein del saker har relevans til fleire slike del-tema, og vil difor bli trekte fram i fleire underkapittel.

For å få så god innsikt som råd er i dei haldningane som gjorde seg gjeldande på bygdetinget og i lokalsamfunnet, er det nødvendig å studera både linjene i saksgangen og uttryksmåtar og formuleringar som dei ymse aktørane på tinget nyttar. Med eit så omfattande materiale som det dette arbeidet femnar om, er det likevel ikkje praktisk mogeleg å gå like grundig inn på alle sakene. Eg har difor valt å ta med eit nokså utførleg referat av ei eller nokre få saker under kvart del-tema, og så utfylla og utdjupa framstillinga ved meir kortfatta og summarisk å ta med moment frå andre saker. Ved å velja ut representative saker til brei presentasjon i kvart del-kapittel, og i tillegg supplera med moment frå heile spekteret av saker som har relevans til det same del-kapitlet, meiner eg det innafor ei akseptabel ramme er mogeleg å få godt oversyn over haldningar som var med og styrte saksgangen på tinget.

Når ein prøver å analysera rettspraksis ut frå detaljert analyse av tingbokteksten, er det eit par moment ein lyt vera særleg merksam på: Kva kvalifikasjonar har sorenskrivaren, som fører tingboka i pennen, og kva formelle og meir uformelle reglar gjeld for tingbokføringa? Det vanlege i den perioden eg undersøker, er at sorenskrivaren er dansk. Det er difor naturleg at han kan ha vanskar med å skjøna bygdefolket sitt munnlege språk på tinget, i alle fall den første tida han er i

embetsdistriktet. Sorenskrivaren sine formelle kvalifikasjonar, både dei juridiske og dei språklege, er nokså varierende, og ikkje alltid imponerende.²⁴¹

Alt som skjer på tinget skal i prinsippet først i tingboka, både munnlege forhandlingar og framlagde dokument, "efter den Orden, som de ere fremlagte".²⁴² Referatet skal først direkte inn i tingboka, og sorenskrivaren har ikkje lov til å "skrive noget til Tinge paa andet, eller løst Papir, og siden hiemme det reenskrive". Han må fullføra protokollen under sjølve ting-samlinga og "ej lade noget Rum staa ledigt, som noget kunde tilsættis paa". Skal sorenskrivaren ha von om å kunna føra tingboka etter dei krava lova set, må han ha høve til å påverka progresjonen i rettsforhandlingane. Med den posisjonen han har, er det dessutan grunn til å tru at han ber folk seia ting om att eller forklara seg nærare dersom det er noko han ikkje skjønar. Ofte får vi høyra orda slik dei fall under møtet, skriv J. A. Seip.²⁴³ Sjølv om det kan vera stor avstand mellom skrivaren sitt danske embetsmanns-språk og dialekten bygdefolket nyttar, har vi difor likevel grunn til å tru at referatet i tingboka langt på veg gjev eit autentisk bilete av det som skjedde på tinget.

Eit moment som òg trekkjer i den lei, er at det finst fast etablerte prosedyrar for mykje av det som skjer på tinget. Dette er prosedyrar som også bygdefolket kjenner og ter seg i samsvar med. Tinget har sitt eige rituale, og i dette inngår ein del faste formuleringar som blir nytta i gitte situasjonar, og som blir tolka ut frå sitt rituelle innhald. Eit slikt rituale er det som blir følgt når eit vitne "efter Ædens forestafvelse" avlegg eid "med opragte fingre". Vitnet går då inn i ei føreskriven, rituell rolle der både orda og dei opprette fingrane har si faste, innhaldmetta tyding.²⁴⁴ Ei fast formulering blir òg nytta når partane inngår forlik, og den eine erklærer den andre for "een

²⁴¹ Frå sorenskrivarstillinga/-embetet vart oppretta ved kongeleg forordning av 31.07.1591 og heilt til 1736 vart det ikkje stilt formelle kompetansekrav til sorenskrivaren. Det einaste kravet var at han var lese- og skrivekunnig. Først frå 1736 vart det stilt krav om juridisk universitetsutdanning for den som skulle utnemnast til sorenskrivarembete. Den kompetansen sorenskrivaren hadde før 1736, var den han fekk gjennom røynsle, mellom anna ved å vera til stades på tinget. NHL, s. 312 – 315

²⁴² Første bok i Norske Lov av 1687 har overskrifta «Om Retten og Rettens Personer», og kapittel 8 i denne lovboka omhandlar "Skrivere ved Retten". Alle lovtekstsitata her er henta frå artikkel 3 i dette kapitlet. Tilsvarande retningslinjer finn vi ikkje i tingfarebolken i lova frå 1604. I Store Recess finn vi derimot ein artikkel med overskrifta «Tingbøger numereris oc forvaris» (3 – 19). Det er denne artikkelen som er kjelda for dei fleste formuleringane vi her har sitert frå Norske Lov. Recessen si kjelde er her ei forordning frå 15.03.1633. Frå 1687 fekk sorenskrivaren eit langt meir detaljert regelverk å forhalda seg til enn han hadde hatt tidlegare, men når det gjeld den sida ved tingbokføringa som vi omtalar her, var retningslinjene i hovudsak dei same gjennom heile perioden vår.

²⁴³ Seip 1957/1981, s. 136

²⁴⁴ Formuleringar med same eller liknande ordlyd som dei som er siterte her, finn vi overalt i tingbøkene. I Norske Lov av 1687 finn vi eit vedlegg med overskrifta «Forklaring paa Vidners Eed, og Formaning til dem for Retten, efter som mælt er i den første Bogs trettende Capitels ottende artikkel». Her er gjort detaljert greie for symbolbruken ved eidsavlegging, mellom anna kva som er meininga med dei opprette fingrane, og for "hvilken gruselig, haard og streng Dom du giver over dig selv, naar du svær falskelig".

Ærlig mand, at hand intet andet viste eller Kunde sige om hannem end all Ære och got".²⁴⁵ Ei anna side ved slike faste formuleringar er at dei lettar skrivaren sitt arbeid med referatet. Ei anna side, som vi heller ikkje må gløyma, er at dei må lesast og tolkast nettopp som rituelle utsegner.

Eg har valt å presentera sakene i sju tematiske del-kapittel. I dei to første trekkjer eg fram saker som gjeld ulovleg tileigning av annan manns eigedom, men der den skuldige ikkje blir stemna for tjuveri. I desse sakene blir altså brotsverket omtalt med andre nemningar, og får på den måten ein mindre alvorleg karakter enn dei brotsverka som blir klassifiserte som tjuveri. I det tredje del-kapitlet presenterer eg saker der det er divergens mellom styresmaktene og lokalsamfunnet si vurdering av brotsverket og brotsmannen. Dette er saker der futen meiner det er rett å stempla brotsmannen som tjuv, men der representantar for lokalsamfunnet legg for dagen ei anna haldning.

I dei fire siste del-kapitla presenterer eg dei sakene som eg meiner det er rett å rekna som tjuverisaker. Men desse sakene blir handsama på svært ulike måtar. I del-kapittel 4 og 5 presenterer eg saker som blir reiste som tjuverisaker, men der det går fram av tingboksreferatet at det i røynda ikkje var citanten sin intensjon at den stemna skulle bli dømd som tjuv. I dei sakene eg presenterer i dei to siste del-kapitla, er det derimot ikkje berre tale om å stemna for tjuveri; her er intensjonen hjå den som stemnar heilt klart å få den skuldige dømd og stempla som tjuv.

6.1. "Bøde Eftter Lougen for tag"

Uttrykket "å bøta etter lova for tak" blir brukt i tingbøkene om ei rekkje saker som gjeld ulovleg tileigning av annan manns eigedom før 1687. Men også etter at Christian Vs Norsk Lov, med eit eige ranskapittel, er gjort gjeldande, blir det same uttrykket nytta. Kva lov kan det vera sorenskrivaren og tinget då har hatt i tankar?

I tingbok nr. 24 finn vi eit døme på at uttrykket er nytta, og i den aktuelle saka har sorenskrivaren også ført inn i tingboka kva lovartikkel den skuldige vart dømd etter. 21. juni 1690 blir det halde sommarting i Gulen skipreide.²⁴⁶ "Madam Giertrud De Fine Sl: Lodwig Lems", altså enkja etter Lodwig Lem, stemna då Olle Claesen Opdal "fordj Hand Hafr taget fra, Joen Gulichsen Nedre Dal adschielligt, og det vnder It schind at hand vilde hafue huis hand tog Som en arf effter Sin Sl: Søster Joens quinde Som Wed døden var afgangen". Ein lyt gje Madam De Fine rett i at Olle har teke "adschielligt". Det gjeld ei geit med to kje, ei årsgammal geit, ei tønne korn, to raude kvinnetrøyer, ei ermetrøye, ein blåtoys-stakk, ein svart vadmelsstakk, ei ny, kvit

²⁴⁵ Formuleringar som dette blir nytta både når to partar inngår forlik på tinget og når einkvan ber tinget om skottsmål. Ordlyden kan variera litt, men nokre faste element er med i formuleringa. Det er difor ingen tvil om at det er tale om ei formulering av rituell karakter som blir nytta i nærare definerte situasjonar.

²⁴⁶ Tingbok nr. 24, folio 38 – 39

vadmels-trøye, eit nytt, kvitt livstykke i vadmél, ei kvit vadmélskjorte, ei gryte og eit par sko. Det blir oppgitt verdi på kvar gjenstand, og samla verdi blir oppgitt til sju riksdalar, fire mark og åtte skilling. Madam De Fine si interesse i saka gjeld "Bøxel Landschyld og Konglig schatter Som hun forregifuer at hafue at fordre". For skuld det store tapet er ikkje Joen Gulichsen i stand til å gjera opp for seg.

Futen legg ned påstand om at Olle "Byrde førre til bagge Huis hand Sig Vden Loug og dom Hafuer til taget, sampt at Bøde Eftter Lougen for tag". Det er ei viss usemje mellom Olle og Joen om nokre av gjenstandane som Olle blir skulda for å ha teke, men det meste vedgår han "at hafue BeKommed", og Joen avlegg eid på at Olle har teke alt som er nemnt i stemninga. I dommen heiter det at det "Eragtis for ret det Olle Clausen Bør eftter Lougens 5te Boogs 3die Capitel 88 Artichel Legge vd saa meget hand hafuer BeKommed. vnder adfærd eftter Lougen."

Det er tydeleg at sorenskrivaren i farten har gått litt surr i lovartiklane. 3. kapittel i 5. bok handlar "Om Odels Kiøb og Løsning, og anden Kiøb, Sal og Mageskifte". Det er eit kapittel som høver dårleg til saka, og dessutan er det berre 51 artiklar i dette kapitlet. Men kapittel 2 i 5. bok omhandlar arv og skifte, og dette kapitlet har 91 artiklar. Artikkel 88 handlar om nett det som Olle er skulda for. Artikkelen har denne ordlyden: "Befatter nogen sig med Sterfboe,²⁴⁷ og der skalter og valter efter sin egen Villie uden Rettens Middels Overværelse, eller de Vedkommendis Villie og Minde, lægge ud saa meget, som de Vedkommende ville sigte hannem for ved deris Eed." Som vi ser er dommen Olle fekk i samsvar med denne lovartikkelen.

Vi har altså her eit døme på at futen legg ned påstand om at den skuldige bør bøta etter lova for tak, og at han så blir dømd etter ein artikkel i 5. bok, som har overskrifta "Om Adkomst, Gods og Gield". Men vi lyt leggja til at tingboka ikkje seier uttrykkeleg at Olle verkeleg vart dømd for tak. I futen sin påstand heiter det at Olle skal levera attende det han har teke ulovleg, og dessutan bøta etter lova for tak. Var det kanskje berre første lekk i påstanden sorenskrivaren var samd i?

I ei sak som blir ført på hausttinget i Herdla i 1697²⁴⁸ blir òg uttrykket "bøta for tak" nytta, og i den saka er ikkje Norske Lov 5-2-88 aktuell. Saka gjeld ein sau med lam som Rasmus Houland har teke. Anders Melland, som eig sauen, meiner Rasmus "Burde Bøde for tag, samt Leverer den Bort tagne Sou med lam, Ligeledes til Bage Som hand den tog". Det blir ikkje sagt noko om kva lovartikkel citanten har i tankar, men det er rimeleg å tenkja at det kan vera artikkel 3 i ranskapitlet. Den lyder slik: "Ganger mand i anden Mands Gaard, og tager der bort af hans Fæ, eller Klæder, eller Vaaben, eller nogen andre Koster, da bøde hand for Boeran." Rasmus Houland møtte ikkje fram, og saka vart utsett til neste tingsamling. Sidan tingboka for 1698 er bortkomen, får vi ikkje vita kva som skjedde vidare i saka.

²⁴⁷ Sterfboe eller stervbo er eit eldre ord for dødsbu. NHL, s. 322.

²⁴⁸ Tingbok nr. 26, folio 1697: 95b – 96

I tingbok nr. 26 finn vi ei sak der det går tydeleg fram av referatet at det blir sett likskapsteikn mellom "tag" og "ran" – eller meir presist uttrykt: det brotsverket som i lova av 1687 har nemninga "ran", blir i daglegtale framleis kalla "tag". Saka det gjeld vart fremja på hausttinget i Arna skipreide i 1696.²⁴⁹ To bønder på Aastvet blir stemna for at dei har teke og deretter hogge opp Jetmund Mogensen sin båt som hadde drive i land på stranda deira. Dei to Aastvet-mennene møter ikkje fram. Saka vart difor utsett til neste ting, men vart ikkje fremja igjen. Vi får difor ikkje vita korleis resultatet vart. Men det som er interessant i vår samanheng, er futen sin påstand. Han meinte Olle og Lars Aastvet "Burde Lide og undgjelde for, tag, og i saa fald gjorde Ran efter Lowens tilhold". Denne formuleringa tolkar eg slik at både futen og bygdefolket til vanleg omtalar det brotsverket Aastvet-bøndene har gjort seg skuldige i som "tak", men at futen gjer merksam på at dette etter språkbruken i lova er "ran", og at den lovartikkelen det er aktuelt å bruka, såleis er å finna i ranskapitlet.

I tingbok nr. 27 finn vi ei utsegn frå futen som likevel gjev grunn til ei viss undring. Det gjeld ein nokså innfløkt historie der fleire saker blir vikla inn i kvarandre, og der ei rekkje personar er innblanda. Sakene blir rulla opp i to ekstraordinære tingsamlingar, 9. og 14. februar 1701, i Store Sandvigen, Arna skipreide.²⁵⁰ Vi skal ikkje her gå inn på detaljane i sakene; berre nemna kva futen meiner at Ellen Toresdatter²⁵¹ bør kjennast skuldig i. Han påstår at ho "eij allenne Burde Lide for u-Bewijslig telleg men og Saa Bode i gjeld og tvegiel, Samt tag og Ran...". Skal dette oppfattast slik at "tak" og "ran" er to ulike brotsverk, eller er det tale om parallelluttrykk for same brotsverket?

Det er lite hjelp å få i tingboka. Sorenskrivaren reknar det som prova at Ellen "hafr tillagt Britte Larsdatter tiuf Sag, Ja End og foruden Lou eller dom fra taget, en grøn Kierseij Stach"²⁵². Vidare heiter det i dommen at Ellen "Bør ansees efter Lowens 6te Bogs 21 Capitel 6 Artichel". Ellen blir også dømd til å betala 3 riksdalar i sakskostnader, og til å levera tilbake stakken innan 24 timar. Lovparagrafen det blir vist til gjeld det som futen kallar "u-Bewijslig telleg", altså at Ellen har skulda Britte Larsdatter for å vera tjuv. Nokon lovartikkel som gjeld "tak" eller "ran" blir ikkje nemnd, og bortsett frå at ho må levera attende stakken, får ho heller ikkje nokon spesifikk dom for dette brotsverket. Eg vel å tolka påstanden frå futen slik at uttrykket "tag og Ran" er brukt som

²⁴⁹ Tingbok nr. 26, folio 1696: 49 – 49b

²⁵⁰ Tingbok nr. 27, folio 1701: 102 – 103 og 1701: 104 – 104b

²⁵¹ Denne saka er ei av dei mange som gjev ein peikepinn på kor problematisk, og ikkje minste tidkrevjande det kan vera å driva datasøk på visse ord eller namn i tingbøkene. På folio 1701: 104 – 104b er namnet på kvinna som møter på tinget skriva på desse fem måtane: Ellen Torisdatter, Ellin Tøresdatter, Ellen Toresdatter, Ellen Tøresdatter og Ellen Torsdatter. På folio 1701: 106b finn vi Ellin Toreddatter, og på folio 1701: 102b blir same kvinna kalla Ellj Tønnesdatter.

²⁵² Kierseij Stach = ein stakk i kirsey-stoff; eit groft, laust kypervevd ullstoff. Namnet har stoffet frå byen Kersey i Sussex, der det først vart produsert. NHL, s. 157

parallelluttrykk for eitt og same brotsverk. At skrivaren, i tillegg til skuldinga om tjuveri, berre nemner eitt brotsverk til, som han nyttar nemninga "foruden Lou eller dom frataget" om, støttar etter mi vurdering ei slik tolking. Dette kan tyda på at dei to orda kring hundreårsskiftet vart brukte noko om kvarandre, og at futen, for å vera sikker på å unngå mistyding, like godt har brukt begge orda.

I tingbok nr. 28 finn vi ei sak der det er nytta formuleringar som gjer bruken av nemninga "tak" endå meir innfløkt. Saka det gjeld vart ført på hausttinget i Hosanger skipreide 26. – 27. oktober 1702.²⁵³ Til denne tingsamlinga hadde Ole Tveiten stemna grannen Ole Mieldstad fordi han "hafver taget hans hest... og brugt den, alt imod hans minde och vidschab, Saa hesten endelig er blefven borte och død...". Ole Tveiten meiner grannen "for saadan uloulig tag burde bøde efter loven, och betale hannem sin omKostninger igjen".

I dommen heiter det mellom anna at "effter saadan beschaffenhed och Lovens anledning och tilhold udi 6 bogs 17 Capitel 41 Artichel Kiendes och dømmis udi denne Sag saaledis at Ole Mieldstad... for dette tag bøde efter forommelte Lovens articul til hans Konglig Majestets trende lod Sølf,...". Ole Mieldstad blir altså dømd for "tak", og lovgrunnlaget er ein artikkel i tjuverikapitlet i Christian Vs Norske Lov. Tyder dette at retten set likskapsteikn mellom tjuveri og "tak". Ei nærare gransking av saka, og av den aktuelle artikkelen i tjuverikapitlet vil kanskje kunna gje svar.

Artikkel 41 i tjuverikapitlet har denne ordlyden: "Rider mand anden Mands Hest uden Ejermandens Villie en halv Fierding Vejs eller længre, da bøde derfor tre Lod Sølv, og gjøre Hesten saa god, som den var, der hand tog den. Vegrer hand sig det at gjøre, og lader sig søge med Retten, da haver hand forbrut sine tre Mark." Når vi ser korleis bygdetinget handsama denne saka, kjem det tydeleg fram at artikkel 41 i sterk grad styrte prosessen. Ole Tveiten får spørsmål om han "mindelig før dette stefnemaal, har begiert af Ole Mieldstad, at gjøre hannem hesten god eller betale den, før hand Sogte det med Retten". Ole Tveiten vedgår at det har han ikkje gjort. Ole Mieldstad får så spørsmål "om hand vegred at gjøre hannem, Citanten hesten godt igjen dertil hand Svarede, at hand det iche vegred".

Vi ser såleis at retten prøver å klarleggja kva som har skjedd i saka, i høve til formuleringar som er nytta i artikkel 41, og til prosedyren som er føreskriven der. I lys av artikkel 41 kan vi ana ei viss rettesetjing av Ole Tveiten når han i retten får spørsmål om han har prøvt å koma fram til ei minneleg ordning med Ole Mieldstad. Sjølv om saka er komen til retten, finn bygdetinget, med lova i hand, ei løysing som alle partar kan sjå seg tente med. Saka er komen så langt at Ole Mieldstad "lader sig søge med Retten", men han "vegrer" seg ikkje mot å gjera opp med grannen. Difor meiner retten at han ikkje har "forbrut sine tre Mark". I samsvar med lova blir Mieldstad dømd til å bøta tre lod sølv, i tillegg til at han må erstatta hesten og betala sakskostnader.

²⁵³ Tingbok nr. 28, folio 1702: 25 – 26

Hadde Ole Mieldstad gjort seg skuldig i "tak" eller tjuveri – eller skjelnar ikkje bygdinget klart mellom dei to omgrepa? Ei rimeleg tolking er at tinget ikkje berre skjelnar mellom omgrepa, men at det i denne saka kjem særleg klart til syne kor stor vekt det blir lagt på skilnaden mellom tjuveri og "tak". I artikkel 41 er ikkje omgrepet "tak" nemnt, og "tak" er heller ikkje ein juridisk term i lova av 1687. Men artikkelen opnar for at den som har gjort seg skuldig i brotsverket uløyves å ri annan manns hest, han kan bli dømd på to fundamentalt ulike måtar; med eller utan tremarksbot, avhengig av korleis partane tér seg etter sjølve brotsverket. I saka på hausttinget i Hosanger i 1702 var det nære på at det enda med tremarksbot – og tjuvstempel for ein av bøndene i skipreida. Men tinget gjekk aktivt inn i saka, såg den opninga som lova gav og tok det initiativet som partane sjølv ikkje hadde teke. På den måten berga Ole Mieldstad seg frå den infamerande bota – og lokalsamfunnet unngjekk det problemet det ville vore at ein av deira eigne vart mindremann.

Var Ole Mieldstad ein hestetjuv? Truleg meiner bygdinget nei, sjølv om han vart dømd etter ein artikkel i tjuverikapitlet. Tjuv ville han blitt dersom han hadde tekk seg slik at tinget ikkje kunne la vera å døma han til tremarksbot. Tinget fann ei opning i lova som gjorde det mogeleg å unngå det. Det brotsverket Ole då vart dømd for, set ikkje lova namn på – men bygdinget kallar det "tak".

På vårtinget året etter fekk denne saka eit underleg etterspel.²⁵⁴ No er det Ole Mieldstad som stemnar Torchild Mosevold, ein annan granne, til tinget. Grunnen er at Torchild tok Ole Tveiten sin hest og brukte han etter at Ole Mieldstad hadde brukt han og slept han laus att. Ole Mieldstad meiner difor at Torchill Mosevold bør betala han "all dend schade hand er tildømbt, at betale", både bota på tre lodd sølv og erstatninga han måtte betala for hesten. Resultatet av denne saka er at Torchild Mosevold blir dømd til å betala halve bøtesummen og halve erstatningssummen til Ole Mieldstad, i tillegg til sakskostnader.

Kva kan grunnen vera til at Ole Mieldstad ikkje sa noko på hausttinget om at Torchild Mosevold hadde teke hesten og brukt han etter at han sjølv hadde slept han laus att, og at det difor knapt kunne vera Ole Mieldstad si skuld at hesten vart funnen att daud? Mest nærliggjande kan det vera å tenkja at han ikkje fekk vita noko om dette før etter hausttinget. Men er det truleg? I tingboka blir "hestetaket" tidfesta til "denne sommer efter Sanct: Johannis tid", og hausttinget vart halde først 26. – 27. oktober, om lag fire månader seinare. Det verkar ikkje særleg rimeleg at ikkje Ole Mieldstad lenge før hausttinget skulle kjenna til at Torchild Mosevold hadde brukt hesten, sjølv om ein ikkje heilt kan utelukka at han først seinare fekk vita om dette.

Truleg var Ole Mieldstad vel klar over at sjølv om ein annan mann tok hesten etter at han hadde slept han laus att, så kunne ikkje dette rokka ved det faktum at han sjølv hadde gjort seg skuldig i brot på artikkel 41 i tjuvbolken. Det som då var viktig, var å koma mest mogeleg skadelaus frå

²⁵⁴ Tingbok nr. 28, folio 1703: 46b – 47

den saka han sjølv hadde gjort seg skuldig i; så fekk ein eventuell "regress" koma i neste omgang. Utvegen han prøvde seg med, var å orsaka sitt eige brotsverk. Då Ole Mieldstad fekk spørsmål på tinget om han hadde bedt Ole Tveiten om lov til å låna hesten, svara han nei, "och meente det giordis ey fornøden mellem naboer". Men den orsakinga nådde han ikkje fram med. Ole Tveiten kunne fortelja at då hesten vart teken, hadde kona hans bedt om at hesten skulle få gå i fred, "mens de agtede hende iche och vilde iche høre hende, mens toge hesten fort vech".

Vi kan sjølvsgatt ikkje vita kva Ole Mieldstad visste og korleis han resonnererte, men "strategien" hans *kan* ha vore denne: Først vil han prøva å vri seg unna med at det ikkje kan vera så nøye mellom grannar om ein låner ein hest utan å spørja om lov.²⁵⁵ Fører ikkje det fram, veit han om den opninga som finst i artikkel 41, og vil skyta seg inn under denne. Då får han ein dom som han inntil vidare kan leva med, og så kan han seinare retta opp den økonomiske sida av saka ved å reisa ny sak mot Torchild Mosevold. Slik *kan* han ha tenkt, og i så fall er det ei ny understreking av kor sterkt medvit det er i lokalsamfunnet om skilnaden mellom tjuveri og "tak".

Sjølv om omgrepet "ran" kjem inn i norsk lovgjeving med eit eige kapittel i 1687²⁵⁶, ser det ut til at det går lang tid før ordet blir teke i bruk i den praktiske rettshandhevinga på bygdinget i Nordhordland. Først i 1702 dukkar ordet opp i tingboka, i ei sak som først vart stemna til hausttinget i Hosanger det året, og som vart slutført på sommartinget året etter.²⁵⁷ Det er futen som stemnar, og han meiner at Johannes Hatland må "lide tilbørlig domb etter Loven, formedelst den Øxe hand Erich Nonaas forleden vinter hafde frataget och alt siden hos sig beholdet uden

²⁵⁵ Orsakinga om at det ikkje kan vera så nøye mellom grannar, er truleg meir logisk og relevant i konteksten enn ho kan verka for notidslesaren. Truleg var der ein viss praksis for at det å låna grannen sin hest kunne ordnast nokså uformelt, utan spesiell avtale. Ei sak frå Hosanger skipreide i 1666 gjev til dømes ein peikepinn om at lokalsamfunnet ikkje vurderte det å lånta ein hest som særleg klanderverdig. Hoffuer Rachenens vart då stemna "formedelst Hand Wden Minde W-loulig Wis schall Haffue Thaget Laurs Dales Øg. Att Kiøre med". Det er viktig å merka seg at det er futen som stemnar Hoffuer, ikkje Laurs Dale. Dommen tyder på at skrivar og lagrettemend tykkjer det var liten grunn til å trekkja saka til tinget. "Eftterdj Sagen Er Aff Ringheed...", heiter det i tingboka. Hoffuer og Laurs blir "Thillfunden At Bøde Een Halff Mark Søloff Huer", og grunngjevinga er at "schylden Findis Hoes Dennem Begge". Referatet er svært kortfatta, og vi får ikkje noko forklaring på kva Laurs si skuld består i. Ei mogleg forklaring er at Laurs ved å klandra Hoffuer for hestelånet, har gjort urett mot han. Ei anna forklaring kan vera at uretten er gjort mot retten, ved at Laurs har sytt for at futen fekk vita om saka, og difor er medskuldig i at ei sak "Aff Ringheed" er blitt fremja på tinget.

Tingbok nr. 8, folio 10.

I konflikten mellom Ole Tveiten og Ole Mieldstad i Hosanger er det truleg det at hesten vart funnen daud på bøen som er grunnen til at saka hamnar på tinget. Det er ved å reisa sak at Ole Tveiten kan ha von om å få erstatning for hesten. Sjølv om lokalsamfunnet knapt rekna det å lånta ein hest som eit særleg alvorleg brotsverk, har Tveiten gode kort på handa i dette tilfellet. Han kan prova at kona hans protesterte då grannen henta hesten.

²⁵⁶ Ordet finst også i langt eldre rettshistorie, men då med ei noko anna tyding enn den ordet har i lova av 1687.

²⁵⁷ Tingbok nr. 28, folio 1702: 24b – 25, 1703: 46b og 1703: 84

Loug eller domb, hvormed fogden formeente Johannes Hatland Hafde begaaet handran, efterdi hand sig dend med magt har tiltaget,...". Etter futen si meining skjædde dette "uden nogen Loulig och schiellig aarsag", men det er Johannes Hatland usamd med han i. Johannes meinte nemleg at Erich Nonaas "hafde iche Ret til at hugge der, som hand hafde hugget med samme øxe, formeente och at hand hafde ret til at tage øxen til sig til beviis om hugsteren".

Johannes får spørsmål om han kan prova at Erich har gjort noko ulovleg som Johannes kan nytta som forsvar for det han har gjort. Men han kan ikkje leggja fram prov på at Erich har hogge ulovleg i skogen hans, og på sommartinget i 1702 vart Erich frikjend for dette klagemålet.²⁵⁸ Men det er ikkje alltid lett å føra prov som retten godtek, tykkjer Johannes Hatland. Han svarar difor at han "iche altid Kunde Hafve vidner med sig, naar hand har fornummet och befunden, saadan uforsvarlig huggen udi sin Schoug".

Futen meiner Johannes har "begaaet handran". Det høver godt med artikkel 2 i ranskapitlet (kap. 15) i lova av 1687: "Tager mand fra anden Hat, Kappe, Handske, eller noget andet, som hand haver i Hænde, eller paa sig, da bøde hand for Haandran". I lova er såleis også brukt ordet "tager" om dette brotsverket, og det tilsvarende substantivet finn vi i tingboka. På hausttinget i 1702 vart brotsverket omtalt som "dette tag", og på sommartinget i 1703 blir brotsverket kalla "øxetag". På sommartinget i 1703 blir Johannes Hatland sitt brotsverk også omtalt som "Selfraadighed och herrewerchs gierning", sjølv om det han har gjort knapt kan reknast som hvervk, om vi skal halda oss til kapittel 14 i 6. bok i lova.

Etter ranskapitlet skal den som gjer seg skuldig i ran betala "Igiæld og Tvigiæld" og "derforuden bøde sine tre Mark". Retten finn det prova at Johannes er skuldig, og gjer uttrykkeleg merksam på at "Loven handler Strengelig om saadan forgribelig forseelse". Likevel slepp han unna med å betala ein riksdalar "til Hospitalets fattige udi Bergen". Grunngevinga er at retten meiner Johannes Hatland "dette at hafve begaaet mere af enfoldighed, end noget forsetlig ondhed". Dette er bruk av skjønn på ein måte som vi sjeldan finn omtalt i tingbøkene, og som det knapt kan seiast å vera rom for etter lova. Tingboksreferatet gjev elles knapt inntrykk av at Johannes Hatland er spesielt "enfoldig". Det faktum at han er lagrettemann i Hosanger, tyder dessutan på at han elles blir rekna for å vera ein mann med jamt god forstand.

Det uttrykket som i tingbøkene oftast blir nytta om ulovleg tileigning av annan manns eigedom, er "tak". Slik er det også etter 1687, og så langt fram på 1700-talet som denne granskinga går. Kva meiningsinnhald har dette ordet, og korleis skal vi tolka bruken av det i rettshandhevinga på bygdetinget i Nordhordland?

For det første er det i dei fleste sakene om ulovleg tileigning av annan manns eigedom som kom opp på tinget, viktig å unngå å nytta orda "tjuv" eller "tjuveri". Tinget ønskjer i dei fleste høve

²⁵⁸ Tingboka for sommartinget i 1702 er blitt borte, men av referatet frå hausttinget i 1702 og sommartinget i 1703 går det fram at Johannes sommaren 1702 stemna Erich for ulovleg skogshogst, men at Erich vart frikjend.

å finna ein utveg for å unngå å setja tjuvstempel på den som er stemna. Vi kan konstatere at det vart sedvane å nytta ordet "tak", og at denne sedvanen heldt seg også etter 1687, utan at vi med full visse kan slå fast kva som er kimen til denne sedvanen. Ordet "tak" blir nytta om ulovleg tileigning av annan manns eigedom i dei høve då retten kan og/eller vil unngå å stempla eit brotsverk for tjuveri. Når tinget nyttar ordet "tak", refererer dette ikkje til ein fast artikkel i lova. Det primære er å "styra unna" tjuvstempelet. Det finst eit utval artiklar i ulike lovbøker som kan nyttast som alternativ til tjuverilovgjevinga. Tinget nyttar den artikkelen som høver best i kvart tilfelle, eller lar vera å syna til ein gitt artikkel.

Artiklane 2, 4 og 5 i ranskapitlet i lova av 1687 blir innleia med orda "Tager mand...". I lova er dette knapt å forstå som ein spesifikk juridisk term. Men sidan bruken av ordet "tak" var godt innarbeidd på tinget før 1687, kan det likevel tenkjast at tinget i denne lovartikkelen har funne eit slags forsvar for framleis å bruka ordet "tak", i staden for eller som alternativ til "ran", og at ordet, fordi tinget har bruk for det, får tyding og bruk som går langt ut over dei brotsverka som er omtalte i artiklane 2, 4 og 5 i ranskapitlet.

Etter at vi no har dokumentert at uttrykket "tak" var flittig brukt også etter 1687, og utan at bruken då var konsekvent bunden opp til ein fast lovartikkel, kan det vera på sin plass å kort kommentera den diskusjonen som er blitt ført om kva lovartikkel uttrykket viste til når det vart brukt før lova av 1687. I tingboksstoffet som ligg til grunn for dette arbeidet, finn vi ingen døme på at det er vist til konkrete lovartiklar i tak-sakene før 1687.

Det at sorenskrivaren nyttar formuleringa "bøde effter Lougenn for tag" indikerer at det er tale om ei eiga lov, hevdar Dobbe.²⁵⁹ Erichsen har peika på ein mogeleg samanheng med formuleringa "tager andens vlaant" i kapittel 37 i landsleigebolken²⁶⁰, medan Dobbe hevdar det er meir truleg at vi finn lovgrunnlaget for "tak" i kapittel 1 i kjøpebolken: «Om mand tager fra anden vden domb».

Sidan formuleringa "Bøde effter Lougen for Tag" vart nytta med vekslande lovtilvising etter 1687, er det naturleg å spørja om det ikkje var slik også under den førre lova. Dersom uttrykket "tak" før 1687 var bunde opp mot ein fast lovartikkel som ikkje vart ført vidare i den nye lova, er det vanskeleg å tenkja seg at uttrykket ville bli nytta etter 1687. Men dersom det alt under lova av 1604 hadde utvikla seg ein praksis der uttrykket vart bruk med vekslande lovtilvising, er det grunn til å tru at ein slik praksis, utan særlege vanskar, kunne forast vidare under den nye lova. Eg finn det difor truleg at når einkvan vart dømd for "tak" før 1687, så kunne lovgrunnlaget vera kapittel 37 i landsleigebolken, kapittel 1 i kjøpebolken – eller eventuelt ein annan lovartikkel som tinget fann at det var mogeleg å nytta, samstundes som dette tente eit gitt føremål.

²⁵⁹ Dobbe 1995, s. 77

²⁶⁰ Erichsen 1993, s. 109

6.2. Språklege krumspring og tvitydig tåkeprat

"Har taget" er den nemninga som oftast blir nytta, både før og etter 1687, når nokon blir stemna for ulovleg tileigning av annan manns eigedom, og den som stemnar ikkje finn det rett eller føremålstenleg å stempla gjerningsmannen som tjuv. Men i tingbøkene finn vi også døme på at andre formuleringar er nytta i slike stemningar. Stundom finn vi òg at den som stemnar syner stor meisterskap i "antydningens kunst" – eller i ordrike avleiingsmanøvrar. Poenget ser ut til å kunna spennast frå å røpa det usagde til å dekkja over det uttalte. Når Rønilds Qualuog vert stemna som vitne i saka der Michel Vifføen har skulda Britte Qualuog for å ha stole ein sau frå han, er målet hans knapt å yta sitt beste for å kasta lys over saka. Etter å ha fortalt at han "Kunde icke ligere see, end at det io war hans (Michels) Smalle", legg han til at "megit er andet Lig, och war Smallen W-merchet".²⁶¹

I staden for å bruka klare nemningar frå lova når dei stemnar brotsverk til tinget, syner citanten ofte stor kreativitet i det å finna formuleringar som er upresise eller tvetydige. Anne Maria Tommesdatter Finlas var ei av dei kreative. Eit kniplingstørklede verdsett til fem riksdalar er blitt borte for henne, og ho har ei klar formeining om kven den skuldige er. Til ei tingsamling i Store Sandvigen (Arna skpr.) i 1696²⁶² stemnar ho difor Marj Jørgensdatter. Men ho går ikkje til lova for å finna høveleg ord for det Marj har gjort; ho skuldar henne korkje for tjuveri eller ran. På den måten relaterer ho ikkje brotsverket klart til ein gitt lovartikkel, med tilhøyrande fastsett straffereaksjon. I tingboka les vi derimot at Anne Maria har stemna Marj for eit kniplingstørklede "Hun for hinde schal have forKommed". Kva straff skal tinget eventuelt idøma Marj for slikt?

Ektemannen, Mathis Johansen møter på tinget på vegner av Marj, og han seier at når Anne Maria "Wed Æd Wil forklare Hon Iche tørklædet Har Igien BeKommed Saa Wil hand Betalle". Kva "forKommed" tyder er det ikkje så lett å gje ei heilt presis forklaring på, men "returhandlinga" er tydelegvis "BeKommed". Anne Maria er sikker i saka og "aflagde Sin Æd med opragte fingere". Resultatet? Marj blir dømd til å betala Anne Maria fem riksdalar for tørklede, "samt al Billig anVendte BeKostning". Men bot får ho ikkje – og ingen plett på ære og rykte. På hausttinget i Mjelde skipreide i 1702²⁶³ nytta Niels Olsen Reistad same nemninga som Anne Maria Finlas. Niels stemnar då Iver Røscheland for ein hatt "som hand for hannem har forKommet".

I saka mellom Olle Aasen og Niels Brudvig som eg nemnde i innleiinga, er nytta ei liknande formulering. Til hausttinget i Mjelde i 1689.²⁶⁴ stemna Olle Aasen Niels Brudvig for ei skjorte "Som Olle War fra Kommen paa marchen da dend Lagde at Bleges, og Niels Hoes Sig Aar og

²⁶¹ Tingbok nr. 7, folio 24

²⁶² Tingbok nr. 26, folio 1696: 20 – 20b

²⁶³ Tingbok nr. 28, folio 1702: 29b

²⁶⁴ Tingbok nr. 23, folio 90b

dag schal hafve Beholden, før end dend Kom for dagen, og lmedLer tid Er Worden vdsleet". Tingboksreferatet syner at det ikkje er noko poeng for Olle at Niels får dom som fører til tap av ære. Kravet hans er berre at Niels betaler erstatning for skjorta, og dessutan sakskostnader. Med ei fantasifull forklaring prøver likevel Niels å vri seg unna, utan at han greier å overtyda retten. Niels seier at han aldri visste av at skjorta var i huset hans, men at "een gammel Kieling Kom og Bar dend lnd til hannem". Retten trudde ikkje at geita var den skuldige, og dommen vart difor i samsvar med kravet frå citanten.

I referatet frå ei sams tingsamling for Mjelde og Arna i 1697²⁶⁵ finn vi òg formuleringa "er fra Kommen". Då er det ingen ringare enn "Kongelig Majestets Foget Signeur Madtz Holm" som blir stemna, og mannen som dristar seg til å retta klagemål mot futen, heiter Tollof Aslachsen Fosse. Saka gjeld "En Bood Tollof er fra Kommen, udj Julj Maaned Sidst leden udj Bergen, og nu findes paa Salhuus grund fogden tilhørende". Noko av grunnen til at ei slik formulering er nytta her, er nok at Tollof ikkje veit korleis det har gått til at båten hans hamna i Salhus. Han skuldar då heller ikkje futen for at dette har skjedd ved ei aktiv handling frå hans side.

Av tingboka går det likevel klart fram at futen aktivt set seg imot å levera båten frå seg, endå to vitne avlegg eid på at "den ferrings Bood de paa Salhuus grund nu Har Seet og funden" er Tollof sin. Futen "Beraaber Sig paa Contrawidne, og Begierer Dilation²⁶⁶ til Neste ting". Tingboka fortel likevel ikkje at saka kom opp fleire gonger, og vi veit difor ikkje korleis ho enda.

Sauehald var ein viktig del av livsgrunnlaget i Nordhordlands-bygdene, og tingbøkene vitnar om at folk ofte ikkje greidde å la grannen ha sauene sine i fred. Og når einkvan har teke seg til rette i annan manns saueflokk, gjev det høve til å bruka særlege "vikar-ord", til erstatning for ord som tjuveri eller ran. Til vårtinget i Lindås skipreide i 1679 stemna såleis Christian Qualuog grannekona Brithe fordi ho "hafuer tilhollet sig og merchet En Smalle som hand formener sig at tilkomme".²⁶⁷ Retten seier ikkje noko uttrykkeleg om lovgrunnlaget for dommen, men resultatet er at Brithe må levera sauene tilbake til Christian, i tillegg til at ho (eller mannen hennar, om vi skal halda oss strengt til ordlyden i tingboka) får ei bot på to mark sølv. Bota svir nok, men ikkje som den infamerande firemarksbota.

Som oftast er det bygdefolk som nyttar "vikar-ord" i retten, men i ei stemning til sommartinget i Lindås i 1705 går også futen utanom vanleg rettsspråk og nyttar ei liknande formulering som den

²⁶⁵ Tingbok nr. 26, folio 1697: 63b – 64b

²⁶⁶ NHL, s. 72: Dilasjon, vanlig uttrykk i eldre rettsspråk for utsettelse, henstand, frist.

²⁶⁷ Tingbok nr. 18, folio 10b. Brithe Qualuog er truleg same kvinna som Michel Vlfføen 14 år tidlegare stemna til tings for at ho sommaren 1665 stal ein sau frå han. Om det stemmer, er ho i mellomtida blitt enkje, og har gifta seg på ny. Den Britte Qualuog vi høyrer om i tingboka frå 1665 er gift med Joen, medan tingboka frå 1679 fortel at mannen til Brithe Qualuog no heiter Mogens. Truleg er det slik at vanen med å ta annan manns sauer har "overlevd", sjølv om første mannen hennar er død.

Christian Qualuog brukte i same skipreide 26 år tidlegare.²⁶⁸ Også denne gongen gjeld grannetvisten ein sau. Sauen tilhøyrrer Joen Koper, medan den stemna er Peder Huse frå Fedje. Futen meiner at Peder bør idømast "domb och straf... som vedbørlig, effterdi hand saaledis har tilegnet och tilmerchet sig andens gods". Vi kan likevel ana at futen ikkje er heilt viss på kva som har skjedd. I stemninga seier han ikkje at Peder "har merka" sauene, men at "hand Schal hafve merchet een Smale". Saka syner seg å vera meir komplisert enn det først ser ut til, og tek også svært lang tid. Etter å ha vore framme på fire tingsamlingar,²⁶⁹ endar saka med frikjenning på sommartinget i 1707.

Få aktørar på tinget kan konkurrera med Christian Sæle i antydande og tilsørande tåketale. Vi møter han på sommartinget i Radøy skipreide i 1706.²⁷⁰ Til denne tingsamlinga har han stemna Mattias Hougstad og kona hans. Sorenskrivaren sitt referat av Christian Sæle si stemning inneheld så mange poeng at det fortener å bli sitert utan avkorting. Christian stemnar ekteparet Hougstad "for hand der udi deris huus schulle have mist 3 march i penge som hand tenchte dem til at hafve faaet och beholt, effterdi hand der mistede dem 3 uger nest for Julen nestleden och pengene Var udi een Klud och laag i hans Wott, Som hand lagde udi Benchen ellers sagde hand iche at gjøre nogen Videre beschuldning eller præntention mod Mattias Hougstad eller hans qvinde mens allene tilkiendegifvet for Retten at hand saaledis har mist sine penge, och Sette sagen for resten til øfrigheden".

Truleg er det skrivaren eller futen som ønskjer å skjera gjennom tåketalen. I alle fall les vi i tingboka at citanten får spørsmål om han "nu Sigtede eller beschylte Mattias Hougstad eller hans qvinde for denne sag Som tyve eller dølgere for disse 3 march". Spørsmålet er ikkje til å mistolka, og svaret er like klart; Christian svarar nei. Vidare i rettssaka blir det openberra at Christian Sæle er "løgnaktig", og at det er eit år sidan han sist var innom dørstokken på Hougstad, men det er ei side ved saka som høyrer til ein annan stad i oppgåva (kap. 6.6.).

Det kan vera ulike grunnar til at citanten nyttar tilsørande eller tvitydige formuleringar som dei vi her har sett ein del døme på. I dei fleste tilfelle må truleg bruken av slike nemningar tolkast på linje med det å omtala ulovleg tileigning av annan manns eigedom som "tak"; det er å forstå som klagemål om ulovleg tileigning, men citanten ønskjer ikkje å klassifisera handlinga som tjuveri.

Uvisse om sanningsgehalten i skuldninga og/eller frykt for at det å reisa sak kan få negative konsekvensar for citanten, kan òg vera ein grunn til å nytta formuleringar som ikkje på førehand har eit rettsleg definert meiningsinnhald, med tilhøyrande fastsett straffereaksjon. Den store mengda av saker som blir reiste mot menneske som har "schielt hannem for en Tiuff" eller "lagde hende Tiufferj til" gjev hyppige påminningar om kor alvorleg det er å retta falske skuldningar mot

²⁶⁸ Tingbok nr. 29, folio 1705: 99 – 99b

²⁶⁹ Tingbok nr. 29, folio 1705: 99 – 99b og tingbok nr. 30, folio 1706: 112b, folio 1706: 149 – 149b og folio 1707: 189 – 189b

²⁷⁰ Tingbok nr. 30, folio 1706: 104 – 104b

nokon, eller eventuelt korrekte skuldingar som ein ikkje er i stand til å prova. Bruk av hypotetiske språkformer som "schal Haffue hannem frataget"²⁷¹ i staden for det meir kontante "Hafver taget"²⁷² kan òg tyda på at citanten ønskjer å sikra open retrettveg. Den hypotetiske forma kan elles ved nokre høve tolkast som skulding med knekt brodd.

Christian Sæle, som eg ovafor utnemnde til meister i antydande og tilslørande tåketale, er ingen typisk representant for bygdefolket i Nordhordland. Likevel har truleg fleire hatt liknande grunngeving som han for å nytta rettsleg upresise formuleringar: "iche at gjøre nogen Videre beskyldning eller prætentation... mens allene tilkiendegifvet for retten... och Sette sagen for resten til øfrigheden". Poenget er at saka blir løfta fram i det offentlege rommet. Det gjer ein dels av plikt, dels i von om å få attende det ein er blitt fråstolen, eller eventuelt erstatning for dette.

6.3. Fut og anna folk

Tinget er ein arena der haldningar i lokalsamfunnet blir eksponerte. Samstundes er tinget ein møteplass mellom lokalsamfunnet og styresmaktene. Når ein skal prøva å kartleggja haldningar i lokalsamfunnet, er det difor av særleg interesse å studera saker og situasjonar der det er dissens og/eller konfrontasjon mellom representantar for lokalsamfunnet på den eine sida og representantar for styresmaktene på den andre. For det første kjem haldningane i lokalsamfunnet ekstra tydeleg fram når dei blir presenterte i relieff mot divergerande synspunkt. For det andre er det grunn til å tru at når lokalsamfunnet vel å markera usemje med styresmaktene, er det av di den aktuelle saka rører ved spørsmål av prinsipiell karakter.

På tinget er det i første rekkje futen som representerer styresmaktene, medan lagrettemennene er lokalsamfunnet sine talsmenn, i tillegg til dei frå allmugen som er til stades. Lensmannen står i ei mellomstilling, dels som styresmaktene sin representant og futen sin forlenga arm i bygda, dels som medlem av lokalsamfunnet. Lensmannen si binding til og identifikasjon med styresmaktene er aukande på 1600- og 1700-talet. Sorenskrivaren står òg i ei mellomstilling; også han med aukande binding til styresmaktene, men likevel i forståing og "samråd" med lagretten. Når ein leitar etter viktige karakteristikum ved lokalsamfunnet, er det difor grunn til å vera særleg merksam på situasjonar der det er dissens mellom fut og lagrettemenn. Vi skal difor sjå nærare på ein del slike saker som er omtalte i tingbøkene for Nordhordland.

Det er særleg når futen legg ned påstand om straff, eller når han "Satte i Rette og formeente", som det gjerne heiter i tingboka, at haldninga hans blir tydeleg. Det er difor særleg aktuelt å samanlikna futen sin straffepåstand med den endelege dommen, og ikkje minst med konkrete

²⁷¹ Tingbok nr. 22, folio 1685: 15b

²⁷² Tingbok nr. 22, folio 1986: 48b

utsegner frå lagrett og allmuge før dommen fell. Det er ikkje så ofte tingbøkene refererer utsegner frå lagretten. Men når dette organet uttalar seg, og skrivaren refererer, har utsegna oftast karakter av forsvar for den stemna.

I ei sak som vart ført på hausttinget i Mjelde skipreide i 1686, er det heilt tydeleg at lagretten og allmugen sitt engasjement fekk avgjerande innverknad på dommen.²⁷³ Stiftsskrivar Harmand Gaarmand stemnar då Gudmund HougsBerg for at han "Hafuer Mielched Hans Kiør". To av grannane på Neerstemielde fortel òg at mjølk er blitt borte for dei. Dei meiner det har skjedd "I femb og Een half vges tid", og at det kan vera tale om "hen ved 20 Kander Melch" i veka. Gudmund vedgår at han uløyves har mjølka kyrne, men hevdar at det har skjedd berre ein gong. Han ber elles "om straffens formildelse for hans Store fattigdom og v-møndige Børns schyld". I referatet av ei anna sak som stiftsskrivaren reiste mot Gudmund på same tingsamlinga, får vi vita at han har sju umyndige born.²⁷⁴

Monsieur Jens Jentzen som møter på tinget "paa Hans principals vegne", krev at Gudmund "straffes til Bremerholm effterdj det er dend anden gang hand for tyfverj schal vere ført til tinge, og dend første gang for forbøns schyld vj forige Sorenschrifvers tid da blev effterlat". Jentzen stemplar altså brotsverket som tjuveri, og påstår dessutan at det er tale om andre gongs tjuveri. Han meiner difor den skuldige bør sendast på tvangsarbeid; kor lenge tek han ikkje stilling til. Vi må her understreka at stiftsskrivar Gaarmand og Jens Jentzen ikkje kan reknast som representantar for lokalmiljøet i Mjelde skipreide, sjølv om stiftsskrivaren har kyr på beite i bygda. Stiftsskrivaren er embetsmann på relativt høgt nivå,²⁷⁵ og er såleis representant for styresmaktene, minst like klart som futen.

På vegner av futen møter fullmektigen hans, Harman Diderich Beste. Han legg ned påstand om at Gudmund "Burde Lide effter Lanslev Balchens 35 Capitel". Det aktuelle avsnittet i kapittel 35 i landsleigebolken har denne ordlyden: "Malcker mand andens køer, miste sin hud, vden hand gjør det for hungers skyld: da gielde skaden som verd er."

Sjølv om det blir teke eit atterhald i lova, må dette tolkast slik at futen sin representant krev at Gudmund skal "miste sin hud". Men Gudmund sjølv er rask med å skyta seg inn under unnataket. Han seier at "denne forseelse af stor fattigdom, og Hongersnød det hafde gjort". "Stor fattigdom" har Gudmund skulda på også tidlegare under rettssaka, men det er først etter at artikkelen i landsleigebolken er opplesen på tinget, at han nemner "Hongersnød".

Gudmund får no god støtte frå lokalmiljøet: "Gandsch Laugreted og Meenige almue Vidnede Sanden at verre, Stoor fattigdomb og Inted Hafde at Betalle med." I dommen seier sorenskrivaren klart at det blir teke omsyn til vitnemålet frå representantane for lokalsamfunnet. Dessutan blir Jens Jentzen sin påstand om at det er tale om andre gongs tjuveri, direkte avvist eller oversett.

²⁷³ Tingbok nr. 22, folio 1686: 65 – 65b

²⁷⁴ Tingbok nr. 22, folio 1686: 64b – 65

²⁷⁵ NHL, s. 328f

"... og det nu er dend første gang hand der for til tinge er worden ført Saa og ofr Bevijsst, og forBøns schyld af Laugretted og almuen...", skriv sorenskrivaren.

Gudmund går likevel ikkje fri. Det venta han heller ikkje; han bad berre om "straffens formildelse". Dommen er hard nok, i alle fall for ein mann som "Inted Hafde at Betalle med". Gudmund må "Bøde til Hans Konglig Majestets otte ørtunger og tretten march, og Erstatte schaden Saa meget Som melchen Kand vere af verdj". Men han slepp unna både Bremerholm og hudstryking. I dommen blir det heller ikkje sagt noko om subsidiær straff, i fall han ikkje kan betala bot og erstatning. Kanskje blir resultatet likevel at han i røynda går heilt fri?

I ei sak som vart ført på tinget i Gulen skipreide i 1686 – 1687 kom det særleg mange innspel frå representantar for både styresmakt og lokalsamfunn.²⁷⁶ Saka vart først reist på vårtinget i 1686. Baltzer Hannestveedt stemna då Mogens Vndal for at han "Hafver taget Een Kobber Kieddel". Mogens "veedgich at hand Kiedelen Hafde taget". Så langt i saksgangen blir brotsverket omtalt som "tak". Men straks representanten for styresmaktene tek ordet, blir ei anna, og meir alvorleg nemning teken i bruk. Det er futen sin fullmektig, Harman Diderich Beste som møter også i denne saka. Han legg ned påstand om at Mogens "Burde for dend tagne Kieddel at Blifve tiuf og straffes eftter tiuffue Balchen". Saka blir "I Betenchende" utsett til neste tingsamling, men kjem ikkje opp att før på hausttinget året etter.

Denne gongen er det ikkje Baltzer Hannestveedt som stemnar, men futen, og frå starten av handsaminga blir det no sagt at Mogens "haffue stollen Een Kober Kiedel". Mogens vedgår også at han "stal" kjelen, men understrekar at han "aldrig tilforn førend denne gang hafde stollen". Lokalsamfunnet markerer si støtte til Mogens ved at "Almuen... Sagde tilforn aldrig Saadant at hafue fornommen, af ditto Mogens Vndal at verre schied eller giort".

På denne tingsamlinga møter to fullmektigar "udj fogdens sted"; både Harman Beste og Lauridtz Møndrich. Møndrich legg ned påstand om at Mogens "Burde straffes paa Sin Hals". Allmugen og lagretten kjem med eit nytt innspel, noko irrelevant i høve til Møndrich sin straffepåstand, men utan tvil meint som forsvarsinnlegg for Mogens. "Da som almuen og Laugretted Siger hand Inted hafver I det aller ringeste nogen Boed at fuldKomme", heiter det i tingboka. Resultatet blir at Mogens blir dømd til å "straffes til Kagen, og om nogen Midler hoes hannem Eller I hans Boe findes til hans Majestets at verre forbrudt". Det blir elles teke atterhald om "Høye øfrigheds aprobatation" (approbasjon = godkjenning).

Eit moment som kan ha hatt ein viss innverknad på bygdefolket sitt engasjement i denne saka, er at Mogens er "førrige schaffer" i Gulen skipreide. Skaffaren hadde ansvaret for å "skaffa skyss" til embetsmenn som hadde krav på det. Det kunne innebera at han sjølv var skysskar, men først og fremst at det var han som hadde ansvaret for å "kommandera ut" skyssfolk ved behov, etter ei nærare fastsett ordning. Til skaffarombodet høyrde det elles at det ofte var han

²⁷⁶ Tingbok nr. 22, folio 1686: 48b og folio 1687: 88 – 88b

som, på vegner av lensmannen, leverte stemninga personleg til dei som vart tilsagde å møta på tinget. Under tingsamlinga skulle det stadfestast at stemninga var utført i samsvar med lova. Det innebar at skaffaren opptre så ofte på tinget at det kunne gje meining å rekna han som ein av tinget sine faste aktørar. Slik kan det òg sjå ut til at sorenskrivar Christian Nicolaj Abo oppfatta det. I 1685 vart vårtinget i Lindås skipreide avlyst av di ingen lagrettemenn møtte fram. Men fut, sorenskrivar, lensmann og "Begge scydtzschafferne, Mons Lechwold, og Niels Solem" var på plass.²⁷⁷ Skaffarane blir her nemnde mellom aktørane som har ein offisielt tildelt funksjon på tinget.

I 1704 vart det ført ei sak på tinget i Herdla skipreide, der det òg er stort sprik mellom futen sin straffepåstand og den endelege dommen.²⁷⁸ Engasjementet frå lokalsamfunnet kjem ikkje så tydeleg til uttrykk i denne saka, men vi anar likevel at det finst. To saker blir filtra fullstendig inn i kvarandre, gjennom to tingsamlingar. I hovudsak skal vi her halda oss til den eine. Litt om den andre må likevel nemnast, om vi skal skjønna samanhangen. Gunnille Arnesdatter og Anders Abrahamsen er stemna fordi dei har gjort seg skuldige i "Leyermaal", og Niels Rysland fordi han har vore litt for ivrig, eller kanskje for tenesteviljug, til å handheva det nokon i den samanheng meiner er rett.

Niels har gått til garden der Gunnille er i teneste, og "taget fra Gunnille penge 2 Rixdaler 2 march 14 Schilling Som Schulle vere for hendis boed formedelst Leyermaals forseelsen, hvilchet Niels Rysland hafver gjort uden domb och all øfrigheds ordre eller befaling, altschiønt hverchen Gunnil eller Anders Abrahamsen om denne sag iche har veret stefnt eller feldet domb paa". Heilt på eige initiativ har ikkje Niels gjort dette. Han skuldar på at han har gjort det "effter velbyrdige frue Cicilia Kaasis ordre", og at han hadde med "een Seddel" frå henne å visa for seg. Pengane har han levert vidare til fru Kaasi, og Gunnille har fått "qvittantzen der for".

I første omgang får vi inntrykk av at retten ser svært alvorleg på det Niels har gjort. Saka blir ikkje avslutta før på sommartinget året etter, men alt første gong saka er oppe, blir "Afschiediget" at Niels har handla "alt uden foregaaende loulig adfær, lov eller domb eller nogen Ret øfrigheds ordre, Som er een meget utilbørlig uforsvarlig och Laugstridig handel, hvortil velbyrdige fru Sidzele Kaasis Seddel eller begier iche Kand anseeis Niels Rysland til nogen befrielse".

Saka kjem opp att på hausttinget i 1704. Denne gongen møter ikkje Niels Rysland fram, men futen meiner han bør bøta "enten for boeran eller for hverch effter Loven". Herverk er omtalt i kapittel 14 i sjette bok i Norske Lov. Lova sin definisjon av herverk finn vi i artikkel 2: "Ganger mand med Raads Raad i anden Mands Gaard, eller Huus, og bryder Huus, og tager der ud enten Fæ, eller Klæder, eller Vaaben, eller andre Koster, som Bonden ejer, fra Bonden selv, eller hans

²⁷⁷ Tingbok nr. 22, folio 1685: 3

²⁷⁸ Tingbok nr. 29, folio 1704: 3b – 4b, 1704: 29b – 30 og 705: 10

Tyende, som hand holder, da er det Herverk." Straffa er ei bot på "trende fyrretyve Lod Sølv", i tillegg til at brotsmannen må betala skaden (art. 1).

Lova sin definisjon av buran (NL-6-15-2) liknar på hververksdefinisjonen, men innbrotselementet finst ikkje her. Det er heller ingen ting som tyder på at Niels Rysland braut seg inn då han tok pengane frå Gunnille. Tvert om heiter det at han hadde med ein seddel frå fru Kaasi "at frembviise". Det er vanskeleg å sjå at det kan vera grunnlag for hververksdom, men å få ransdom er knapt meir ønskeleg for den skuldige. Straffa for ran er å betala "Igiæld og Tvigield", i tillegg til tremarksbot. Straffepåstanden frå futen er difor som val mellom pest og kolera.

Saka blir utsett for andre gong, og blir avslutta først på sommartinget i 1705. Tingboksreferatet gjev inntrykk av at det då ikkje var vidare forhandlingar i saka. Det blir berre kort fortalt: "Udi dend sag mellem fogden och Niels Rysland er denne Slutning och afschied gjort", før sjølve dommen og grunngjevinga for denne følgjer. Og dommen? "Saa blifver Niels Rysland denne gang for widere Straf fri,...". Han får berre ei åtvaring mot "at gjøre och øve saadant ofttere".

To moment blir nemnde i retten si grunngjeving for å frikjenna Niels. Det første er at Niels handla på ordre frå fru Kaasi. Her er det blitt gjennomslag for ei heilt ny vurdering sidan saka første gong var oppe. Då heitte det at dette ikkje kunne "anseeis Niels Rysland til nogen befrielse". Det andre momentet er at Gunnille har fått pengane sine att frå Niels. Det skjedde åtte dagar før tingsamlinga hausten 1704, og Gunnille fortalde det sjølv mint til retten. I den samanhengen kan det vera grunn til å oppfatta henne meir som "ei røyst frå lokalsamfunnet" enn som part i saka. I denne saka blir det elles ikkje uttrykkeleg sagt noko om initiativ frå lagretten eller allmugen. Sidan vi ved tredje gongs handsaming ikkje høyrer om nye rettsforhandlingar, men berre får eit kort domsreferat, kan det likevel vera grunn til å tru at det er blitt teke eit lokalt initiativ mellom andre og tredje gongs handsaming, og at dette har hatt avgjerande innverknad på dommen.

Niels Rysland sin posisjon i lokalsamfunnet talar også for at det må ha vore kontakt mellom sorenskrivaren og representantar for lokalsamfunnet, før sommartinget 1705 vart sett. Niels møtte minst ein gong som lagrettemann. Dessutan får vi vita at han ikkje var aleine då han var stad og tok pengane frå Gunnille. Han hadde følgje med Ole Ryland, også han lagrettemann i Herdla.

I ei sak som først kom opp på sommartinget i Herdla i 1704, og som vart avslutta på hausttinget same året²⁷⁹ blir det avsagt ein dom som nærast har karakter av korreks til futen for at saka i det heile er reist. Futen stemna då Gundman i Henne "for een baad hand Schal hafve ulovlig taget sig til udi Bergen, och siden motte levere den tilbake igien til eyermanden...". Futen legg ned påstand om at Gundman enten må prova at han på ærleg vis fekk hand om båten, eller "bøde der for efter loven". Gundman møter ikkje på tinget, og saka blir utsett. Han møter heller

²⁷⁹ Tingbok nr. 29, folio 1704: 5 – 5b og 1704: 30b

ikkje fram på hausttinget, men "det gandsche Laugret" fortel då at Gundman er "een arm gammel dreng, och eyer iche Klæderne paa Kroppen".

Futen og lensmannen "blef tilspurt" om dei har prov for at Gundman "hafde Staalet" båten. Svaret er at dei ikkje har vitne til hendinga, men at dei har høyrte at han har teke båten, og at eigaren har teke han attende. Men dei veit ikkje namnet på båteigaren, og kjenner heller ikkje mannen. Etter dette bli kort "afsagd" at "Denne sag anseeis af ingen værdig saasom slet ingen beviis føris mod Gundmand i Henne, om denne Sigtelse; hvorfor hand och for denne tiltale frikiendis".

På hausttinget i Radøy i 1696 kom det òg opp ei sak der den stemna er ein gammal og fattig mann i bygda.²⁸⁰ Mannen heiter Olle Lunde. Futen stemnar han for at han "schal hafve stollen et par Boxer fra Sin grande, Olle Ellingsen, og Siden Olle denne Igien Baaren". Olle Lunde "Bad om naade, og lche om Retten", men futen legg ned påstand om at han "Burde Lide effter Lowen, Som for Ringe Riufverj" (tjuveri). Dette meiner folk i bygda er både urimeleg og unødvendig. "Laurettet og Almuen, Bad for hannem, og BeKlagede Hans stoore fattigdom", skriv sorenskrivaren, og legg til: "Huor fore Fogden, effter Som det War af ringe Wardj det denne Sinde efftergaf". Futen syner såleis "storsinn" mot den gamle mannen, men først etter at han har fått klar melding frå lagrett og allmuge om at han ikkje har støtte i lokalsamfunnet for si harde linje.

Fattigdommen kan vera stor og statusen ring. Like fullt slår bygdefolket ring om sine egne når futen syner altfor stor iver i tenesta, og ein slett ikkje kan seia at allmennpreventive omsyn krev rettsforfølging.

Vi finn altså ei rekkje saker der lokalsamfunnet markerer distanse til futen sitt syn på når folk skal stemnast til tinget, kva dei skal stemnast for og kva som kan vera høveleg straff. I alle desse saken talar representantar for lokalsamfunnet den stemna si sak. Lokalsamfunnet vil nytta mindre alvorlege brotsverksnemningar enn futen og framhevar formildande omstende, og vinn ofte fram med argumentasjonen sin.

Eit fellestrekk ved alle desse sakene, er at brotsmannen høyrer heime i lokalsamfunnet. Dette er eit moment som er svært viktig for dei som sjølve høyrer til i bygda, men som representantane for styresmaktene ikkje alltid legg like stor vekt på. Eit rettsleg inngrep mot ein medlem av lokalsamfunnet, er på ei vis også eit inngrep mot dette samfunnet og mot fellesskapen der. Difor er det naturleg at ein vurderer kor alvorleg såret er, før ein går med på at det blir skore i eins eigen kropp.

²⁸⁰ Tingbok nr. 26, folio 1696: 35 – 35b

6.4. "... hannem iche heller derfor fuldkommen Sag er tillagt,..."

Til vårtinget i Sartor skipreide i 1673 blir Ole Suendsen SangoltzEid stemna av Lars og Erich Schouge. Saka gjeld "6 Woger Torsch och 3 (Woger) Sey".²⁸¹ I stemninga blir det ikkje sagt med reine ord at Lars og Erich skuldar Ole for å ha stole fisken. Men balansegangen er hårfin. Ole blir stemna for fisken, "som bleff stolen wed deris Leyemaal Ved Schouge, och fantis igien wed hans gaard paa Land met Loug och steen bedechet, som er en fierding Wey emellom til Land". Nærare ei konkret tjuvskuldning er det knapt mogeleg å koma, utan at tjuvstempelet blir sett.

Ole SangoltzEid seier at han ikkje har stole fisken, og ikkje veit korleis fisken er komen til staden der han vart funnen. Fire vitne stadfestar at dei var med og fann den stolne fisken "en steenkast fra forskrefne Ole Sangoltz Nøst med Loug och steen offuerdechet". Men ingen kan prova at Ole er den skuldige, "huorefore dermed lmidlertid beroer".

29. juli same året er det ny tingsamling i Sartor, men saka om den stolne fisken kjem ikkje opp der. Først på hausttinget, 17. november 1673, blir saka "igien foretaget".²⁸² I tingboka finn vi ein kort notis som syner at det ikkje vert teke opp vidare vitneforklaring på denne tingsamlinga. Saka blir avslutta med desse orda: "Afsagt efterdj ingen proff føris at Ole har staalet fischen, och hannem iche heller derfor fuldkommen Sag er tillagt, da Kand hand iche dømmis schyldig, Men Lougløs hiemb findis".

Korleis skal ein tolka denne saka? Det er ikkje så heilt lett, sidan vi ikkje har anna å støtta oss til enn dei svært kortfatta referata frå tingsamlingane der saka vart handsama. Saka må klart reknast som tjuverisak, sidan det fleire gonger i tingboksreferatet blir sagt at fisken er blitt stolen. Det kjem òg klart fram at Lars og Erich meiner å vita kven den skuldige er. Fisken er funnen like ved Ole sitt naust, og Ole blir stemna i saka. Formuleringa i dommen tyder på at også retten eigentleg trur at Ole har stole fisken, men han kan ikkje dømmast skuldig, sidan "ingen proff føris".

Kvifor blir ikkje Ole med reine ord stemna for tjuveri? Svaret på det spørsmålet finn vi truleg ved å gå omvegen om to andre spørsmål: Kva ønskjer Lars og Erich å oppnå, og kva kan dei venta å oppnå ved å stemna Ole for tjuveri – eller ved å stemna slik som dei gjer. Lars og Erich veit at dei truleg ikkje kan prova at Ole er den skuldige. Det var ingen vitne til tjuveriet, og dei har ingen grunn til å tru at Ole vil seia seg skuldig. Stemnar dei han for tjuveri, kan dei difor risikera at dei sjølve blir ramma, medan Ole går fri.²⁸³ Poenget for Lars og Erich er truleg å setja ein støkk i Ole, og på den måten hindra at han prøver seg med nye tjuveri. Dette er viktig også for

²⁸¹ Tingbok nr. 13, folio 14b

²⁸² Tingbok nr. 13, folio 34b

²⁸³ I kap. 21 i Mandhelgebolken i lova av 1604 heiter det: "Huem som sicter anden for wærlig sag, oc kand icke skelligen hannem det offuer beuisse: da bøde fire mark sølff til konningen, oc til dend hand sictit, effter sex mends dom".

lokalsamfunnet. Å få sett tjuvstempel på Ole, med dei følger det kan få, både for Ole sjølv og for "balansen" i lokalsamfunnet, er truleg ikkje noko mål, korkje for Lars og Erik eller for lokalsamfunnet elles.

Ved å stemna slik som dei gjer, oppnår Lars og Erik det dei ønskjer. Lyskastaren blir retta mot Ole. Han veit at han er under mistanke, og at folk i lokalsamfunnet vil vera på vakt mot han. Det er difor grunn til å tru at han vil tenkja seg godt om før han stel igjen. Men formelt er han frikjent. Han har ikkje fått tjuvstempel, og er ikkje å rekna som ærelaus.

Når folk i lokalsamfunnet skulle stemna ein person for ulovleg tileigning av annan manns eigedom, var situasjonen ofte den at dei måtte vurdere om dei kunne oppnå det dei ønskte ved å stemna brotsmannen for tjuveri, eller om det kanskje ville vera meir føremålstenleg å stemna for "tak". I Lars og Erik sin situasjon er dette ei uaktuell, eller i det minste unødvendig problemstilling. Ved å velja den strategien og den formuleringa som dei gjer, er stemninga "ufarleg", sjølv om brotsverket vert kalla tjuveri. Vi finn fleire saker i tingbøkene som har liknande trekk som saka Lars og Erich Schouge reiste mot Ole SangoltzEid, og der citanten sin strategi truleg kan ha vore om lag den same som den Lars og Erich nytta.

I Gulen skipreide blir det reist ei sak på vårtinget i 1681,²⁸⁴ der det blir retta klar tjuveri-mistanke mot Jon og Gregorius Vnneland, men utan at dei direkte blir stemna for eit slikt brotsverk. Det er lensmannen som stemnar dei, "formedelst der schal gaa tale i bygden at de schulle hafue Stolet En Gied fra Enchen Ragnille Stornes". Asgrim Vnneland møter på tinget på vegner av enkja. Han fortel at ei geit er stolen frå Ragnille, "Men huem der hafuer giort Ved hun iche". Jon og Gregorius seier seg uskuldige i saka. Lensmannen fortel at Jon har oppsøkt han, og bedt om at han ikkje måtte stemna dei to; "de Ville forliges med hannem om Sagen". Futen sin tenar fortel at Jon også har vore hjå han i same ærend. Saka blir utsett til neste tingsamling, "om nogen Prouf da i sagen Kand føris".

På haustinget same året kjem saka opp igjen.²⁸⁵ Denne gongen er det futen som stemnar dei to "efter forige tiltale". Jon og Gregorius påstår igjen at dei er "Vschuldig i den bygdeSnach og hafuer ingen Gied Staalit". Ingen vitne møter, og difor "bør de frj at Vere, for denne eftertale", skriv sorenskrivaren.

I ei sak som blir reist på sommartinget i Lindås i 1706,²⁸⁶ gjeld tvistemålet også ei geit; "Hvilken gied der er bortkommen och fantis hos Mattias Syslach". Det er kyrkjeverje Knud Røsnæs som reiser saka. Han meiner Mattias bør erstatta geita, "efttersom hand dend har dult, och iche strax enten bekient, eller ladet af andre mend besigte, effterdi hand foregiver at dend uden hans Widschab er funden død i hans fæhus, hvad sagen udi øfrige angich henstillede citanten til øfrigheden och retten".

²⁸⁴ Tingbok nr. 20, folio 11

²⁸⁵ Tingbok nr. 20, folio 29b

²⁸⁶ Tingbok nr. 30, folio 1706: 111 – 111b

Mattias avlegg eid på at han "hverchen drepte geden, eller iagede den ind i sit fæhuus, eller tenchte at stiele den". Han meiner geita har kome inn i fjøset hans om natta, og at ho er stanga i hel av ei ku "som Var løs Kommen och War altid ond til at Stange". Men Mattias vedgår at då han fann geita daud i fjøset, "Var hand saa eenfoldig, at hand tog Schindet deraf och aad Kiødet, ti hand Wiste iche hvor hand anderledis gjøre af dend".

"For Tyvnet Har Mattias Syslach denne sinde Sig med sin Eed befriet", heiter det i dommen. Men sidan han har teke skinnnet av geita og ete opp kjøtet, utan å seia frå til nokon, har han "giort sig mistencht och derWed Schyldig at betale denne gied igien", heiter det vidare. I tillegg til erstatning, blir han dømd til å betala sakskostnader.

I begge desse sakene om geiter som er komne på avveggar, tyder tingboksreferatet på at bygdefolket og retten har berre så måteleg tillit til at dei stemna er så uskuldige som dei gjev uttrykk for. Men det er vanskeleg å prova at dei er skuldige, og kanskje er det heller ikkje ønskeleg. Det lokalsamfunnet truleg ser seg best tent med, er ei rettshandheving som set så kraftig støkk i dei mistenkte (og truleg skuldige) at dei held seg borte frå tjuveri i framtida, men utan at nokon som høyrer til i det same lokalsamfunnet, får tjuvstempel.

I 1685 vert det òg reist ei sak med liknande trekk i Lindås skipreide.²⁸⁷ Det er Jacob og Mogens Strømme som då stemnar tre grannar på Bache for ein sau og fire lam "Som dennem var fra stollen; og Jacob, og Mogens Strømme Haffr Igien fundet paa den gaard Bache". Saka gjeld tjuveri, og dei tre Bache-mennene blir stemna, men utan at dei direkte blir skulda for tjuveriet. Forklaringa karane frå Bache gjev, er at konene deira "I dieres fraverrelse" har kjøpt sauene og lamma av "Een Quinde og Een mand" frå Sunnfjord. Partane inngår forlik om at karane på Bache skal levera frå seg dyra "vpaaKlagelig".

Trur retten på soga om sunnfjordingane? Kanskje ikkje, men Jacob og Mogens Strømme får sauene sine attende, karane frå Bache har fått ei åtvaring som truleg fører til at dei tenkjer seg om, enten det gjeld å stela sauer eller å kjøpa dei under tvilsame omstende; og lokalsamfunnet slepp å hanskast med det problemet det ville vera at tre menn i grannelaget brått fekk tjuvstempel.

Korleis kan ein ved hjelp av bygdetinget nå fram til det mest tenlege resultatet? Det er truleg spørsmålet mange må ta stilling til når einkvan på ulovleg vis har tileigna seg noko av eigedommen deira. I dei fleste tilfelle er hovudsaka for den som er blitt fråstolen eller fråteken noko at han kjem mest mogeleg skadelaus frå hendinga. Det skjer ved at han får eigedommen tilbake eller eventuelt erstatta, og ved at brotsmannen dekkjer eventuelle sakskostnader. I tillegg er det viktig at det blir sett ein stoppar for den eller dei som ikkje kan la annans manns eigedom vera i fred. I mange høve er det ikkje noko poeng for citanten at den skuldige blir straffa, ut over

²⁸⁷ Tingbok nr. 22, folio 1685: 17b

det som er nødvendig for å nå desse hovudmåla. Tvert om kan det vera viktig å unngå ei vidare avstraffing.

Saksgangen i dei sakene som er refererte i dette del-kapitlet, kan forklarast ut frå eit slikt resonnement. Sakene blir omtalte som tjuveri, men siktemålet med stemninga er likevel ikkje at nokon skal bli dømd som tjuv. Stemninga tener citanten sitt føremål, samstundes som konkrete omstende ved saka er slik at ein er trygg for uønskte sideeffektar.

6.5. "... dog optages Sagen til neste ting..."

Til sommartinget i Arne skipreide i 1699 vert Stephen Tertnes stemna av futen.²⁸⁸ Saka gjeld ei tinnflaske som tilhøyrer futen. Denne flaska har Stephen "fordult og iche nogen det Ladet Wide den hafde". Futen meiner difor at Stephen bør "straffes som en tiuf". Stephen er lovleg stemna, men møter ikkje på tinget. Saka blir difor utsett, og Stephen skal stemnast til neste ting, "under 6 Lod Sølf's Bøder, da saggen at Besware eller at Lide domb". Dette er det siste tingboka fortel om tvistemålet mellom futen og Stephen Tertnes. Saka blir ikkje fremja på hausttinget den 23. og 24. oktober, og kjem heller ikkje opp på seinare tingsamlingar. Kva skjer med saka etter sommartinget, og kvifor blir ikkje Stephen stemna på ny?

Det veit vi ikkje. Men sjølv om kjeldene teier, er det lov å tenkja og tru. Vi kan vera temmeleg sikre på at futen visste kva han gjorde, både då han stemna Stephen til sommartinget, og då han seinare let vera å stemna han på ny. Truleg har futen oppnådd det han ville, utan at saka vart fremja fleire gonger. Om det er rett, var målet med stemninga ikkje å få Stephen dømd som tjuv. Truleg er det to ting futen ønskjer å oppnå. Han vil ha att tinnflaska si attende, og han vil få markert tydeleg at det å ta seg til rette med andre sine eigneluter, er ei alvorleg sak. Det siste har han oppnådd ved at Stephen er stemna ein gong, og når brotsmannen vurderer dei alternativa han har å velja mellom, etter at saka på denne måten er løfta fram i det offentlege rommet, er han truleg rask med å levera flaska til rette eigaren.

I tingbøkene finn vi fleire tjuverisaker som er handsama på liknade vis som saka mellom futen og Stephen Tertnes. Dette stadfestar den tanken at dette er ein målmedviten måte å nytta tinget på. Strategien er å stemna brotsmannen til tinget, syta for å få saka utsett, for så å løysa tvistemålet utanom tinget. Når det gjeld spørsmålet om utsetjing, er dette knapt noko problem. Det skjer svært ofte, av ulike årsaker, at saker ikkje blir slutførte første gong dei kjem opp på tinget, og ønske om dilasjon²⁸⁹ blir godt som aldri avslegne. Når ei sak blir utsett, kan

²⁸⁸ Tingbok nr. 27, folio 1699: 26b

²⁸⁹ Vanleg uttrykk i eldre rettsspråk. Tyder utsetjing, henstand, frist. NHL, s. 72

grunngevinga vera at nye vitne skal stemnast, at saka må undersøkjast nøyare, eller rett og slett "Paadet citanten, Sig iche Schal have at besverge ofver at hand... med retten ofveriilis".²⁹⁰

15. januar 1686 blir ekstraordinære tingsamlingar haldne, først i Hosanger skipreide,²⁹¹ og seinare same dagen i Alenfit.²⁹² Det er svært sjeldan at det blir halde ting i to skipreider på same dag. Det som er endå meir underleg, er at dei to sakene som blir handsama denne dagen, er mest identiske, medan vi elles ikkje finn tilsvarande saker i heile perioden vår.

Begge sakene gjeld klare tjuveri. Men nokon tjuv er ikkje blitt stemna, endå det i kvar av sakene finst ein mistenkt person som blir namngjeven i tingstova. Begge sakene gjeld "tvende Sølf Belter". Sølvbelta er blitt stolne ei natt, og ei natt nokre få dagar seinare er dei lagde på plass att. I den eine saka heiter det at futen "Loed I Retten Legge" dei to belta; i den andre saka har futen stemna mannen som eig eitt av dei to belta.

Dordj Ellingsdatter eig dei to belta som er stolne i Hosanger. Ho fortel korleis det gjekk til at sølvbeta vart stolne, saman med nokre klesplagg og andre gjenstandar, og at sakene "Er Igien hiemført". Men ho "Benegtede at vide huem det hafde Stollet". Seinare blir ho nærare eksaminert, og fortel då "at hafue hørt i Bygden, det Johannes Hessiedal, forskrefne goedtz schal hafue stollet, mens viste Iche videre End Bøgderaab". Futen tykkjer "dete Eer Een wandschelig ømmelsag", og meiner difor at Johannes Hessiedal og alle andre impliserte skal stemnast til neste ting, "og da widere at ErKyndiges om den rette tiuf Kand antreffis paa det den tilbørlig straf, derudinden effter Louwn schie Kand".

Børrie Rasmusen eig noko i det eine beltet som er blitt stole i Alenfit skipreide. Han fortel at "dj hafde tanche til Joen Totlanstøen huusmand, formedelst hand i dj tider treschede paa gaarden der,... vilde dog Iche fuldKommelilig tillegge Hannem Sag, men Begierede og gaf Sagen i Konglig Majestets Fogitz Hænder til nøye efterforschung effter som hand schal værre i Røgte tilforen". Det blir slege fast at det skal undersøkjast nøyare "om noget til Sagens oplysning herr effter Kunde opdagges, Saa forbliffr de der veed Indtil videre worder paastefnt".

Ingen av desse sakene kjem seinare opp på tinget. Grunnen er truleg at det som det var viktig for futen og lokalsamfunnet å oppnå, det oppnår dei ved at saka blir reist ein gong, og så ført vidare utafor tinget. Tjuvegodset er alt kome til rette. Tjuvane har truleg fått "kalde føter" alt før saka vart reist. Dei veit at dei er mistenkte, og under særleg oppsikt. Nokon annan reaksjon enn at dei blir namngjevne på tinget som mistenkte, er ikkje nødvendig for å setja ein endeleg stoppar for den nattlege aktiviteten deira. For lokalsamfunnet er det ikkje ønskeleg at ein av deira eigne får dom for tjuveri, og futen kan få bøtene sine ved avsoning utafor tinget.

Det vanlege i sakene som blir avslutta utan dom på tinget, er at vi ikkje finn dei att i tingbøkene. I nokre saker blir det truleg inngått forlik mellom partane; i andre saker kan det vera snakk om

²⁹⁰ Tingbok nr. 30, folio 1705: 17

²⁹¹ Tingbok nr. 22, folio 1686: 32 – 33b

²⁹² Tingbok nr. 22, folio 1686: 33b – 34b

avsoning med futen utafør tinget. Men det hender òg at tjuvsaker blir avsona med futen på tinget.²⁹³

Ei slik sak finn vi i Gulen skipreide i 1689.²⁹⁴ Det einaste vi veit om denne saka, er det vi kan lesa ut av det korte referatet frå hausttinget i oktober: "Konglig Majestet's Fogit Signeur Johan Torson afsonte Een tiufsag lmedens Seeniste tings fra Wigelse, med Siufr Noordal, og der for gaf fogden Sex rdr, Huichet fogden Saaledes Begierede at maate vorde Indført, og der effter tings Widne Begiert". I Gulen vart det i 1689 halde vårting 18. februar, sommarting 25. juni og "It Almindeligt Terminus schatte og Sage ting" 12. august. Saka mot Siufr Noordal vart ikkje reist på noko av desse tingsamlingane. Om ho har vore formelt stemna på tinget, må det ha skjedd i 1688. Men tingboka frå det året er blitt borte, og vi kan difor ikkje kontrollera kva som har skjedd, før Siufr avsona med futen på hausttinget i 1689.

Saka om sauen som Magne Settere stal frå Sønneue Wiche²⁹⁵ (omtalt i kap. 6.7.), enda òg med at Magne avsona med futen på tinget. Tjuvsaka som Sønneue reiste, vart utsett, og kom ikkje opp på tinget fleire gonger. Då Magne Settere møter på tinget nokre månader seinare, er det presten Lyché Hansen som har stemna han, og saka gjeld no landskyld og tredjebyggesel som han skuldar for garden. Etter at det er avsagt dom i denne saka, skriv sorenskrivaren i tingboka: "Magne for Retten afsoenet met Foegden at schal gifue hannem til førstKommende høst Tou Rixdaler, formedelst dend Smalle som hand for Retten har beKient at hand staal fra Synneue Wiche". Slik endar saka, endå futen ved første gongs handsaming la ned påstand om at Magne måtte dømmast etter 1. kapittel i tjuvbolken.

Samanlikna med lova sitt prinsipielle syn på rettshandheving og straff, er lokalsamfunnet og bygdetinget pragmatisk. Poenget er å finna ein metode som fører fram til eit resultat som ein ser seg tent med. Med det utgangspunktet kan det vera fornuftig å avslutta ei sak, utan at ho formelt er ført til endes, og utan at det er avsagt dom. Med språkbruk lånt frå ein annan arena, kan vi forklara denne bruken av tinget slik: Den mistenkte blir stilt opp med ryggen mot veggen, utan at kniven blir brukt. Han får demonstrert kven som har makta, og veit kva han kan venta seg neste gong. Men poenget er at han gjennom denne prosessen skal innsjå at han aldri bør prøva seg igjen – og at det difor aldri blir nokon neste gong. Når dette er klart for alle involverte partar, kan den mistenkte sleppast fri. Det ønskte resultatet er nådd, og "balansen" i lokalsamfunnet er oppretthalden.

²⁹³ I hovudoppgåva "Blant granner og myndigheter" har Jorunn Dobbe påvist ein praksis med soning både på og utafør tinget. Dobbe 1995, s. 47 – 50. Også J.A.Seip skriv om soning både på og utafør tinget, og han poengterer at soninga alltid må vera friviljug for brotsmannen. Dersom brotsmannen meiner han er blitt tvinga til å avsona med futen, kan han appellera til lagretten. Seip 1957/1981, s. 139

²⁹⁴ Tingbok nr. 23, folio 83

²⁹⁵ Tingbok nr. 12, folio 8 – 8b og folio 21

6.6. "... hafuer forholdet och schichit sig som en løsgenger..."

Sommaren 1677 blir Joen Thorchildsen dømd for to tjuveri.²⁹⁶ Nokre månader før saka kjem opp, tok han "uden lou och domb" ei jerngryte frå ei enkje i Gammersvik, og fire år tidlegare stal han "It vadbeen,²⁹⁷ sampt 20 fauffne fischesnøre och 1 heffuel och 1 striche" frå Rasmus Restad. I tillegg til tjuveria blir han òg dømd for at han har skote med hagle etter Hans Mogensen, utan å råka, og for at han ved eit anna høve har stukke Hans Mogensen i ryggen med kniv under eit basketak. Saka mot Joen Thorchilden er såleis ikkje ei rein tjuverisak. Men skal vi døma etter straffepåstanden frå futen og domspremissane som er refererte i tingboka, har desse andre brotsverka lite å seia for utfallet av saka.

Det som derimot ser ut til å vera det heilt avgjerande for saksgangen og dommen, er at den stemna har levd som omstreifar. Dette momentet er klart i framgrunnen i sjølve stemninga, det kjem att fleire gonger under forhøyr av brotsmann og vitne, det har den dominerande plassen i futen sin straffepåstand og det blir tillagt stor vekt i premissane for dommen.

Det er futen som stemnar Joen Thorchildsen, og han tiltalar Joen "formedelst hand Hafuer forholdet och schichit sig som en løsgenger der ej Vil søge sit brød som det sig bør. foruden uschichelig forhold eftter Almuens och fleeres Klagemaal, offuer hannem". Det går altså fram av stemninga at fleire personar har sett fram klagemål mot Joen for "uschichelig forhold". Men i tiltalen blir det ikkje presisert kva brotsverk han har gjort seg skuldig i, bortsett frå at han har levd som ein lausgjengar.

Under forhøyret av den stemna blir det nærare klarlagt korleis omstreifarlivet har arta seg. Far til Joen "bleff i Nordland" før guten vart fødd, og "hans Moder hafr opholden sig aff betlerj". Joen vedgår "at hand selff haffde trygglet, til sin Vnderholdning hos gotfolch undertiden, men hans Moder dog meest". Joen har for det meste site ved årane, og såleis frakta mora frå bygd til bygd. Medan ho var framme ved gardane og tigga, passa han som oftast båten. Vidare fortel Joen at han aldri har hatt "nogen Visse tieniste eller tilhold". Ein stad der han og mora budde "lod Fogden nedriffue huuset for dennem, formedelst Almuens Klagemaal offr dennem". Joen er no 24 år gammal, "och endnu aldrig Verit til Alters".

Saka mot Joen Thorchildsen blir først reist på Bergen Raadstue den 28. juli 1677. Under dette rettsmøtet blir handlingsgangen klarlagt gjennom forhøyr av Joen, av mora Magrete Henrichsdater og av Hans Mogensen. På ei ekstraordinær tingsamling i Hosanger skipreide 14. august same året, blir saka teken opp til doms. Då kan retten gå beint på futen sin straffepåstand og domfellinga.

²⁹⁶ Tingbok nr. 16, folio 13 – 14b

²⁹⁷ Eit vadbein (av vad: fiskesnøre, line) er ein rull, laga av hardved, som blir festa til båtripa, og nytta til å rulla juksa over. I tidlegare tider var vadbeinet gjerne laga dels av kvalbein og dels av ein dyreknokkel. NHL, s. 362

I straffepåstanden er omstreifarlivet det heilt dominerande momentet: "Fogden satte j Rette, efterdj forschrefne Joen Torchildsen befindis at Vere en løsgenger som hafuer veret almuen och fattigfolch til besuæring med betlerj och omloben, endog hand er baade før och sterch, och hand sig ellers i andre maader hafuer forseet, och hand ej heller endnu hafr Veret til Guds bord, Formeente derfor, at hand som en løsgenger burde at straffis i Jern och arbeide paa Bremmerholm, eller andensteds, huor hand til Konglig Mayestetz Thieneste Kand behøffuis, efter Recessen."

Vektlegginga av omstreifarlivet blir ført vidare i domspremissane. Her heiter det at futen "hafr ladet Joen Thorchildsen som en lediggenger paagribe", og at Joen "ej beuiser sig for Sit brød at hafue tient, endog hand er Ved sin helbred, Och er en før och sterch person, men hand befindis at hafue Veret almuen, och fattige folch til besuering, i det hand med hans moder hafr omreist och tryglet sin Vnderholdning,...". Det blir teke opp att endå ein gong at Joen har "som en leddiggenger omreist", og også i domspremissane blir det nemnt at han ikkje har "sin Saligheds Sag Vel i agt taget, i det hand endnu icke hafr Veret til Guds bord".

Joen blir dømd til tre års straffarbeid på Bremerholm eller eventuelt ein annan stad der kongen kan ha bruk for arbeidskrafta hans. Så langt er dommen "eftter Højlof Ihukommelse C4: Recess pagina 294". Utan lovheimel blir Joen dessutan forvist frå Bergenhus len på livstid.

Avsnittet i Store Recess som det blir vist til i dommen, er kapittel 14 i andre bok, med overskrifta «Om tyfve».²⁹⁸ I dette kapitlet, som opphavelig kom inn i lovgjevinga ved kongeleg forordning av 14. mai 1636, blir straffene for tjuveri endra i høve til lova av 1604. I artikkel 1 heiter det at "Alle tyfve, som paa cronens grunde enten første gang eller oftere befindis med ringe tyfverie sig at hafve forset, skulle icke strax strafis paa lifit...". I staden skal tjuven "i jern med arbeide at straffis". Her finn vi elles ei formulering som, til skilnad frå det som er vanleg i samtida si lovgjeving, kan tolkast som straffe*ramme*. Det blir ikkje fastslege kor lenge straffarbeidet skal vara, berre at tjuven "eftter forseelsen straffis med jern oc arbeide". Endringane i straffereaksjonen blir grunngjevne med endra pengeverdi og med at det er "for gud dend allerhoieste uforsvarligt it menneskes lif saa ringe at skatte".

Joen Thorchildsen møter ingen nåde og inga miskunn på tinget. Ingen ber for han, eller har noko positivt å seia om han. Tvert om høyrer vi om "Almuens Klagemaal" over han, og vi får vita at han har vore "almuen, och fattige folch til besuering". Joen høyrer ikkje til i skipreida eller i det nære nabolaget. Difor har han heller inga støtte mellom bygdefolket på tinget. Lokalsamfunnet aksepterer ikkje menneske som lever slik som Joen og mor hans. Folk som høyrer til i bygda, og som tiggjar av naud, og av di dei ikkje er føre til å arbeida, kan aksepterast. Men ikkje ein ung og

298 I Norsk Historisk Kjeldeskrift-Institutt si utgåve av «Christian den fjerdes recess 1643», utgitt i 1981, finn vi 2. bok, kap. 14 på side 198 – 199.

arbeidsfør mann som gjev seg ut på "betlerj och omløben", og slett ikkje når han i tillegg er ein framand i lokalsamfunnet.

Tre gonger i tingboksreferatet blir det fortalt at Joen ikkje har vore til Guds bord. Først vedgår Joen det sjølv i forklaringa si for retten, dinest tek futen det med i straffepåstanden, og endeleg er momentet med i domspremissane. Når dette momentet får slik vekt i saka, er det ikkje berre av di det vitnar om at Joen ikkje har "sin Saligheds Sag Vel i agt taget", som det heiter i premissane for dommen. Ringeakt for kyrkja sitt nådemiddel er opprør mot den orden som styresmaktene krev i samfunnet, samstundes som det òg er brot på ein allmenn, ufråvikeleg regel i lokalsamfunnet. Ved å halda seg borte frå altergangen, gjer Joen det ekstra tydeleg at han har stilt seg utafor vanleg folkeskikk og godteke levesett i lokalsamfunnet. At dette brotet med allminneleg orden har ein religiøs dimensjon, gjer det særleg skremmande.

Alt tyder på at futen, sorenskrivaren, lagretten og allmugen er heilt samstemte i haldninga si til Joen Thorchildsen. Og denne haldninga kjem til uttrykk ved at det ikkje er sjøve tjuveria, eller dei andre konkrete brotsverka han har gjort seg skuldig i, som står i framgrunnen under rettsaka. Det avgjerande under saksgangen og for utfallet av saka, er at Joen "hafuer forholdet och schichit sig som en løsgenger". Så sterk vekt blir det lagt på dette at Joen er ein "løsgenger" som "hafr omreist og tryglet" at ein får inntrykk av at dette er hovudgrunnen til at både futen og bygdefolket ønskjer å få han dømd, og at dei konkrete brotsverka nærast er det påskotet som trengst for å setja han fast. Det er difor nærliggjande å undersøkje andre saker der omstreifarar blir stemna for ulovleg tileigning av annan manns eigedom, for å sjå om vi finn den same vektlegginga i desse sakene, og om vi elles finn særlege fellestrekk ved omstreifarsakene.

I perioden vår finn vi ni saker der omstreifarar eller personar med omstreifarliknande livsførsle blir stemna for ulovleg tileigning av annan manns eigedom. Dei eg her kallar "personar med omstreifarliknande livsførsle" har det sams med dei som direkte er stempla som omstreifarar at dei har flytta mykje frå stad til stad, og at dei har lita eller inga tilknytning til skipreida der dei blir stemna. Åtte av dei ni saken blir reiste i perioden 1665 til 1686. Berre ei slik sak blir reist etter at Norske Lov er innført.

Nokre av sakene mot omstreifarar kan ikkje beinveges samanliknast med andre saker om ulovleg tileigning av annan manns eigedom. Grunnen er at ein del omstreifarar ikkje berre blir stemna for ulovleg tileigning, men òg for ei rekkje andre brotsverk. I vårt materiale gjeld dette i særleg grad ei sak frå 1671, der ti personar i eit omstreifarfølgje blir stemna.²⁹⁹ I den saka blir sju personar dømde frå livet; fire ved halshogging og tre ved henging, men desse personane har gjort seg skuldige i ei rekkje alvorlege brotsverk i tillegg til tjuveri; mellom anna hor og blodskam. Det er difor ikkje mogeleg å skilja eitt brotsverk og reaksjonen mot dette ut frå resten av saka.

²⁹⁹ Tingbok nr. 12, folio 24 – 28b

Saker som dette er likevel ikkje utan interesse for undersøkinga vår. Dei fortel noko om korleis omstreifarar og omstreifarfølgje stundom kunne fara fram. Dette var ein røyndom som bygdefolk var kjende med, både av di dei følgde rettargangen på tinget, og av di mange hadde opplevd den utryggleiken som nærkontakt med slike fantefølgje kunne skapa. Det er grunn til å tru at framferda til dei mest lovause og ekstreme omstreifarfølgja var med og forma bygdefolket si haldning til alle omstreifarar. Folk såg på omstreifarar som menneske som var truande til å gjera seg skuldige i dei verste brotsverk. Omstreifarane førte utryggleik og uhygge med seg. Det beste var difor om ein kunne kvitta seg med dei. Bygdetinget synt seg som ein effektiv reiskap for det føremålet.

Lokalsamfunnet har ei viss støtte i lovene for haldninga si til omstreifarar og tiggjarar. Ingen "som føre oc karske ere, skal stedis at gaa oc betle: men skal arbeide for deris føde," heiter det i lova frå 1604. Det er heller ikkje tillate å reisa frå stad til stad utan at ein har fått "beuijs eller paszbord".³⁰⁰ I Norske Lov finn vi òg fleire artiklar som vender seg mot omstreifarar. Det er streng straff for ferjemann som tek med "Betler"³⁰¹ eller "Tater"³⁰² i båten, og det er straffbart å hysa "Løsgængere"³⁰³ Norsk Lov har òg eit eige kapittel "Om Jøder og Tater".³⁰⁴ All eige skal takast frå taterane, leiaren straffast på livet og dei andre som er med i følgjet skal visast ut av landet. Kjem dei att, skal også dei straffast på livet. Det er ikkje taterar vi møter i nokon av omstreifarsakene frå Nordhordland i perioden vår, og det blir heller ikkje vist til dei lovartiklane som er nemnde her. Sidan det er viktige likskapstrekk ved livsførsla til taterar og andre omstreifarar, kan det likevel henda at lova sitt syn på taterar har hatt innverknad på haldningar til andre omstreifarar.

Sjølv om det er store skilnader mellom dei ni omstreifarsakene som er med i materialet vårt, har dei òg fleire klare fellestrekk. Det er difor naturleg å rekna dei som ei eiga gruppe i den totale saksmengda. Regelen er at det er futen som stemnar desse sakene til tinget. I åtte av dei ni sakene går dette klart fram av tingboka. I ei sak frå 1665 finn vi berre formuleringa "Bleff i Rette ført Anders Johanssen..."³⁰⁵ men det er grunn til å tru at det er futen som stemnar også i denne saka. I alle sakene som blir reiste mot omstreifarar, blir det sett tjuvstempel på den eller dei stemna. Det vanlege er at dette skjer direkte, ved at brotsmannen blir omtalt som "Tiuff"³⁰⁶ eller "Tuiffuen";³⁰⁷ i andre saker får vi vita at den stemna har "Tiufuerj begaait"³⁰⁸ eller at han "hafue

³⁰⁰ Norske Lovbok 3 – 24

³⁰¹ Norske Lov 3 – 11– 6

³⁰² Norske Lov 3 – 11– 7

³⁰³ Norske Lov 3 – 21 – 21

³⁰⁴ Norske Lov 3 – 22

³⁰⁵ Tingbok nr. 7, folio 1 – 1b

³⁰⁶ Tingbok nr. 22, folio 1685: 8b – 10b og 1686: 40 – 41

³⁰⁷ Tingbok nr. 7, folio 1 – 1b

³⁰⁸ Tingbok nr. 9, folio 16b – 17b

staalet",³⁰⁹ medan Aamund Guttormsøn er "Berøgted for tyffuerj".³¹⁰ I disse sakene er det såleis aldri nokon som gjer forsøk på å hindra at brotsverket blir stempla som tjuveri og dømt etter tjuveribolken/tjuverikapitlet, med den strenge straffe-reaksjonen som til vanleg følgjer av det.

Eit anna trekk som er sams for alle desse sakene, er at det aldri er nokon som ber for den som er stemna. Omstreifaren høyrer ikkje til i lokalsamfunnet, og finn inga støtte der. Tvert om finn vi stundom eit aktivt engasjement frå allmugen for å få omstreifaren straffa. I saka mot Joen Thorchildsen høyrer vi om "Almuens Klagemaal". Då Johannes Guldbrandsøn Myhre, som er "Berøgtet for aschiellige Slemme gierninger", blir stemna i Lindås skipreide i 1685 – 1686,³¹¹ går bygdefolket endå sterkare ut imot brotsmannen: "De af almuen tilstede verende BeKlagede sig Haardelig ofr hannem, og Begierede at de Endelig fra saadant It Menische matte Blifve Befriet, paa det hand lche merre Vløche eller tiuffuerj schulde afsted Komme,..".

Allmugen i Lindås oppnådde det dei ønskte. Dei vart "Befriet" frå "saadant It Menische". Johannes Myhre vart dømd til å "straffes med Jern og arbejde paa Bremmerholm hans Liffs tid". I dei andre omstreifarsakene høyrer vi ikkje at bygdefolket legg fram eit så uttrykkeleg ønske om å bli kvitt brotsmannen. Det vanlege er likevel at ein omstreifar som er dømd på bygdetinget, aldri får sjansen til å koma attende til bygda. Aamund Guttormsen blir, som Johannes Myhre, dømd til livsvarig tvangsarbeid på Bremerholm.³¹² Willum Rasmussen får fire år,³¹³ og Joen Thorchildsen tre år³¹⁴ på Bremerholm, men begge blir dessutan forviste frå Bergenhus len på livstid. Chatrine Olsdatter "forviis dette fogderie", etter at ho er kakstroken og brennemerkt på ryggen.³¹⁵ Anders Andersen blir hengd³¹⁶, og av omstreifarfølget på ti som vart stemna i 1671,³¹⁷ vart tre hengde, fire halshogde og ei dømd til å røma stiftet, etter at ho er kakstroken og brennemerkt på kinnet. Går det "etter boka", får ingen av desse høve til å syna seg i skipreida fleire gonger.

Unnataka frå regelen om at lokalsamfunnet for alltid "Blifve Befriet" frå omstreifarane, finn vi i ei sak frå 1665 og ei frå 1667, i tillegg til to av dei ti personane i det store fantefølgjet. Henrich Knudsen i fantefølgjet blir dømd til "I fire Aar at Arbeide paa en fischeleyer i Nordland". Henrich er 14 år, og "formedelst hans Vngdomb bør hand saauit forschaanis". Mot 25 år gamle Johane Pedersdatter i same følgjet, får vi ikkje vita at det blir avsagt nokon dom. I 1665 blir Anders Johanssen stemna for to tjuveri og dømd til kakstryking, etter kapittel 1 i tjuvbolken.³¹⁸ På ei ekstraordinær tingsamling i Mjelde skipreide, sommaren 1667, vart to "ombløbere eller

³⁰⁹ Tingbok nr. 14, folio 1 – 1b

³¹⁰ Tingbok nr. 22, folio 1686: 38b – 39b og 1686: 42 – 43

³¹¹ Tingbok nr. 22, folio 1685: 8b – 10b og 1686: 40 – 41

³¹² Tingbok nr. 22, folio 1686: 38b – 39b og 1686: 42 – 43

³¹³ Tingbok nr. 14, folio 1 – 1b

³¹⁴ Tingbok nr. 16, folio 13 – 14b

³¹⁵ Tingbok nr. 29, folio 1705: 71b – 73

³¹⁶ Tingbok nr. 13, folio 12 – 12b, folio 14b – 17 og folio 33b

³¹⁷ Tingbok nr. 12, folio 24 – 28b

³¹⁸ Tingbok nr. 7, folio 1 – 1b

Løsgjengere" stemna.³¹⁹ Gregoris Olsen blir dømd til tvangsarbeid på Bremerholm "i Tou Aars tid", medan Rasmus Haluorsen må arbeida "paa Lilledals Kaaberuerch i Sundhorlehn, Tuende Maaneders tid".

Det er ikkje eksplisitt uttrykt i alle dei ni sakene at sakshandsaminga og utfallet av saka i sterk grad blir styrt av at det er ein omstreifar som er stemna. Men i nokre av sakene er den fordømande og ekskluderande haldninga til omstreifarane svært tydeleg. Dommen mot Gregoris Olsen og Rasmus Haluorsen blir til dømes innleia med desse orda: "Afsagt, eftterdj at forskreffne Tuende Persoenner som Løsgjengere Och dag drifuere ere befundens At Omb løbe...".³²⁰ Avgjerande er det òg at bygdefolket og retten reint generelt ikkje har tillit til omstriefarane. Det kjem tydeleg til uttrykk i ei sak (ikkje tjuverisak) som vart ført mot eit omstriefarpar i 1689.³²¹ "... saa Kand hund, Som en Løs omløbersche ey staa til troende", heiter det om Dedsche Olsdatter.

I saka mot Johannes Guldbrandsøn Myhre kjem det òg tydeleg fram at det ikkje berre er tjuveria hans som einskildståande handlingar bygdefolket og retten tek stilling til; men like mykje heile framferda hans.³²² Johannes har snudd ryggen til det som blir oppfatta som akseptabel livsførsle, og er etter kvart blitt som ein prototyp på det omstriefarlevessettet som bygdefolket kjenner trugande. Johannes var fødd på Myhre i Gulen, og levde eit aktverdig liv som leiglending på Berge i same skipreide i om lag seks år. Men så vart han dømd for eit overfall, "Hvilchet Hand forregaf at var den største aarsagh til hand gaarden motte forlade" – og med det tek ulukka til for alvor: "– der eftter Begaf Hand Sig fra Hustru og trende Smaa Børn, og Lagde Sig paa Landet om at trøgle fra Eet fogdj og It Sted til It andet, og Imidler tid Huerchen Indfundet Sig I Guds Huus eller Søgt det Høywærdige Alterens Sacramente, Huilchet Hand Haffuer øffuet offuer trej aars tied". Det omflakkande livet er den ytre årska til at han held seg borte frå både nattverd og kyrkje, og på den måten etablerer seg endå sterkare i ei livsførsle som ekskluderer han frå fellesskapen i lokalsamfunnet.

Så tek han til å stela, og "der eftter hafuer Hand Saa faret og reppet atschiellige fougderier i gjennom, og alle Stedtz med trussler Snart med IldeBrand om hand lche fich huad hand vilde haffue". På Bierchenes i Gulen gjorde han alvor av trugsmålet, då han kom dit ein kveld og bad om husrom. Han fekk til svar at sommars dag kunne han vel liggja i løa, men det godtok han ikkje. Han sa han ville liggja i stova, og at mannen i huset skulle læra å gå i løa sjølv; "der eftter greeb hand til gruen I stuen, og tog Een IldeBrand i Haanden Huor med Hand Løb Rontom stuen Saa gnisterne fløy Baade Heer og deer om Kring". Etter dette gjekk han vidare til neste hus, "Huor hands første ord var da Hand IndKom, det dieffuelen schulde fare i Hannem for hand

³¹⁹ Tingbok nr. 9, folio 16b – 17b

³²⁰ Tingbok nr. 9, folio 17 – 17b

³²¹ Tingbok nr. 23, folio 57 – 61

³²² Tingbok nr. 22, folio 1685: 8b – 9

Holdte Iche Lius til rede". Kona i huset kom straks med lyset, men Johannes gjekk til åtak på henne med ein stakk. Så ustyrlig oppførte han seg at folk i nabolaget måtte halda vakt over han heile natta, "huor hand med v-vdsigelig schielden og trutzeler Sig teede".

Johannes er for alvor blitt ein omstreifar, av det slaget som bygdefolk fryktar og ber om å "Blifve Befriet" frå. Det er menneske som Johannes Myhre som er med og formar det inntrykket bygdefolket har av omstreifarane – og i neste omgang haldninga dei møter omstreifarane med på tinget.

Som nemnt har dei fleste omstreifarane som blir stemna, gjort seg skuldige i ymse brotsverk, i tillegg til eitt eller helst fleire tjuveri. I dei fleste sakene mot omstreifarar er det difor ikkje mogeleg å isolera tinget sin reaksjon på tjuveriet frå den samla straffereaksjonen.

Men saka mot Willum Rasmussen som blir ført på vårtinget i Herdla i 1675, er ei rein tjuverisak.³²³ Willum blir ikkje direkte omtalt som omstreifar, men livet hans har fleire "omstreifarliknande" trekk. Han er fødd "paa Mellinge i Østeuold Sogen i Sundhorlehn", og har budd ei rekkje stader i Sunnhordland og i Bergens-området. Det blir dessutan fortalt at han "holte hans Konne til at Tigge, Och huis hun betlede, fortærede hand met hinde". Dette momentet har knapt nokon direkte relevans til det tjuveriet han er stemna for. Når det likevel blir teke med, er det utan tvil for å framheva at Willum har ein livsstil som gjer at det er all grunn til å møta han med stor skepsis. Grunnen til stemninga er at han har rodd dei "fire Mile", frå Sandviken, der han no bur, til Alfuem i Øygarden, der han stal ein del fisk og noko fiskereiskap. Tingboksreferatet av saka er svært kortfatta. Vi får nokre korte glimt av at bygdefolket vitnar imot Willum, som sjølv "bad Gud bedre sig for saadan hans begangne daarlighed och forseelse". Futen legg ned påstand om straffarbeid på Bremerholm, og med tilvising til Store Recess blir han dømd til fire år på Bremerholm – "Och siden aldrig meere lade sig finde i Bergenhuus".

Saka mot Chatrine Olsdatter som vart ført på ei ekstraordinær tingsamling på futegarden på Flatøy, 23. januar 1705, er òg ei rein tjuverisak.³²⁴ Om Chatrine får vi minimalt med informasjon, bortsett frå at ho er "een Løsgienersche". Futen legg straks ned påstand om at Chatrine må dømast til kakstryking og brennemerking på ryggen, etter artikkel 34 i tjuverikapitlet, "Saasaom dette er anden gang hun med tyveri er betred".

Denne påstanden er knapt i samsvar med ordlyden i lova, og i alle fall klart i strid med lova sin intensjon. Artikkel 33 og 34 i tjuverikapitlet har denne ordlyden: "33. Befindis nogen med ringe Tyveri, som ej tilforn dermed er befunden, da bør hand udi Fængselet at miste sin Hud. 34. End befindis hand anden Gang med ringe Tyveri, da miste sin Hud paa Kagen, og brændis paa sin Ryg." Meininga er utan tvil at ein person skal dømmast etter artikkel 34, berre når han først er dømd etter artikkel 33, og seinare blir teken for eit nytt tjuveri. Den strengare reaksjonen ved

³²³ Tingbok nr. 14, folio 1 – 1b

³²⁴ Tingbok nr. 29, folio 1705: 71b – 73

andre gongs brotsverk skal takast i bruk mot den som syner så forbrytersk sinnelag at han ikkje let seg stansa, sjølv etter at han er blitt straffa ein gong. Innleiingsordet i artikkel 34 understrekar at dette er lova sin intensjon.

Tinget har prov for at Chatrine to gonger har gjort seg skuldig i tjuveri, og begge gongene vart ho huka. Men ho er ikkje stemna før, og slett ikkje dømd. Første gong ho vart teken for tjuveri var "forleden aar ved hellig tre Kongers tid". Då stal ho nokre klesplagg frå sengebua til Amun Miaatvet i Herdla skipreise. Etter det tok ho ein færing og rodde til Mjølkeråen, før ho gjekk på land og gav seg på veg mot byen. Etter at ho har gått ei halv mils veg, blir ho stansa av Gregorius Søraas. Han "førde hende hiem med sig", og sende melding til lensmann Mogns Selviigen som "da var paa Hitland och drach". Lensmannen sender to karar for å henta Chatrine. Dei bind henne på hendene, og fører henne først til Søraas, og deretter til Frekhaug, "och der fich Mogns Selviig nogen penge af Amund Miaatvet, och slap hende saa løs igien". Med det er Chatrine fri. Lensmannen spurde ikkje ein gong etter namnet hennar.

14 dagar før jul same året prøver ho seg igjen; denne gongen hjå Steffen Flachtvæt i Arna skipreide, der ho "gich om natten ind i boen igiennem vinduet som Støed ichun løse och saa leete hun i mørche til hun fant Kisten". Frå kista stel ho ein del klesplagg og nokre sølvsmykke, "och forføyede sig saa dermed til byen". Tjuvegodsset sel ho til fleire personar i byen, utan at nokon spør henne kvar saken stammar frå. Men etter kort tid blir ho "af Steffen Flachtvæt ... tagen fat". Fleire enn desse to tjuveria "vilde hun ey bekiende at have gjort" – men bak sorenskrivaren si formulering anar vi at haldninga er prega av mistru til "Løsgjengerschen".

I dommen blir det forkynt at Chatrine "tvende gange hafver Staalet" og at "hun saaledis anden gang er befunden med Tyveri", endå det òg kjem klart fram at ho etter det første tjuveriet "var paagreben men af Lensmanden Mogns Selviig igien ustraffet løsladen". Vidare heiter det i dommen: "Kand wi ey rettere finde effter Loven end dømme hende... effter Lovens 6 bogs 17 Capitul 34 Articul til at miste Sin huud paa Kagen och brendis paa Sin Ryg, och Siden forviisis dette fogderie med den paamindelse at dersom hun siden lader sig her finde, da schal hun paagribis och til anden och haardere straf worde anseet...".

Med denne dommen kjem formuleringa "Kand wi ey rettere finde effter Loven" i eit underleg lys. For det første er det feil lovbruk å nytta artikkel 34 i dette tilfellet. For det andre er forvisingsdommen heilt utan lovheimel. For det tredje blir det truga med "anden och haardere straf", som det heller ikkje finst lovgrunnlag for.

Willum Rasmussen blir dømd etter Store Recess og Chatrine Olsdatter etter tjuverikapitlet i Norske Lov av 1687. Men i tillegg blir begge, utan lovheimel, forviste, den eine frå lenet og den andre frå futedømet. Dette kan vanskeleg tolkast som anna enn eit ønske om å "Blifve Befriet" frå "saadant It menische".³²⁵

³²⁵ Tingbok nr. 22, folio 1686: 40b

Reaksjonen mot lensmannen, etter at han sleppte Chatrine fri, vitnar òg om at korkje styresmaktene eller lokalsamfunnet finn seg i at ein omstreifar slepp unna utan straff. Alt for Chatrine blir teken for det andre tjuveriet, har futen stemna lensmannen for at han "haver antastet och taget een tyv med Kosterne och saa taget penge af tyven, och ladet dend igien løs och paa fri foed, uden at fremføre dend til fogden". For slik framferd meiner futen at lensmannen "ey allene bør Straffis med pengemult effter Schatte-forordningen, mens och med høyere och mere straf effter Sagens beschaffenhed, och iche burde mere Saadant Embede betrois, efftersom hand nu med saadan aabenbar undersleb er befunden".

Lensmannen blir dømd til å betala 10 riksdalar til "qvesthuset" fordi han "har begaaet een utroschab" mot lova og skatteforordninga av 13. mai 1693. Med omsyn til lensmannstenesta overlet retten dette spørsmålet til futen, i det ein viser til at "fogden hafver høy øfrigheds ordre for, at bestille till Lensmend Slige personer, Som hand best Kand see sig tient med Saavit Konglig Majestets tjeneste angaar".³²⁶ Tingbøkene viser at Mogns Selviig ikkje lenger er den mannen futen ser seg best tent med som lensmann. På tingsamlinga i november 1704, då Mogns Selviig blir stemna, møter Børge Selviig "udi Lensmands Sted". Det gjer han òg på ei tingsamling i Sandviken i desember same året, men frå sommartinget 1705 og frametter er det Børge Selviig som er "bøyde Lensmand".

Lensmann Peder Smøraas i Skjold skipreide fekk òg ei oppstramming av futen av di han var for slepphendt med ein tjuv med omstreifarliknande livsførsle. Men i Peder Smøraas sitt tilfelle var det meir snakk om uflaks enn vrang vilje, og han slapp også langt lettare frå hendinga enn Mogns Selviig. Det var på vårtinget i 1673 at "Fogden for Retten frembfordret Lensmanden Peder Smøraas, omb hand iche hafde til hannem Lefuerit en Tiuff Anders Andersen welforuarit med Jern paa hans hender at hand schulle holde hannem i goed foruaring paa hans gaard, indtil nu at hand paa Tinget for sine misgjerninger Kunde bleffuet dømbt".³²⁷

Lensmannen "sagde ey at Kunde negte" at det var som futen sa. I om lag tre veker hadde tjuven site i arrest på lensmannsgarden, "Indtil nest forleden Torsdags aften at Tiuffen begierte at gaa sin egen ærinde for døren". Lensmannen "tog Jernet aff Tiuffuen da hand gich for døren, ligesom hand plejede tilforne", og leit på Tolleff Houcheland og Joen Eye som heldt vakt over han. Men tjuven rykte seg laus frå vaktmennene, sprang den eine over ende og rømde i mørkret. Lensmannen, vaktmennene og allmugen lovar at dei vil gjera sitt beste for å leita etter tjuven "at faa hannem fatt". "Med de Wilchor sagde Fogden at Lensmandens och Wagdens forseelse, som hand nu ellers willet eschet domb offuer, Kunde saa lenge beroe."

Til lukke for Peder Smøraas, men ulukke og død for Anders Andersen, lukkast lensmannsfolka i å få tak i tjuven. Han vart teken i Stavanger len, stemna på tinget i Skjold skipreide 21. mai

³²⁶ Tingbok nr. 29, folio 1704: 56b – 57b

³²⁷ Tingbok nr. 13, folio 12 – 12b

1673,³²⁸ og dømd på ei tingsamling på Bergen Raadstue to dagar seinare.³²⁹ Anders Andersen vart dømd "effter Lougen och Recessen formedelst forskrefne sine ofte begagne Misgierninger och Tiufuerj at straffis paa sit Lif til Gallien". Til hausttinget same året stemna lensmannen dei to vaktmennene som ikkje hadde vore handfaste nok, for å få att ein del av utlegga han hadde då han "med stoer besuering och beKostning søgte Tiufuen Anders Andersen igien udj Stafuanger Lehn". Dei vart dømde til å betala 1/2 mark kvar til lensmannen.³³⁰

Sakene som futen reiser mot dei to lensmennene, er med og understrekar kor stor vekt det blir lagt på å få omstreifarane dømde, og få sett ein stoppar for det uakseptable levesettet deira.

Den kritiske haldninga til omstreifarar hjå både bygdefolk og representantar for styresmaktene kjem òg tydeleg til syne i saka som Christian Sæle reiste mot Marte og Mattias Hougstad.³³¹ Deler av denne saka har eg tidlegare referert i kap. 6.2. Etter at Christian på sin smygande måte har prøvt å så mistanke om Marte og Mattias, utan at han vågar å sikta dei for tjuveri, kjem ekteparet Hougstad på banen. Først fortel dei at Christian ikkje har vore i huset deira på minst eit år, og at skuldinga hans difor er "løgnaktig och uret". Etter det går dei til åtak på citanten, i det dei "formodede at retten Straffede saadan Landstryger exemplar for saadan schammelig mundSpil mod een Ærlig och uschuldig mand". Straks har ekteparet støtte frå bygdefolket i åtaket på Christian, ved at "Almuen forKlaredede nu tillige med, at denne betler har udbragt Runt om bøiden ok ført Mattias Hougstad i Schammelig Røgte".

I dommen blir haldninga til både "Landstryger exemplar" og til skikkelege bygdefolk så klart uttrykt at han fortener å blir gjengitt fullstendig: "Som Christian Sæle hverchen Kand beViise Mattias Hougstad eller hans qvinde i nogen maade nogen sag ofver for hans bortkomne 3 mark, ey heller nu for Retten tør Sigte och beschylde dennem for denne sag, Langt mindre gjøre nogen præntion mod dem, Saa anseeis hans Stefnemaal af ingen Werdig, mens de got folch Mattias Hougstad och hans qvinde bliVer for denne mistanche aldelis fri och angerløs, och bør dette Schammelige mundspil om bøyden iche Komme dennem och deris Ærlige naVn och Rychte til nogen nachdeel eller præjudice i nogen maade, Mens Christian Sæle som er een omløbende pracher, bør for denne sin dristighed och Schammelige mundspils begyndelse mod Ærlige folch, hereffter anseeis som den der far med Sladder och Vere lidet agtendis udi hvis hand om denne sag har begynt och adVaris hannem effter dags at fraholde sig saaledis at udføre bøyde Ømmel³³² om got folch saafremt hand ey Vil lide Vedbørlig straf derfor".

³²⁸ Tingbok nr. 13, folio 14b – 16b

³²⁹ Tingbok nr. 13, folio 17

³³⁰ Tingbok nr. 13, folio 33b

³³¹ Tingbok nr. 30, folio 1706: 104 – 104b

³³² Ømmel: å setja ut injurierande rykte og falske skuldingar mot folk; bakvasking. Jens Bjelke: «Hemmelig Tale om nogen Sag eller Bedrift som man er Øm offuer at lade sig forlyde med». Etter kapittel XXI i Mannhelgebolken i Norske Lovbok av 1604 er straffa for ømmel ei bot på fire mark. NHL, s. 374

Saka enda altså med frikjenning og beste attest for dei som var stemna, medan citanten går frå tingstova, stempla som "een omløbende pracher" som er "lidet agtendis".

Vi kan summera opp denne gjennomgangen av omstreifarsakene slik:

- Sakene som blir reiste mot omstreifarar har klare fellestrekk som gjer at det er naturleg å sjå på dei som ei eiga gruppe i den totale mengda av saker om ulovleg tileigning av annan manns eigedom.
- Det faktum at den stemna er omstreifar, har avgjerande innverknad på saksgangen og dommen.
- Når brotsmannen er omstreifar, blir det aldri gjort forsøk på å "omdefinera" tjuveri til "tak" eller eit anna mindre alvorleg brotsverk, eller på anna vis å "dempa" alvoret i brotsverket.
- I omstreifarsakene er saksgangen oftast rask og effektiv. Dei fleste sakene blir førte heilt fram til domsavseiing alt første gong dei kjem opp for retten. – Det hender aldri at ei omstreifarsak fell bort, utan at ho er avslutta, og partane blir heller aldri oppmoda til å inngå forlik.
- Omstreifarane har inga støtte i lokalmiljøet. Det kjem først og fremst til uttrykk ved at det aldri er nokon frå lagretten eller allmugen som forsvarar dei. I nokre saker blir det framført skarpe klagemål mot den stemna, og det hender òg at allmugen ber om at han blir dømd.
- Bygdefolket og styresmaktene har den same, sterkt kritiske haldninga til omstreifarane. Styresmaktene si haldning blir understreka ved at det alltid er futen som stemner desse sakene.
 - Omstreifarane får svært strenge dommar. Dels blir gjeldande lov tolka ut over det rimelege for å kunna idøma så streng straff som mogeleg, dels får brotsmannen også tilleggsstraff utan heimel i lova.
- Dei fleste omstreifarane får ein dom som i sin konsekvens inneber at dei aldri får høve til å koma attende til skipreida der dei blir dømde.

6.7. "... hand derfor ej er grandheffd..."

Den 6. mai 1671 står Magne Michelsen Settere på tiltaleplassen i tingstova i Lindås skipreide,³³³ og den eine etter den andre av bygdefolket står fram med klagemål mot han. Han er stemna av Sønneue Wiche, som påstår at Magne har stole ein sau frå marka hennar, "som Her Lyche Hansen schulle hafue haftt i Vdferd".³³⁴ I tillegg til at Magne har stole frå Sønneue, rammar såleis brotsverket også indirekte presten. Straks Magne har forklart seg om sauene, reiser Lars Settere seg og klagar Magne for at han har stole eit tau frå han.

Magne vedgår ikkje at han er tjuv, men forklaringane han kjem med, er knapt eigna til å styrkja tilliten til han. Om sauene seier Magne at han ikkje har stole han, men at kona hans fann sauene

³³³ Tingbok nr. 12, folio 8 – 8b

³³⁴ Utferd er ei avgift som vart betalt til presten samband med gravferd. NHL, s. 358

drepen "wed gierdisgaarden". Etter at kona hadde bore sauene heim, flådde han sjølv skinnet av han. "Kiødet beholte hand sielff", seier Magne, medan Sonneue tok skinnet igjen då ho fekk vita at Magne hadde sauene. Kona til Magne seier òg at ho fann sauene daud, at det var ein "gieldWejer" og at ho bar han heim. Med omsyn til tauet vedgår Magne at han har "samme styche Taug", men stole det har han ikkje. Han fann tauet ved naustdøra si, påstår han.

Etter Magne si ikkje heilt tillitvekkjande forklaring, kjem presten, som har gått glipp av den gravferdsbetalinga han har rett på, på banen: "Her Lyche wed hans fuldmektig Hans Loss, for Retten protesterit effterdj Magne er befunden met Tiufuerj, hand derfor ej er grandheffd, Men bør at Røme gaarden;...". I dette korte innlegget leverer Hans Loss ei tankerekkje som det er verdt å merka seg: Av di Magne er ein tjuv, er han ikkje grannhæv, og sidan han ikkje er grannhæv, har han tapt retten til å sitja på garden som han bygsjar. Når einkvan blir omtalt som "ikkje grannhæv", tyder det at han har ei framferd eller ein veremåte som gjer at han ikkje blir tolt i grannelaget. Grendehevd karakteriserer det som er godkjent mellom grannar.³³⁵

I følge forordning av 10.11.1544 for Bergenhus len (punkt 1), er eitt av vilkåra for leiglendingen sin rett til å sitja på garden at han er grannhæv.³³⁶ Dei andre vilkåra er at han betalar den årlege landskulda til rett tid, at han syter for akseptabel åbot³³⁷ og at han betaler tredjebyksle. Erik Rosenkrantz recess for Bergenhus len av 22.06.1565 (punkt 6) slår fast at dersom det kan provast at ein leiglending ikkje er grannhæv, skal seks menn ha plikt til å dømme han frå jorda.³³⁸ På herredagen i Bergen i 1578 bad utsendingane frå allmugen om at punkt 6 i Rosenkrantz recess måtte respekterast. Herredagen slår fast at heile recessen skal overhaldast. (Herredagsrecess for Bergenhus len av 25.08.1578).³³⁹

Omgrepet grannhæv blir såleis brukt i offisielt lovspråk, samstundes som det òg er kjent av bygdefolket. Truleg er det tanken om grannhæv-plikta som ligg bak når Otte og Salmon Myrdal blir stemna til vårtinget i Skjold skipreide i 1676,³⁴⁰ sjølv om ikkje ordet er nytta i tingboksreferatet. Det er Mester Hans Daberg som saman med futen stemnar dei to grannane "formedelst slagsmaal och Wforligelighed". Fullmektigen som møter på tinget for Mester Hans "formeente de burde forliges her effter eller hafue deris gaard forbrut". I dette kravet kan han støtta seg til både forordninga av 10.11.1544 og til Erik Rosenkrantz recess.

Det er ikkje ofte vi finn uttrykket "grannhæv" brukt i tingbøkene, men truleg er tankegangen bak uttrykket med og styrer saksgangen i langt fleire saker enn der sjølv ordet er nytta. I sakene som blir reiste mot omstreifarar, er det heilt uaktuelt å snakka om grendehevd. Omstreifarlivet er i

³³⁵ NHL, s. 118

³³⁶ Lover og forordninger 1537 – 1605, s. 34

³³⁷ Åbot er leiglendingen si plikt til å vedlikehalda husa på garden han bygsjar. Ordet blir også nytta om sjølv vedlikehaldet, og om erstatninga som må betalast til jordeigaren om vedlikehaldet blir forsømt. NHL, s. 374

³³⁸ Lover og forordninger 1537 – 1605, s. 91f

³³⁹ Lover og forordninger 1537 – 1605, s. 151 – 155

³⁴⁰ Tingbok nr. 15, folio 15

heile sitt vesen ein klar motpol til det å vera grannhæv, og definitive omstreifarar får knapt nokon sjanse til eventuelt å prova at dei kan vera grannhæve. Folk med "omstreifarliknande livsførsle" er det derimot meir aktuelt å vurderer i høve til fenomenet grendehevd. I tingbøkene møter vi ein del personar som har høyrte til i lokalsamfunnet i skipreida der dei blir stemna, men som har glidd, eller stupt over i eit levesett som gjev dei omstreifarstempel. Dei som er omtalte i tingbøken, møter vi på ulike stadier i denne prosessen. Det er aldri plass til klart grannhæv-stempel og omstreifarstempel på same tid på ein person. Når omstreifar-stempelet festar seg, blir grannhæv-stempelet viska ut.

Gunder Olsen er ein av dei som truleg ikkje lenger blir rekna som grannhæv. Difor får han tjuvstempel, og ingen ber for han, då futen stemnar han til hausttinget i Gulen skipreide i 1668.³⁴¹ Gunder er "barneføed paa Berge her i Schibredet", men han har gått ikring og tigga. Det blir ikkje tolt i lokalsamfunnet, og når han så blir teken for tjuveri, har han stelt seg slik at han misser all støtte i bygda. At tigginga blir tillagt avgjerande vekt, kjem klart fram i tingboksreferatet som opnar med desse orda: "Foegden loed i Rette føre en Tiuf Ved Nafn Gunder Olsen som har gaait om at Trygle,...". Heilt frå starten blir det slege fast at Gunder er ein tjuv og ein omvandrande tiggjar; altså at framferda hans har dei trekk som bygdefolket ser på som dei fremste kjennemerka ved omstreifarane sitt forargelege levesett.

Den konkrete saka han er stemna for, er tjuveri av ei kiste med ein del pengar i. Sjølv veit ikkje Gunder kor mykje pengar som var i kista, men eigaren påstår det var 12 riksdalar. For dette "begagne Tiufuerj" blir han dømd til å stå tre dagar i halsjern, og deretter "straxen at Rømme Bergenhus Lehn, Och aldrig sig der meere at Lade finde". Noko lovtilvising er ikkje oppgitt. Dommen er ikkje i samsvar med konkrete tjuveristraffer i lova av 1604 eller i Store Recess. Dommen kan vera å rekna som arbitrær straff, eller gitt med grunnlag i siste avsnitt i kapittel 1 i tjuvbolken. Her heiter det at den som stel første gong "til en marck fuld verd", har forbrote alt sitt gods, "oc lide slik straff konningens befalingsmand hannem paalegger, oc beholde sit liff".

Ei minst like avvisande haldning møter Beritte Olsdater (nemnd i innleiinga). Futen fører henne fram på tinget i Lindås skipreide, 19. juli 1673.³⁴² Stemning med frist som lova påbyr, er det ikkje tale om. Det har ikkje futen og retten tid til; Beritte må vekk frå skipreida straks, ser det ut til. Brotsverket ho må stå til rette for, har faktisk skjedd same dagen som tinget blir halde, og Beritte blir dømd til å "Rømme Bergenhus Lehn... och aldrig meere lade sig her finde".

Beritte Olsdater er fødd på Qualuognes i Lindås skipreide, og har "altid werit och Tient her ibm: Indtil Vngefehr 2 Aar siden Reigste hun til Alster i Nordland wed Loefoeden". Der var ho i teneste på ein gard, heilt til ho for berre tre-fire dagar sidan kom attende til heimbygda. Her oppsøker ho sokneprest Lyche Hansen og "beKomb en Zedell... huor hun er føed och baaren". Frå

³⁴¹ Tingbok nr. 10, folio 29

³⁴² Tingbok nr. 13, folio 18b

prestegarden dreg ho til Vdlyren "at wille faa sig lejlighed at Komme med til byen". Men på Lyren stel ho to skjorter, "til deel sleden och aff groff strylerrit", frå Gutorm Lyren. Skjortene tek ho med seg til sjøen "Huor Gutormb och fleere grebe hende". Det høver slik at nett denne dagen er det ledingsting på Lyren tingstove. Karane halar Beritte med seg dit, og Gutorm "och fleere gotfolch" vitnar mot henne. I tillegg til at Beritte blir dømd til livsvarig forvising, blir ho truga med å "lide och straffis i Høyeste maader effter Lougen och Recessen", dersom ho viser seg i lenet igjen.

Kvifor denne strenge reaksjonen på grunn av to velbrukte skjorter, og kvifor dette uvanlege hastverket? Beritte har vore borte frå bygda i om lag to år. Truleg har den gjensidige solidaritetskjensla mellom Beritte og heimbygda hennar kolna på desse åra. Av grunnar vi ikkje kjenner, kan den interne solidariteten som til vanleg pregar lokalsamfunnet, ha vore tynnsliten alt før ho reiste. I så fall skjer avkjølinga raskt. Når det så syner seg, straks ho er heimkomen, at ho har lagt seg til uakseptable vanar der nord, ser ikkje lokalsamfunnet nokon grunn til at ho skal reintegrerast i fellesskapen i bygda. Difor finn dei det føremålstenleg at det blir ført ein kort og effektiv prosess mot henne; dei får henne dømd for tjuveri, og får henne ut or bygda.

Tendensar til omstreifarframferd, går raskt ut over statusen som grannhæv. Kva som elles kan føra til at ein person ikkje blir rekna som grannhæv, er det ikkje mogeleg å gjera eksakt greie for. "Slagsmaal och Wforligelighed" kan truleg vera avgjerande moment, slik som det kjem til uttrykk i den før nemnde saka frå Skjold i 1676.³⁴³ I ei sak som vart reist på vårtinget i Lindås i 1655,³⁴⁴ blir dei stemna skulda for at dei "hid indtill haffe leffuit vdj stor Kiff had och Trette med huer Andre". Den av dei to som "hereffter befindes att giffue Aarsag till saadant" vil missa leiglendingsretten og må rømme garden, heiter det i tingboksreferatet. Grunnen må vera at den som syner slik framferd, ikkje blir rekna som grannhæv. Vi må elles rekna med at toleransegrensene har vore varierende. Den stand og stilling ein var fødd til, og den posisjonen ein elles hadde i lokalsamfunnet, var truleg avgjerande for kvar tolegrensa gjekk.

Då Hans Loss proklamerer at Magne Settere ikkje er grannhæv,³⁴⁵ grunngeiv han det berre med at han er "befunden met Tiufuerj". Under ledingstinget, to månader seinere,³⁴⁶ kjem det fram at Magne er skuldig Lyche Hansen for både landskuld og tredjebyggle, og at presten av den grunn meiner Magne har tapt retten til å sitja på garden. Vi må rekna med at presten sin fullmektig hadde Magne si skuld klart i tankar då han påstod at Magne på grunn av tjuveriet ikkje var grannhæv, sjølv om skulda for garden då ikkje vart nemnd. Magne har på førehand, ved ikkje å gjera opp for seg, nærma seg tolegrensa. I den situasjonen er det ikkje så stort steg som skal til, før han trør over grensa – og ikkje lenger blir rekna som grannhæv. Når den grensa blir overskriden, går lokalsamfunnet si umistelege støtte tapt.

³⁴³ Tingbok nr. 15, folio 15

³⁴⁴ Tingbok nr. 5, folio 50

³⁴⁵ Tingbok nr. 12, folio 8b

³⁴⁶ Tingbok nr. 12, folio 21

Noko av forklaringa på at lokalsamfunnet reagerer så ulikt på saker som ser svært like ut, ville vi truleg finna om vi kjende til om aktørane på ymse vis har tært på tolmotet i lokalsamfunnet, for dei gjorde dei brotsverka dei blir stemna til tinget for.

Når det gjeld spørsmålet om kva ulovleg tileigning av annan manns eigedom har å seia for statusen som grannhæv, er det grunn til å tru at det går eit avgjerande skilje mellom det som blir oppfatta som ei eingongshending, og det å leggja for dagen ei tjuvaktig haldning. Anders Knudsen Rise fell truleg i siste kategorien. Då han vert stemna til hausttinget i Lindås i 1679,³⁴⁷ må han svara for tre tjuveri. Han har stole ein kjele frå grannen sin på Rise, "en Vaskalde" på Tuedt i Alfuestrømmen og ei gryte frå ein mann i byen. Då er grensa passert. Det er ikkje tale om ei eingongshending, men snarare om ei uakseptabel haldning. Anders blir difor dømd til "strax at Rømme Bergenhuus lehn og Aldrig lade sig der meere finde". Om det ikkje var for hans "Alderdoms schyld", han er "ofuer 60 Aar gammel", ville han også fått anna straff, i tillegg til forvisinga.

Det er nok ei tjuvaktig haldning retten meiner å finna også hjå Steffen Joensen Øfre Manger. Futen stemnar han først til ei ekstraordinær tingsamling i Radøy skipreide i april 1690,³⁴⁸ og deretter til sommartinget same året.³⁴⁹ Steffen blir skulda for tre tjuveri. Litt før jul stal han "3de af Mangers Kierche Boord, som schulde veret Lagt paa Bø Kierchen". Dessutan har han to gonger lurt seg inn i "prestens drengers Sengebo", og stole verdisaker frå to av prestedrengene. At retten tillegg Steffen ei tjuvaktig haldning, kjem klart fram i domspremissane. Dei konkrete handlingane blir nemnde, og når sorenskrivaren kjem til det tredje punktet, skriv han: "Tredie Sinde hafr hand paa nye øfuet Sine vaanlige Bedrifftter,...".

Tinget si haldning til Steffen kjem fram ved at retten går snarvegen i høve til tjuverikapitlet i lova av 1687. Futen legg ned påstand om kakstryking og brennemerking i panna. Etter lova er dette straffa for tredje gongs "ringe Tyveri". I dommen heiter det at Steffen "til Exempel efter voris Høyst priisseligste Louges egentlige ord Bør at straffis Da som Lougen Siette Boogs 17 Capittel 33: 34: og 35de articul Klarlig formelder, huorLedes tiuffuen for første, anden, og tredie Sinde, øfuede tiuffuerij maa straffis, Saa Eragtis derfor, for Ret, at gedagte Steffen Joensen Øfre Manger Bør for disse hands 3de Sinde øfuede og Sielf vedstaaende Tiufueri at Lide paa Kroppen ved Kagen og Brendes paa Hans røg...".

I strid med intensjonen i lova blir altså Steffen funnen skuldig i tredje gongs tjuveri, endå han ikkje er dømd eller stemna for tjuveri tidlegare. Kva som er forklaringa på at straffa til slutt likevel ikkje blir som for tredje gongs tjuveri (kakstryking og brennemerke i panna), men som for andre gongs tjuveri (kakstryking og brennemerke på ryggen), er ikkje godt å seia. Kanskje straffa er meint som eit kompromiss mellom det retten helst ønskjer og det som det er lovheimel for.

³⁴⁷ Tingbok nr. 18, folio 31

³⁴⁸ Tingbok nr. 24, folio 23 – 24

³⁴⁹ Tingbok nr. 24, folio 35b – 36b

Ikkje i noko av dei sakene som er nemnde her, finn vi teikn til at den stemna får noko form for forsvar eller støtte frå bygdefolket. Negativ karakteristikk eller omtale blir nytta om brotsmannen, og haldninga frå bygdefolket og tinget er avvisande. Sjølv om haldninga desse brotsmennene møter ikkje er like gjennomgripande negativ som haldninga omstreifarane møter, er det likevel klare likskapstrekk mellom desse to gruppene.

7. Det avgjerande er ikkje kva ein gjer, men kven ein er

Ein systematisk gjennomgang av dei 90 sakene om ulovleg tileigning av annan manns eigedom som vart reiste på bygdetinget i dei 11 skipreidene i Nordhordland i perioden 1664 – 1707, syner at sakene blir handsama på svært ulike måtar. Resultatet for dei som blir stemna spenner over heile skalaen, frå full frikjenning eller ordinær erstatning, via bøter i ulik storleik, hudfletting, kakstryking, brennemerking, inndraging av eigedom, bortvising og tvangsarbeid, til dødsdom – og i einiskilde tilfelle med påfølgjande lemlesting og vanæring av brotsmannen sin døde lekam. I mange høve får brotsmannen ein dom der fleire av dei nemnde elementa er med.

Variasjonen i saksgang og dom er større enn det gjeldande lover formelt gjev heimel for. At sakene blir handsama på så ulike måtar, og med så ulike resultat for brotsmannen, kan ikkje forklarast ut frå verdien på gjenstandane som er ulovleg tileigna. Det kan heller ikkje dokumenterast at grunnen til variasjonen i saksgang og dom er å finna i måten sjølve tileigningshandlinga skjedde.

7.1. Verdien på gjenstandane som vart ulovleg tileigna.

Å finna ein påliteleg og meningsfull verdiskala for gjenstandane som vart stolne eller tekne, byr på fleire problem. For eigaren kan gjenstanden ha ein reell verdi som i liten grad er bunden til offisiell pengeverdi, og som vanskeleg kan vurderast etter objektive mål. Dersom den stolne skjorta eller stakken var eitt av dei få klesplagg eigaren hadde, er ikkje skilling eller mark den mest meningsfulle verdiskalaen. Like mykje på sida av livet og kvardagen er det å drøfta kor mykje pengar ein sau er verdt, dersom det ikkje finst mynt i huset, og ein sau frå eller til i buskapen er avgjerande for spørsmålet om ein maktar å livberga familien eller ikkje. I den vidare drøftinga vil eg difor unngå å relatera for sterkt til offisiell pengeverdi.

Eg innleidde med korte resymé av to saker om ulovleg tileigning av skjorter. I tingbøkene finn vi referert ei rekkje saker som omhandlar tjuveri eller tak av klesplagg. Sidan det i desse sakene er tale om nokolunde samanliknbare verdiar, kan det vera naturleg å sjå korleis ein del slike saker blir handsama, og kva dom brotsmannen får.

I 1696 blir gamle Olle Lunde stemna av futen fordi han har stole eit par bukser frå grannen sin. Olle orsakar seg og seier først at han ikkje har stole buksene. Seinare kjem det fram at han nok likevel er skuldig, og han ber "om naade, og lche om Retten". Futen meiner Olle bør dømast for

tjuveri, men lagretten og allmugen ber for han, og saka blir oppheva utan dom.³⁵⁰ Same året vart Marj Jørgensdatter stemna av Anne Maria Tommesdatter Finlas "for et Kniplings tørklæde, Hun for hinde schal have forKommed". Marj blir dømd til å betala Anne Maria fem riksdalar for tørkledet, "samt al Billig anVendte BeKostning".³⁵¹ Niels Brudvik som vart nemnd i innleiinga, slapp òg unna med å betala erstatning og sakskostnader for skjorta han tok frå Olle Aasen.³⁵²

I 1678 stemnar lensmann Anders Bildøen i Sartor skipreide Brite Olsdatter Sør Field for at ho har stole ei kofte og ein kvitel frå han. Kvitelen har ho seinare levert tilbake. Ole Olsen Sør Field møter på vegner av kona si. Han vedgår at Brite har stole kofta "som hand nu hafde paa sig". Brite blir pålagt sjølv å møte fram til neste ting, men saka blir ikkje stemna igjen då, og ho kjem heller ikkje opp seinare. Eit moment som kan ha påverka saksgangen i denne saka, er at det blir sagt at Ole er "syg af spedalschhed".³⁵³

Saka mot Beritte Olsdatter som er nemnd i innleiinga,³⁵⁴ skil seg markert frå alle desse andre sakene om ulovleg tileigning av klesplagg. I sak etter sak ser vi at den som har stukke til seg eit klesplagg eller to, i verste fall blir dømd til å betala erstatning og sakskostnader, medan Beritte Olsdatter blir domfelt på ein resolutt måte og forvist frå lenet på livstid for tjuveri av to gamle skjorter.

På same vis som i sakene om ulovleg tileigna klesplagg som her er trekte fram, er det også i dei andre sakene vanskeleg å finna noko konsekvent mønster i tilhøvet mellom verdien på gjenstandane som er tekne eller stolne og dommen brotsmannen får. Rett nok har ein del av dei som får aller strengast dom, stole gjenstandar av høg verdi. Men då er det gjerne også andre faktorar som medverkar til den strenge dommen; dels at det er tale om fleire tjuveri, dels at dei har gjort seg skuldige også i andre brotsverk, og ikkje minst at dei er omstreifarar.

7.2. Handlingsmønsteret ved sjølv brotsverket

Kan vi finna forklaringa på dei store skilnadene i sakshandsaming og dommar ved å sjå nærare på måten sjølv brotsverkshandlinga skjedde, eller på omstende i tilknytning til handlinga? Som nemnt i kap. 4.7. har til dømes fleire rettshistorikarar peika på at ei ulovleg tileigning får ulik rettsleg karakter, avhengig av om brotsverket skjer hemmeleg eller openlyst.

Tingbøkene for Nordhordland tyder ikkje på at dette momentet vart tillagt avgjerande vekt. I ein del saker blir det rett nok nemnt at brotsverket skjedde om natta. Dette kan ha vore eit skjerpande

³⁵⁰ Tingbok nr. 26, folio 1696: 35 – 35b. Saka er omtalt i kap. 6.3.

³⁵¹ Tingbok nr. 26, folio 1696: 20 – 20b. Saka er omtalt i kap. 6.2.

³⁵² Tingbok nr. 23, folio 90b

³⁵³ Tingbok nr. 17, folio 36b

³⁵⁴ Tingbok nr. 13, folio 18b

moment i eit par av dei saken der det vart idømt strenge tjuveristraffer. Til dømes skjedde to av dei tre tjuveria som Steffen Joensen Øfre Manger vart dømd for, om kvelden eller natta.³⁵⁵ Begge gongene stal han frå drengene på Manger prestegard. Den eine gongen får vi vita at han hadde "Indsneget sig".

Chatrine Olsdatter som vart dømd til kakstryking, brennemerking og livsvarig forvising frå futedømet for to tjuveri, opererte òg om natta.³⁵⁶ Begge gongene stal ho frå ei "Sengeboed". Truleg skjedde det nattestid begge gongene. Den eine gongen er det i alle fall uttrykkeleg nemnt at det var natt. Nokså utførleg blir det skildra korleis ho leita i mørkret til ho fann kista. Både Steffen og Chatrine fekk streng tjuveridom. Men andre moment var truleg like viktige for straffeutmålinga som at handlingane gjekk føre seg om natta. Steffen vart dømd for tre tjuveri og Chatrine for to. Begge gongene Steffen var på prestegarden og stal, braut han opp prestedrengene sine kister. Aller viktigast var det nok at Chatrine var "een Løsgiengersche" og at Steffen truleg ikkje vart rekna som grannhæv.

At brotsverket skjedde hemmeleg og om natta, førte elles ikkje alltid til at det vart dømt som tjuveri. Det syner saka mot Asbiørn Risøen i Lindås.³⁵⁷ I 1667 slapp han unna med ei bot på 1 1/2 mark sølv etter at han "tog Johans Risøens Smaller om Natten hamb Wwitterligt". I ei rekkje andre saker som blir omtalte som ulovleg tak, må tingboksreferatet tolkast slik at brotsverket er utført på hemmeleg vis, sjølv om dette ikkje er uttrykkeleg sagt. Det høyrer med til unnataka at brotsmannen handla openlyst, slik som til dømes Johannes Hatland, då han tok øksa frå Erich Nonaas med makt.³⁵⁸ Niels Ellingsen Tiorre sin framgangsmåte var òg atypisk då han overfall Knud Sørre Tiorre og tok ei gryte frå han.³⁵⁹ I dei fleste sakene er det ingen ting som tyder på at tileigninga gjekk føre seg på ein slik openlys måte. I så fall ville til dømes den stemna sine forsøk på å nekta at han er gjerningsmannen, i mange saker vore temmeleg meiningslaus. Men sjølv om tileigninga er hemmeleg, blir ho ikkje automatisk stempla som tjuveri. I rettshandhevinga på bygdedinget i Nordhordland ser det ikkje ut til at grensa mellom "tjuveri" og "ulovleg tak" nødvendigvis fell saman med grensa mellom openlys og hemmeleg tileigning.

I daglegtale set heller ikkje hemmeleg eller openlys handling klart skilje mellom tjuveri og ran/ulovleg tak. Ein indikasjon på det får vi til dømes i ei sak frå hausttinget i Radøy skipreide i 1704.³⁶⁰ To granneektepar kranglar om noko høyt som den eine mannen har slege på grannen si side av grensemerket. Mogns Hansen møter som vitne, og fortel at "Amuns qvinde Svarede, har di staalet det, sa Kand de nu have det". Replikken er altså referert slik vitnet hugsar at han fall i

³⁵⁵ Tingbok nr. 24, folio 23 – 24 og 35b – 36b. Saka er omtalt i kap. 6.7.

³⁵⁶ Tingbok nr. 29, folio 1705: 71b – 73. Saka er omtalt i kap. 6.6.

³⁵⁷ Tingbok nr. 9, folio 27

³⁵⁸ Tingbok nr. 28, folio 1702: 24b – 25 + tingbok nr. 29, folio 1703: 46b og 1703: 84. Saka er omtalt i kap. 5.1

³⁵⁹ Tingbok nr. 22, folio 1685: 3

³⁶⁰ Tingbok nr. 29, folio 1704: 35b – 35

ein krangel mellom grannar ute på marka. Ingen ting tyder på at den ulovlege høyslåttan skjedde på ein fordekt måte. Tvert om vedgår den skuldige ope at han "med uwillie verch" har slege over grensemerket.

Ei vitneutsegn frå sommartinget i Radøy same året gjev òg eit interessant glimt av korleis orda "tag" og "tyv" kan bli brukte i daglegtale. Magne Qvame har stemna Johannes Qvidsteen "formedelst hand hafver beschyldt hannem for at hafve taget een gied nemlig een fior Kille fra hannem". Michel Qvidsteen er stemna som vitne. Han fortel at "den tid hørte hand at Johannes talte til Magne, och sagde du har taget min gied til dig som ingen Ærlig mand, och den som tager andens gods er iche bedre end een tyv".³⁶¹

Tingbøkene for Nordhordland tyder på at ein korkje på tinget eller i daglegtale alltid opererer med eit så absolutt skilje mellom tak/ran og tjuveri som rettshistorikarar som Brandt³⁶² og Skeie³⁶³ reknar med. Men skiljet finst, og kan, når ein finn det tenleg, bli aksentuert og utnytta for eit gitt føremål. Det er det som skjer i saka som Rønils Qualuog reiser mot Joen Qualuog i 1665.³⁶⁴ Rønils stemnar grannen for at han "schal taget nogele fische Linner fra hannem". På tinget blir Rønils spurd om han "lagde Joen Tiuffsag tilfor Linnerne". Til det svarar han nei. Han har berre høyrte at andre har sagt så. Rønils stemnar altså Joen for at han har teke linene, men det er ikkje det same som at han tjuvkjenner han. Denne korte replikkvekslinga syner at tinget er medviten om at tak og tjuveri er prinsipielt ulike brotsverk, og at ein ved måten ein ordlegg seg på i stemninga, kan ha avgjerande innverknad på saksgangen og utfallet av saka.

Det vi i denne samanhengen kan slå fast, er at det ikkje er måten sjølve handlinga skjer på eller omstenda kring denne som avgjer korleis sakshandsaminga blir eller kva dom brotsmannen får.

7.3. Tilhøvet mellom brotsmannen og lokalsamfunnet

Nøkkelen til å skjønna tinget si handsaming av sakene om ulovleg tileigning av annan manns eigeendom, ligg i at ein ikkje fokuserer for sterkt på sjølve brotsverket eller på verdien av det som blir teke eller stole, men heller er merksam på kven brotsmannen er, og på kva haldning lokalsamfunnet og tinget har til denne personen. Alle har ein eller annan posisjon i høve til lokalsamfunnet; forma ut frå andre faktorar enn den konkrete handlinga som fører til stemning. Når ein person så gjer seg skuldig i eit brotsverk, blir dette vurdert og tolka i lys av kven personen er og kva ein kan gjera rekning med frå ein slik person. Sett litt på spissen kan vi seia at

³⁶¹ Tingbok nr. 29, folio 1704: 11b – 13

³⁶² Brandt 1883, s. 97 og 105

³⁶³ Skeie 1937, s. 175

³⁶⁴ Tingbok nr. 7, folio 23b – 24

hovudsaka ikkje er kva ein gjer, men kven ein er. Av sakene, slik dei er presenterte i kap. 6, går det tydeleg fram at personen er i fokus, ofte meir enn det vedkomande har gjort. Sakene er så mange og mønsteret så klart og overtydande at det ikkje kan forklarast som tilfeldige samantreff.

Særleg tydeleg er dette i omstreifarsakene, der det aldri løftar seg ei royst til forsvar for den stemna. På andre sida finst det mest ikkje grenser for kor mange og alvorlege brotsverk ein person kan gjera seg skuldig i utan å bli endeleg bortstøytt, dersom først lokalsamfunnet held si hand over han. Soga om Hoffuer Rachnes i Hosanger skipreide er eit tydeleg døme på det. Første gongen vi møtet Hoffuer på tinget, blir han stemna saman med far sin av di dei to har roke saman i slagsmål i Hoffuer sitt bryllup.³⁶⁵ Seinare er han ein gjengangar på tinget i Hosanger – i kring 40 år.³⁶⁶ Dei mest alvorlege brotsverka har Hoffuer stått til rette for i Bergen. Desse sakene finn vi difor ikkje refererte i tingbøkene for Nordhordland.

Eit glimt av dei får vi likevel, for til hausttinget i Hosanger i 1689³⁶⁷ stemnar lensmann Lars Mundal i Alenfitt skipreide Hoffuer "for giæld nemlig 11 rdr I 20 aars tid, som Lars hannem schal hafve Laant, til at af legge Sin tiuf Sager med, og der fore til datto Ingen Betalling nøt". Tre gonger har Lars Mundal betalt Hoffuer fri i samband med tjuveri, første gongen for 20 år sidan, og siste gongen for om lag eitt år sidan, men Hoffuer "Sagde lche at Werre schyldig til Lars Mundal noget". Då tykkjer Lars Mundal at Hoffuer går over streken. Han "Begierte desse ord maate Indføres, nembnlig det Hofver schal Werre Een Løgner". Mundal krev også at Hoffuer "vdj forwaring maatte forblifve" til saka kan bli teken opp att. Heilt utan reaksjon slepp ikkje Hoffuer unna. Han blir arrestert, men kausjonert for. I 40 år har dei tolt han og hindra at han fekk ein dom som innebar endeleg bortstøyting, trass i at han har gjort seg skuldig i ei rekkje brotsverk som kvar for seg er langt meir alvorlege enn til dømes å stela to gamle skjorter, som Beritte Olsdatter vart forvist frå lenet for.

Ei sak frå Arna skipreide i 1704 illustrerer òg kor lett dei skuldige kan sleppa unna sjølv eit temmeleg alvorleg tjuveri når dei stemna er personar som lokalsamfunnet og retten ønskjer å verna.³⁶⁸ Tenestejenta Eli Olsdatter har stole pengar frå husbonden Ole Mielcheraaen, og grannejenta Ane Johansdatter "har veret med i denne gieming". Ole hadde pengane liggjande i eit

³⁶⁵ Tingbok nr. 7, folio 26 og tingbok nr. 8, folio 22

³⁶⁶ Tingbok nr. 8, folio 10

Tingbok nr. 11, folio 29

Tingbok nr. 13, folio 10

Tingbok nr. 14, folio 25

Tingbok nr. 16, folio 9b – 10 og 18 – 18b

Tingbok nr. 17, folio 10

Tingbok nr. 22, folio 1685: 23

Tingbok nr. 23, folio 11 og 87b – 88b

Tingbok nr. 24, folio 8 – 8b, 11 – 12 og 40 – 41b

Tingbok nr. 27, folio 1699: 5 og 1699: 24b

Tingbok nr. 29, folio 1704: 16

³⁶⁷ Tingbok nr. 23, folio 87b – 88b

³⁶⁸ Tingbok nr. 29, folio 1704: 21b – 22b og 1704: 57b – 59

lite skrin. Han meiner 14 riksdalar er bortkomne; jentene seier dei ikkje har teke meir enn 9 riksdalar, 4 mark og 2 skilling. Under saka kjem det fram at jentene ikkje har teke alle pengane på ein gong, "mens etter haanden som de saag leylighed till da Ole iche var hiemme". Om retten ville, kunne såleis jentene blitt skulda for å ha synt vedvarande vondt forsett eller ei tjuvaktig haldning (jfr. kap. 6.7.). Men det vil retten slett ikkje. Initiativet til å reisa saka kjem heller ikkje frå lokalsamfunnet. Det er futen som stemnar, og han meiner jentene bør "lide tilbørlig domb och straf etter Loven". Vi får ei detaljert utgreiing om korleis jentene gjekk fram då dei tok pengane, og om kven av dei som hadde initiativet for kvart steg i handlingsgangen. Vekselvis blir det sagt at dei har "taget" og "staalet" pengane.

Då saka kjem opp andre gongen, legg Eli fram to attestar.³⁶⁹ Den eine er frå "dend hederlige mand Herr Johan Madsen", den andre frå førre husbonden hennar – som begge "i alle maader gifver hende got rychte och widnisbyrd om, før hun nu er Kommen udi denne forseelse". Det blir presisert at dommen blir avsagt "med Laugrettets Raadføring och Sambtyche". Sjeldan finn vi ein dom der det kjem så tydeleg til uttrykk at det er retten si positive haldning til dei stemna som avgjer saka, og der sjølve brotsverket mest blir gjort om inkje. Eg vel difor å ta med heile dommen: (Den delen av dommen som gjeld dei to jentene. Ane sine foreldre er òg involverte i saka, men den delen av dommen som gjeld dei, held eg utafor.)

"Denne forseelse begaaet af de tvende umyndige Piger Ellen Olsdatter och Anne Johansdatter imod Ole Mielcheraaen: idet de ere Kommen over hans nøgel, Som hand iche vel hafde forvaret under laas eller luchelse, och der med oplugt hans Schrin udi hans fraverelse och udtaget saamange penge, som de for Retten Self har bekient och indleveret nemblig 9 Rixdlr 4 march 2 Schilling: Anseeis at Wære Schied af ungdoms daarlighed och uforstand, och som dette er dend første gang disse umyndige Piger udi denne utroschabs gierning er befunden, och de ellers haver it got Schudsmaal baade af Almuen och andre troværdige vidnisbyrd, at de aldrig tilforn saadan forseelse eller usømmelighed om dem haver hørt, hvorfor de och alle bad for dem denne gang for haard straf at forSchaanis. Da effterdi Elli Olsdatter och Anne Johansdatter ere endnu unge uforstandige och umyndige piger, som ey anderledis Kand anseeis end børn, Ti dømmis de for denne forseelse til straf denne gang saaledis, at deris foreldre eller husbond for denne gierning bør Scharpelig refse och straffe dem med hug til een alvorlig paamindelse iche oftere at Komme Saaledis igien, och blifver de saaledis denne Sinde for widere straf befriede;..."

³⁶⁹ "Under rettergangen spilte skussmålet i formen rolle som bevismiddel, men faktisk hadde det ofte samme virkning som en dom," skriv J.A.Seip. Seip 1957/1981, s. 145. Fenomenet Seip uttalar seg om i denne samanhengen, er det skottsmålet allmugen gav ein person på tinget. Ein skriftleg attest frå "danne-menn" er ikkje det same som allmugen sitt skotsmål. Men denne saka syner at også attestar frå einskildpersonar kan bli tillagd vekt. Det at attestane er blitt framskaffa, fortel at jentene (eller helst andre som assisterer dei) meiner å ha grunn til å tru at retten vil ta omsyn til vitnemålet frå attestantane. Domspremissane syner at det også skjedde.

Eitt av argumenta for at jentene ikkje får anna straff enn at dei føresette skal "Scharpelig refse och straffe dem med hug", er at dei er unge og umyndige. Men ung alder hjelper ikkje alle som blir stemna. Henrich Knudsen er berre 14 år, men blir likevel dømd til fire års tvangsarbeid "paa en fischeleyer i Nordland". Brotsverket hans er at han "hafuer sine forældre efterful", og foreldra hans er omstreifarar.³⁷⁰ Michel Gregorisen er òg 14 år. Han blir dømd til å "tienze i Manufactur Huussed trende aar". Den dommen blir endåtil avsagd "med vores Welbaarne Herr Laugmans Raadføring".³⁷¹

Tinget sin motstand mot å tjuvkjenne personar som blir tekne for ulovleg skogshogst (jfr. kap. 5.1.), er òg med og understrekar konklusjonen om at spørsmålet om kven den stemna er, blir tillagt avgjerande vekt. Det er ikkje omstreifarar som gjev seg i kast med tømmerhogst i annan manns skog; det er grannhæve bygdefolk som treng nokre stokkar til husavøling eller nytt smalhus.

7.4. Mål og medviten strategi

Det avgjerande for måten tinget handsamar sakene om ulovleg tileigning er, som vi har sett, den stemna sitt tilhøve til lokalsamfunnet. Det er dette tilhøvet som bestemmer den grunnleggjande haldninga som pregar heile saksgangen, og som gjev retning for utfallet. På eine ytterkanten finn vi omstreifarar og personar som ikkje er grannhæve. Desse er det om å gjera for lokalsamfunnet å kvitta seg med. Andre som blir stemna, kan rekna med varierende grad av engasjement frå lokalsamfunnet. Men det avgjerande skiljet går mellom dei som høyrer til i lokalsamfunnet, og som tinget, med Braithwaite sin terminologi, ønskjer å reintegrera, og på andre sida dei som ein ønskjer å stigmatisera og støyta bort for godt. Tinget syner seg som tenleg reiskap for begge føremål. Kort kan vi seia at ut frå den stemna sitt tilhøve til lokalsamfunnet blir det sett eit mål for sakshandsaminga. Ut frå dette målet blir strategien lagd.

Enklast er strategien når målet er å kvitta seg med brotsmannen. Han blir stemna for tjuveri, og ingen forsvarar han, slik vi har sett det i kap. 6.6. og 6.7. Når målet er å reintegrera den stemna, kan ein velja ulike strategiar. Det avgjerande for valet er kva metode som i kvart tilfelle er best eigna til å tena saka. Ein strategi som ofte blir nytta er å ikkje stemna brotsmannen for tjuveri, men for ulovleg tak (kap. 6.1.). Ein liknande strategi er å nytta andre språklege krumspring for å unngå å stempla brotsverket som tjuveri (kap. 6.2.). Andre strategiar er å syta for at brotsverket blir offentleg omtalt på tinget, utan i eigentleg forstand å reisa sak (kap. 6.4.), eller å reisa sak, men styra saksgangen slik at ho blir avslutta utan dom (kap. 6.5.).

³⁷⁰ Tingbok nr. 12, folio 24 – 28b

³⁷¹ Tingbok nr. 22, folio 1686: 62 – 63 og 1686: 67b – 68


Er det rimeleg å tru at folk i lokalsamfunnet hadde så god kunnskap om lovgjeving og rettspraksis at dei var i stand til å nytta tinget på ein så målretta måte som eg her har gjort greie for? Den einskilde citanten i kvar sak hadde kanskje ikkje den kunnskap og innsikt som trongst. Men vi må rekna med at kunnskapen fanst i lokalsamfunnet. Når det i dette lokalsamfunnet vart kjent at einkvan var utsett for ulovleg tileigning, så var dette ei sak som ikkje galdt berre den eine, men heile bygda. Den kunnskap og innsikt om lover og rettspraksis som fanst i lokalsamfunnet, vart difor mobilisert, uavhengig av kor stor innsikt den eine personen hadde.

Med kva rett kan ein hevda at ein slik kunnskap om lov og rettspraksis fanst i lokalsamfunnet? Vi har tidlegare sett at dei lange linjene i lovgjevinga om ulovleg tileigning ber preg av stor stabilitet. Det inneber at rettspraksis festa seg og var stabil over lang tid. Sakene om ulovleg tileigning vart reiste så pass ofte at minnet om dei ikkje fekk tid til å gå i gløymeboka. Ein del av allmugen møtte fram på tingsamlingane og følgde med i saksgangen, og det som gjekk føre seg der var allemannseige, slik at det som var viktig vart kjent, også for dei som ikkje sjølv var med i tingstova. Vi kan difor rekna med at nødvendig innsikt i lovgjeving og rettspraksis hørde med til den kollektive kunnskapen som fanst i lokalsamfunnet.

Det at bygdetinget har så stor kontinuitet er òg i vesentleg grad med og styrkjer lokalsamfunnet og tinget sin kompetanse i å styra saksgangen og utnytta det spelerommet som finst. Som vi har sett (kap. 2.2.) har både sorenskrivarane og dei fleste lensmennene lang tenestetid på tinget. Like eins har mange lagrettemenn til langt fram på 1700-talet røyntle frå ei rekkje tingsamlingar. Desse mennene er for ein stor del representantar for bygdeeliten,³⁷² og er mellom dei fremste berarane av den kollektive kunnskapen og kompetansen i lokalsamfunnet. Når situasjonen tilsa det, vart denne kompetansen mobilisert for å tena lokalsamfunnet sine interesser.

³⁷² Myking 1996, s. 183

Skipreideinndelinga Nordhordland sorenskriveri



Skipreidene i Nordhordland sorenskriveri. Kartet byggjer på skattematrikkelen 1647. Etter Brekke 1993 / Dobbe 1995.

Kjelder

Tingbøkene nr. 6 – 30 for Nordhordland sorenskrivardøme (tingbøkene for perioden 1664 – 1707).
Startsarkivet i Bergen. Sorenskrivaren i Nordhordland. Dataversjon av tingbøkene, utført ved
Ættehistorisk institutt

(Nærare oversyn over tingbøker og lakuner på neste side.)

Lover og lovsamlingar

Magnus Lagabøters Landslov. Omsett av Absalon Taranger. 1915.

Kong Christian den fjerdes Norske Lovbog af 1604. Udgiven af Fr. Hallager og Fr. Brandt. 1855.
Norsk historisk kjeldeskrift-institutt. Den rettshistoriske kommisjon. 1981.

Christian den fjerdes recess 1643. Den rettshistoriske kommisjon. 1981.

Kong Christian den femtes Norske Lov 15de april 1687 med kongeloven 1665. Universitetsforlaget
1982.

Winge, Harald (red.). 1988. Lover og forordninger 1537 – 1605. Norsk lovstoff i sammendrag.

TINGBØKER FOR NORDHORDLAND 1664 – 1707		LAKUNER
Tingbok nr. 6	1664	
Tingbok nr. 7	1665	
Tingbok nr. 8	1666	
Tingbok nr. 9	1667	
Tingbok nr. 10	1668	
Lakune		
Tingbok nr. 11	1670	
Tingbok nr. 12	1671	
Lakune		
Tingbok nr. 13	1673	
Lakune		
Tingbok nr. 14	1675	
Tingbok nr. 15	1676	
Tingbok nr. 16	1677	
Tingbok nr. 17	1678	
Tingbok nr. 18	1679	
Tingbok nr. 19	1680	
Tingbok nr. 20	1681	
Tingbok nr. 21	1682	
Lakune		01.01.1683 – 23.07.1685
Tingbok nr. 22	24.07.1685 – 31.12.1687	
Lakune		1688
Tingbok nr. 23	1689	
Tingbok nr. 24	1690	
Lakune		1691 – 1693
Tingbok nr. 25	1694 + 1 ekstraord. tings. 24.01.1695	
Lakune		25.01.1695 – 17.06.1696
Tingbok nr. 26	18.06.1696 – 15.10.1697	
Lakune		16.10.1697 – 31.12.1698
Tingbok nr. 27	1699 – 1701	
Lakune		01.01.1702 – 02.10.1702
Tingbok nr. 28	03.10.1702 – 28.05.1704	
Tingbok nr. 29	06.06.1704 – 26.08.1705	
Tingbok nr. 30	08.09.1705 – 23.06.1707	
Lakune		24.06.1707 – 28.02.1709

Litteratur

- Braithwaite, John. 1989. *Crime, shame and reintegration*. Cambridge
- Brandt, Fr. 1880. *Forelæsninger over den norske Retshistorie*. Del I
- Brandt, Fr. 1883. *Forelæsninger over den norske Retshistorie*. Del II
- Breistein, Dagfinn. 1984. *Sorenskrivaren i Nordhordland opp gjennom tidene*. Del I. *Frå Fjon til Fusa*. 1984
- Brekke, Nils Georg (red.). 1993. *Kulturhistorisk vegbok. Hordaland*.
- Danielsen, Rolf, Ståle Dyrvik, Tore Grønlie, Knut Helle og Edgard Hovland. 1991. *Grunntrekk i norsk historie fra vikingtid til våre dager*.
- Dobbe, Jorunn. 1995. *Blant granner og myndigheter. Konfliktløsning og disiplinering på bygdetinget i Nordhordland 1642 – 55*. Hovedoppg. Bergen.
- Erichsen, Bodil Chr. 1993. *Kriminalitet og rettsvesen i Kristiania på slutten av 1600-tallet*. Hovedoppg. Oslo.
- Erichsen, Bodil Chr. (red.) 1994. *Rettspraksis 2:94*
- Erichsen, Bodil Chr. 1996. *Tyveri og straff i Norge på 1600-tallet*. *Rettspraksis 1:96*
- Fladby, Rolf. 1963/1981. *Fogdens rolle i et forvaltningssystem under omskaping*. I Steinar Imsen (red.) *Norske historikere i utvalg VII*.
- Fladby, Rolf, Steinar Imsen og Harald Winge. 1974/1975. *Norsk Historisk Leksikon (NHL)*
- Gjellebøl, Reier. 1800. *Beskrivelse over Sætersdalen*. Prenta i Topographisk Journal for Norge 7.
- Hansen, Torleif. 1993. *Bergen lagting som straffedomstol i appellsaker 1702 – 1737*.
- Holmsen, Andreas. 1938/1961. *Norges historie fra de eldste tider til 1660*.
- Hjelmtveit, Nils. 1956. *Futane i Nordhordland*. Del I. *Frå Fjon til Fusa*. 1956
- Kiil, Alf. 1969/1987. *Arkivkunnskap*
- Knutsen, Gunnar W. 1996. *Trolldomsprosessene på Østlandet*. Hovedoppg. Oslo
- Liliequist, Jonas. 1994. *Kostnadsansvar för rättegångar, fängslande och bestraffningar i 1600- och 1700-talens Sverige*. I *Rettspraksis 2:94*. Oslo
- Løyland, Margit. 1992. *Slagsmål, leiermål og botelagte egder 1600 – 1700*. Hovedoppg. Oslo.
- Marthinsen, Liv (red.). 1991. *Tingboka som kilde*.
- Myking, John Ragnar. 1996. *Lagrettemenn og bygdeelite ca. 1650 – 1750*. Eit eksempel frå Nordhordland. *Heimen 33*
- Natvik, Oddvar. 1989. *Brotsatferd i Sogn og Sunnfjord på 1600-talet*. Hovedoppg. Oslo.

- Næss, Hans Eyvind. 1981. Sorenskriverens tingbøker fra 1600 – 1700-tallet som historisk killemateriale. *Heimen* 18.
- Næss, Hans Eyvind. 1982. *Trolldomsprosessene i Norge på 1500 – 1600-tallet*.
- Næss, Hans Eyvind. 1985. «straffes på livet andre til eksempel og forskrekkelse». Kriminalitet og bruk av dødsstraff i Rogaland på 1600-tallet. *Heimen* 22
- Næss, Hans Eyvind. 1994. Kriminalitet og kategorier. *Rettspraksis* 2:94
- Robberstad, Knut. 1943. *Fyresningar um rettssoga i millomalder og nytid*. Del I
- Sandmo, Erling. 1991. Tingets tenkemåter: Kriminalitet og rettssaker i Rendalen, 1763 – 97. *Historisk Tidsskrift* 2:1991
- Sandmo, Erling. 1992. *Tingets tenkemåter. Kriminalitet og rettssaker i Rendalen, 1763 – 97*. Hovudoppg. Oslo.
- Sandmo, Erling. 1994. Æren og ærekrenkelsen. I *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550 – 1850*.
- Sandnes, Jørn. 1990. *Kniven, ølet og æren. Kriminalitet og samfunn i Norge på 1500- og 1600-tallet*.
- Seip, Jens Arup. 1957/1981. *Ting og stevne i Rogaland*. I Steinar Imsen (red.) *Norske historikere i utvalg VII*.
- Skeie, Jon. 1910. *Om ærekrænkelser efter norsk ret*.
- Skeie, Jon. 1937. *Den norske strafferett*.
- Telste, Kari. 1993. *Mellom liv og lov*. Hovudoppg. Oslo.
- Tønnesson, Kåre (red.). 1994. *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550 – 1850*. Rapport II frå Det 22. nordiske historikarmøte, Oslo. 1994.
- Weisser, Michael R. 1979. *Crime and Punishment in Early Modern Europe* (Hassock).
- Winge, Harald (red.). 1988. *Lover og forordninger 1537 – 1605*.
- Österberg, Eva. 1991. Brott och social kontroll i Sverige från medeltid til stormaktstid. Godtycke och grymhet – eller sunt förnuft och statskontroll? *Historisk Tidsskrift* 2/1991.
- Österberg, Eva. 1994. Normbrott och rättspraxis i Norden under förindustriell tid. Problem och positioner. I *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550 – 1850*.
- Ågren, Maria og Kenneth Johansson. 1994. Ekonomiska brott och egedomsbrott. I *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550 – 1850*.